



# Arbeidsprogram for Raudt 2025–2029



# Kamp mot Forskjells-Noreg

For Raudt er kampen mot klasseskilja i Noreg og verda den aller viktigaste. Heile dette arbeidsprogrammet tek mål av seg til å kjempe mot Forskjells-Noreg: å redusere forskjellar i makt, inntekt, rikdom, moglegheiter og fridom som er innbakt i det nasjonale og det internasjonale klassesamfunnet, og som blir forsterka av geografisk sentralisering. Klasseskilja speglar seg òg av i store og aukande forskjellar i helse, livskvalitet og forventade levealder mellom sosiale lag.

Raudt jobbar for eit samfunn som er meir demokratisk enn det er i dag – eit samfunn der dei store avgjerdene blir tekne i fellesskap. Vi kallar dette eit sosialistisk samfunn. Visjonen til Raudt er å fjerne klasseskilja og dermed også klasseundertrykkinga der ein liten overklasse har avgjerande makt over livet til folk flest på vesentlege samfunnsområde. Dette arbeidsprogrammet viser den konkrete politikken til Raudt i dagens situasjon, ein politikk som både er mogleg å gjennomføre i dag dersom ei sterk nok folkerørsle står bak han, som er radikal nok til å utfordre rammene til kapitalismen, og som peikar i retning av sosialisme.

Dette gjennomsyrrar politikken vår på alle felt, og alle kapittel i programmet, fordi klasseskilje, kjønnsforskjellar og geografiske forskjellar oppstår og blir forsterka gjennom ulike institusjonar i samfunnet og må kjempast mot med politiske løysingar i dei same institusjonane. Samtidig trugar kapitalismen og jakta på evig vekst både naturen og klimaet. Natur- og klimakrisa krev ei radikal kursendring. Raudt kjempar for å få ned forskjellane og utsleppa samtidig som vi står for ein rettferdig miljøpolitikk. Raudt jobbar òg for internasjonal solidaritet, mot rasisme og for ein solidarisk flyktningpolitikk.

Arbeidsprogrammet til Raudt for 2025–2029 inneheld den konkrete politikken Raudt går til val på i stortingsvalet i 2025, og som vi vil jobbe for å få mest mogleg gjennomslag for. Både i den kommande fireårsperioden på Stortinget, men også elles i samfunnet, i fylkes- og kommunestyre, i bydelsutval og gjennom, og i samarbeid med, aksjonar, alliansar og rørsler. Det er eit radikalt og realistisk program som viser korleis vi kan kjempe mot aukande klasseskilje, flytte makt frå toppen til oss alle, utvide demokratiet, fremje fred og solidaritet, og sikre framtida ved å ta vare på natur og kutte utslepp på ein rettferdig måte.

Det er eit program som viser at vi ikkje treng å avgrense oss til valet mellom nedbygginga til høgresida og bevaringa til sosialdemokratiet. Det er mogleg å byggje ut fellesskapet med nye velferdsreformer for folk flest, eit sterkare sikringsnett for dei som ikkje kan eller får arbeide, meir solidaritet og ein aktiv distrikts- og næringspolitikk som gir arbeid og verdiskaping i heile landet. Vi har eit val om kva samfunn vi ønskjer oss. Vi må ikkje ha eit samfunn der dei på toppen får alt dei peikar på, og slepp unna dugnaden. Vi kan saman stå imot eigarar og sjefar som vil utnytte arbeidsfolk, velferdsprofitørar som vil ha sugerør i felleskassa, storkapital som vil byggje ned natur, og krig og overnasjonale styresmakter som vil styre oss.

Noreg er rikt på naturressursar, som historisk har gitt grunnlag for sysselsetjing, busetjing, verdiskaping og velferd i heile landet. Ein føresetnad for dette er at vi ikkje gir frå oss sjølvråderett og haustingsrett. Vi må styrkje den nasjonale demokratiske kontrollen over ressursane. Folk og fellesskap må sitje igjen med meir av verdiane som blir skapte. Det som forandrar maktforhold, er brei folkeleg mobilisering av aktive menneske som organiserer seg. I eit kapitalistisk samfunn vil ikkje klasseskilja forsvinne, men heldigvis kan vi forandre styrkeforholda og skape forbetringar dersom vi står saman om det. Vi kan seie ja til eit vendepunkt i kampen mot Forskjells-Noreg.

Dette programmet er vedteke på landsmøtet til Raudt 28. februar til 2. mars 2025.



# Innhald

|                                                     |       |                                                |        |
|-----------------------------------------------------|-------|------------------------------------------------|--------|
| Kamp mot Forskjells-Noreg                           | s. 2  | Varehandel                                     | s. 61  |
| Økonomi                                             | s. 4  | Fiskeri                                        | s. 62  |
| Eit organisert arbeidsliv                           | s. 9  | Jordbruk                                       | s. 65  |
| Profittfri velferd                                  | s. 13 | Kvinnekamp                                     | s. 68  |
| Helse                                               | s. 14 | Bustad                                         | s. 71  |
| Styrking av barnevernet og rettane til barn og unge | s. 20 | Distriktpolitikk                               | s. 73  |
| Eldrepolitikk                                       | s. 22 | Folkestyre og ytringsfridom                    | s. 75  |
| Barnehage                                           | s. 24 | Antirasisme                                    | s. 77  |
| Skule                                               | s. 26 | Urfolksrettar og nasjonale minoritetar         | s. 78  |
| Fagskular, høgskular, universitet og forskning      | s. 30 | Skeiv politikk                                 | s. 81  |
| Trygder og Nav                                      | s. 32 | Rettar for menneske med funksjonsnedsetjingar  | s. 83  |
| Fattigdom                                           | s. 34 | Ungdom                                         | s. 84  |
| Barn og familie                                     | s. 35 | Digitalpolitikk                                | s. 85  |
| Pensjon                                             | s. 36 | Mot imperialisme og krig                       | s. 86  |
| Klima                                               | s. 38 | Militær og sivil beredskap                     | s. 88  |
| Natur                                               | s. 40 | Internasjonale handels- og investeringsavtalar | s. 90  |
| Forbruk, avfall og forureining                      | s. 44 | Internasjonal solidaritet                      | s. 92  |
| Samferdsel og kollektivtransport                    | s. 47 | Flyktningar, asyl og innvandring               | s. 95  |
| Dyrevelferd                                         | s. 51 | Justispolitikk og førebygging                  | s. 97  |
| Industri                                            | s. 53 | Kultur                                         | s. 100 |
| Olje og gass                                        | s. 57 | Idrett                                         | s. 103 |
| Kraft                                               | s. 59 | Spelpolitikk                                   | s. 104 |



# Økonomi

Klasseforskjellane aukar, både i Noreg og i resten av verda, og ein stadig større del av rikdommen i verda blir samla på stadig færre hender. Dei som eig kapital, har hatt ei avkastning, eller fortjeneste, som overgår den generelle økonomiske veksten, og arbeidsfolk sit att med ein mindre del av kaka no enn før.

Spesielt i arbeidslivet har politiske angrep på opparbeidde rettar svekt makta til arbeidsfolk i møte med arbeidsgivarar og eigarar, og frisleppet av bemanningsbransjen har gjort det vanskelegare å byggje ei kraftig fagrørsla. I skattepolitikken har skatt på bedriftsoverskot blitt kutta og skatt på arv blitt fjerna, medan flate avgifter har auka. Dei aller rikaste betalar under halvparten av skatt på inntektene sine av det arbeidsfolk med vanleg inntekt gjer. I velferda har kommersielle aktørar sloppet til med lønnspress som forretningsidé, og det er gjennomført ei rekkje større reformer som har fått store konsekvensar for arbeidsfolk, slik som pensjonsreforma. Mange har usikre jobbar med låg lønn, og nokre må ha fleire jobbar for å få endane til å møtast. Innstrammingane i innleigeregelverket og forbodet mot innleige for byggjebansjen i Oslo, Viken og Vestfold var ein viktig del i å reversere denne utviklinga, og viser at det er mogleg å byggje alliansar og motkrefter for ein politikk som byggjer makt bak krava til det store fleirtalet, og som byggjer ein sterkare fellesskap. Det er avgjerande å forsvare desse sigrane, både mot høgrepartia og mot EU.

Vi ser òg korleis den omsynslause rovdrifta til kapitalismen på natur og miljø har begynt å få dramatiske følgjer. Kapitalismen kan ikkje fungere utan evig vekst, men evig vekst er umogleg i ei verd der tilgangen på ressursar er avgrensa. Om vi skal kunne sørge for at verda er ein leveleg stad for kommande generasjonar òg, må vi erstatte kapitalismen med eit økonomisk system som kan fungere utan økonomisk vekst, ein sosialistisk og demokratisk økonomi som sørger for at den nødvendige reduksjonen i forbruk og utslepp blir gjort på ein rettferdig måte. Globaliseringa av kapitalismen har ført til at arbeidarklassen i ulike land må styrkje samarbeidet. Raudt vil arbeide for ei slik auka internasjonalisering av fagrørsla.

## Kamp mot Forskjells-Noreg

Politikken til Raudt for denne fireårsperioden baserer seg på prinsipp som vi meiner kan redusere forskjellane her og no:

- a) Sterke fagforeiningar som organiserer arbeidsfolk i interessekampar mot kapitaleigarar, og som sikrar ei meir rettferdig fordeling av verdiskaping gjennom lønns- og arbeidsvilkår.
- b) Universelle profittfrie velferdsgode som er finansierte i fellesskap, og som er tilgjengelege for alle, både fattig og rik, i by og bygd og uavhengig av kjønn, hudfarge, seksualitet og religion.
- c) Eit omfordelende skattesystem der dei som har mest, bidreg mest til fellesskapet og hindrar at milliardærar kan reise frå rekninga ved å melde flytting til utlandet.
- d) Arbeid til alle som kan jobbe, og ei inntekt å leve av i alle fasar av livet.
- e) Nasjonal eigarskap til infrastruktur og sentrale selskap i økonomien.
- f) Nasjonal kontroll over krafta vår og ein makspris på straum for hushald, industri og næringsliv.
- g) Forsvare, forsterke og fornye folkestyret med meir openheit og demokrati slik at det sikrar innsyn og gir vanlege folk meir kollektiv makt

## Demokratisering av økonomien

Raudt ønskjer meir demokrati, også i økonomien. Det inneber at vi må eige meir av dei viktigaste økonomiske aktivitetane i samfunnet i fellesskap, fordi eigarskap er makt til å bestemme og ein måte å sikre at verdiskapinga tilkjem fellesskapet på. Dette gjeld mellom anna naturressursar og ein sentral infrastruktur. Å eige i fellesskap kan tyde eigarskap gjennom staten, kommunen, på arbeidsplassen, i lokalsamfunnet eller andre kollektive løysingar og kan bestå av heilt eller delvis eigarskap. Samtidig må openheita om både offentleg og privat eigarskap bli utvida. Fellesskapet bør eige eller på anna eigna vis ha demokratisk kontroll over all viktig infrastruktur, anten han er fysisk, digital eller finansiell. Dette gjeld mellom anna vegar, jernbane, flyplassar, hamner, telenett, straumnett, kraft, datasenter, internettlinjer og bankar. Staten bør gradvis kjøpe seg opp i viktige selskap som Equinor, Telenor, Norsk Hydro, Yara og DNB og arbeide for å ta desse selskapa av børss. Staten bør søkje å etablere nye statseigde industrilokomotiv innan slike næringar som oppdrett, skogindustri og mineral.

### RAUDT VIL:

- a) At offentlege eigarposisjonar, statlege som kommunale, skal brukast aktivt for å oppnå politiske mål under demokratisk kontroll.



- b) Utvide desentralisering av kapital gjennom kooperativ, arbeidstyrte bedrifter, sparekasser, privateigde småbedrifter, ideelle stiftingar og liknande eigarformer.
- c) Arbeide for ein aktiv statleg eigarskapspolitikk for lågare lønn til toppleiarane og for fjerning av bonusar.
- d) Sikre hovudkontor, forskning og utvikling i Noreg og gode arbeidslivsstandardar både i eige selskap og hos underleverandørane. I tillegg sikre faglege rettar og leggje til rette for best mogleg tariffdekning.
- e) Sikre større kunnskap og openheit om økonomisk ulikskap ved at formuesstatistikk blir basert på reelle verdiar, at tilbakehalde utbyte blir inkludert i inntektsstatistikken, og at nye politiske reformer må vurderast etter korleis dei påverkar ulikskap, med eit mål om redusert ulikskap.
- f) Greie ut og fremje forslag til vidare utbygging av bedriftsdemokratiet i Noreg. Det inneber å styrkje representasjonen til dei tilsette i styra til bedriftene, ansvaret og samansetninga av bedriftsforsamlinga, og innsynsretten, forslagsretten og forhandlingsretten til fagforeiningane.
- g) Sikre at fagrørsla får makt til å leggje premissane for arbeidslivspolitikken, gi reell makt til tilsettvalde styremedlemmer og setje ein stoppar for at store avgjerder blir tekne av eigarar i lukka forum.
- h) At offentlege innkjøp av varer og tenester skal styrkje det organiserte arbeidslivet, og byggje opp under faste tilsetjingar.
- i) Gjere det lettare å etablere og drive arbeidstyrte og kooperative verksemder.
- j) Sikre betre tilgang til kapital for demokratiske verksemder gjennom etablering av investeringsfond.

### Skattar og avgifter

Raudt ønskjer eit større, sterkare og betre fellesskap. Det inneber at meir av det som er viktig i livet vårt, blir finansiert i fellesskap i staden for direkte frå den private kontoen vår. Det gjer ikkje at ting blir gratis, men at vi betalar på ein annan måte, via mellom anna skattar og avgifter. Då kan rekninga fordelast meir rettferdig, basert på inntekta, formuen eller overskotet til personen eller selskapet, og ein kjem nærare målet om eit samfunn som sikrar gode til alle etter behov og frå alle etter evne. Skattar og avgifter kan òg brukast til å hindre maktkonsentrasjonen som oppstår når formuar og kapital samlar seg på få hender og går i arv, og bremse unødvendig og miljøfiendtleg luksusforbruk. Men avgifter kan òg ramme urettferdig, både økonomisk og geografisk. Derfor ønskjer Raudt å kutte i flate avgifter og differensiere fleire avgifter etter inntekt eller forbruk.

Sjå òg kapittelet om internasjonale avtalar.

### RAUDT VIL:

- a) At inntektsskatten ikkje blir auka for det store fleirtalet, og kutte skattane for dei som tener minst.
- b) Ha ein meir progressiv inntektsskatt, med auka skatt på høge inntekter.
- c) Auke frikortgrensa for å sikre at dei som har minst i lønn, pensjon eller trygd får behalde meir av pengane sine sjølve.
- d) Kutte i rekningsbunken til folk gjennom å redusere avgifter og offentlege gebyr.
- e) Kutte i flate avgifter som ikkje skil mellom fattig og rik eller kor mykje ein forbrukar, og samtidig differensiere fleire avgifter mellom eit moderat grunnnivå og unødvendig luksusforbruk.
- f) Bruke avgiftspolitikken for å stimulere til sunne og miljøvennlege val.
- g) Sikre at selskap som går godt, bidreg til å finansiere den felles infrastrukturen og velferda dei er avhengige av, og stå imot det internasjonale skattekapløpet mot botnen. Gradvis auke skatten på selskapsoverskot.
- h) Auke skatten på aksjeutbyte og fjerne det såkalla skjermingsfrådraget som i dag gjer delar av aksjeinntektene skattefrie. Det kan erstattast med eit botnfrådrag for å gjere utbytteskatten progressiv.
- i) Auke skatten på store formuar i form av ein formuesskatt med auka botnfrådrag og fleire innslagspunkt med aukande skattesats og dessutan fjerne verdsettjingsrabatten på aksjar.
- j) Innføre arveskatt som hindrar aukande konsentrasjon av makt og rikdom gjennom generasjonar, med høgt botnfrådrag og progressiv skattlegging av dei som arvar svært store beløp.
- k) Sikre at rike kapitaleigarar betalar ein rettferdig del i skatt ved å erstatte fritaksmetoden med løpande skattlegging av kapitalinntekt og tette skattehøl.
- l) Arbeide for ei meir rettferdig grunnrenteskattlegging som sørgjer for at verdiar som blir skapte basert på fellesskapsressursar på land og til havs, ikkje blir henta ut av private eigarar, men tilkjem fellesskapet lokalt og nasjonalt. Dette gjeld mellom anna havbruk, eksisterande vindkraftanlegg, petroleum og mineral.
- m) Krevje auka kontroll av store selskap og dessutan sikre openheit om aggressiv skatteplanlegging som blir tilbydd av skatterådgivarar, utan unntak for skatteadvokatar.



- n) At skattelegging av teknologigigantane skal vere det same som for det norske næringslivet.
- o) Regulere plattformøkonomien, slik at krav om rekneskapsplikt blir følgde, at regulære arbeidsforhold tilfredsstiller krava i arbeidsmiljølova, at falske sjølvstendige blir fast tilsette, og at inntektsstraumar blir registrerte og skattlagde.
- p) Styrkje innsatsen i internasjonalt samarbeid på skattefeltet, både gjennom OECD og FN. Spesielt er det viktig å støtte arbeidet for ein rammekonvensjon om skattesamarbeid i regi av FN. Dette er viktig for å oppnå rettferdig fordeling på verdsbasis. I påvente av internasjonale løysingar bør Noreg skattlegge fleirnasjonale selskap, mellom anna gjennom ei mellombels omsetningsavgift for globale tilbydarar av digitale tenester.
- q) Senke terskelen for eigarskap som blir inkludert i registeret over reelle rettshavarar frå 25 prosent eigarskap til å inkludere alle eigarar, inkludert eigarar bak forvaltarregistrerte aksjar.
- r) Reforhandle eller seie opp skatteavtalar med skatteparadis som Sveits.
- s) Innføre ein exit-skatt som hindrar at rike menneske kan stikke frå skatterekninga si ved å flytte til skatteparadis.
- t) Styrkje skatteetaten for å sikre auka skatteinntekter og bidra til å redusere økonomisk kriminalitet og arbeidslivskriminalitet.
- u) Selskap skal i større grad betale selskapsskatt til kommunane der bedriftene har faktisk verksemd.
- v) Innføre formuesskatt også for utanlandske selskap og eigarar. Det skal vere same skatt på utanlandsk formue i Noreg som på annan formue i landet.
- w) Innføre einskapleg skattelegging, slik at skattleggingsrett på overskota til multinasjonale selskap på konsernnivå blir fordelte mellom land der konsernet har reell verksemd. Slik blir det ikkje lenger mogleg å skjule overskot i dotterselskap i skatteparadis.

## Finansnæringa

### RAUDT VIL:

- a) At bankane skal vere i felleseige eller under demokratisk kontroll, fordi bankvesenet er viktig nasjonal infrastruktur. Dette inneber at staten bør kjøpe seg opp i store bankar som DNB. For å sikre maktspreiing skal ikkje alle bankar samlast på statlege hender. Også kommunar og fylkeskommunar bør få eigarskap til bankar. Raudt støttar etableringa av sparebankar og kooperative initiativ som alternativ til dei offentlege bankane.
- b) Utvide formålet til dagens offentlege bankar eller opprette ein ny offentlig samfunnsbank som ikkje driv spekulasjon i finansmarknadene, som tilbyr lån til personar på forsvarlege vilkår, og som sikrar god kapitaltilgang til samfunnsnyttige formål i Noreg som statsbankane i dag ikkje dekkjer, og dessutan finansierer lånebehovet til kommunane.
- c) Regulere finanssektoren strengare for å redusere faren for og omfanget av framtidige finanskriser. Mellom anna bør eigenkapitalkravet frå bankane aukast, moglegheita for finansaktørar til å ta stor risiko må avgrensast og skadeleg finansspekulasjon bør forbydast eller skattleggast hardare.
- d) Sikre at eventuelle økonomiske hjelpepakkar til bankane må innebere statleg medeigarskap og innverknad.
- e) Ha strengare regulering av forbrukslån og usikra kreditt ved å innføre ei maksimal rente og forby marknadsføring av slike produkt.
- f) Skattlegge overskotet til finansnæringa høgare. Næringa skal ikkje subsidierast, fordi ho i dag er fritaken frå moms.
- g) Jobbe for ei avvikling av privat inkassoverksemd/kreditorverksemd og erstatte det med ei offentlig teneste for dette, som har som mål å hjelpe folk ut av gjeldsproblem.
- h) At det ved vidaresal av gjeld blir sikra at den som har gjelda, blir tilbydd nedbetaling til same pris.
- i) Avgrense moglegheita for at kredittselskapa sel usikra gjeld vidare.
- j) Hindre at folk får uhandterleg gjeld, ved å utvide gjeldsregisteret med fleire typar gjeld, som pantesikra gjeld og kausjon.
- k) Betre gjeldsoffervernet og styrke offentlig innsats for å hjelpe personar med gjeldsproblem.
- l) At staten sine egne låneorgan ikkje opererer etter marknadsprinsipp, men tilbyr lån etter faste vilkår som berre dekkjer utgiftene til staten ved å tilby lån.
- m) Opprette eit verjemålsregister som bankar, finansinstitusjonar og eigedomsmeklarar skal ha tilgang til og plikt til å sjekke for å hindre at personar under verjemål set seg i gjeld.
- n) Avgrense moglegheita bankane har til å spekulere i utlåns- og innskotsrente ved justering av styringsrenta.
- o) Gjere det lettare å byte bank.
- p) Sikre at bankane held pliktene sine i saker der forbrukarar er utsette for svindel.
- q) Innføre Tobin-skatt (skatt på finanstransaksjonar).



## Oljefondet

Petroleumsressursane under havbotnen høyrer til menneska i all tid, sjølv om det er vi som lever i dag, som hentar ut desse ikkje-fornybare verdiane. I løpet av nokre få år er denne ressursen danna om til risikofylt internasjonal finanskapital. Norske oljekroner blir investerte i utbyting av arbeidarar i andre land. Blant selskapa fondet investerer i, finn vi våpenselskap og krigsprofitørar, fagforeningsknusarar og sterkt miljøskadeleg verksemd.

Oljeformuen må forvaltast i eit generasjonsperspektiv, som tek vare på den historiske industrikapitalen for framtida. Oljefondet er ikkje, og har aldri vore, eit pensjonsfond som skal betale pensjonane våre i framtida. Det er ein formue som blir forvalta med mål om å hente ut avkastninga over tid utan å tømme fondet. Dette målet meiner Raudt tilseier at investeringane bør gjerast på andre måtar enn i dag.

### RAUDT VIL:

- a) Ha større demokratisk styring og kontroll over investeringane og arbeidsmåtane til oljefondet. Sikre at Stortinget som eigar av oljefondet skal utnemne leiaren for oljefondet etter tilråding frå hovudstyret i Noregs Bank. Hovudkontoret for oljefondet skal liggje i Noreg.
- b) Omplassere delar av fondet til eit investeringsfond for norsk industri for å sikre arbeidsplassar og verdiskaping for framtidige generasjonar.
- c) Omplassere delar av fondet til investeringar i klimavennleg infrastruktur for å kutte utslepp, unngå global klimakatastrofe og sikre grunnlaget for verdiskaping for framtidige generasjonar.
- d) Ta oljefondet ut av selskap som bidreg til miljø- og klimaødeleggingar, som bryt menneskerettane, trugar regnskogen, er plasserte i skatteparadis, bidreg til folkerettsstridig verksemd eller som er involverte i andre kritikkverdige forhold.
- e) Sikre større openheit om plasseringane til oljefondet, lønningar, bonusordningar og bruk av eksterne forvaltarar og konsulentar. Leiarlønningane skal ned, bonusordningar skal fjernast, og fondet skal forvaltast frå Noreg. Avvikle ordninga med ekstern forvaltning av delar av oljefondet.
- f) At ansvaret for etikkrådet til oljefondet blir flytta frå hovudstyret i Noregs Bank til Stortinget.
- g) Leggje ned Argentum, det statlege selskapet for investeringar i aktive eigarfond.
- h) Trekkje oljefondet ut av Israel.

## Kommuneøkonomi

Noreg består av ein rik stat og mange fattige fylkeskommunar, kommunar og bydelar som får stadig fleire oppgåver utan at budsjetta blir auka tilstrekkeleg. Når kommuneøkonomien er dårleg, er det fordi staten hentar inn det aller meste av skatteinntekter og overfører for lite tilbake til kommunane der verdiskapinga faktisk skjer. Raudt vil at kommunane skal halde fram med å ha ansvar for store og viktige delar av velferdssamfunnet fordi lokaldemokrati og lokale løysingar er viktig. Då må ein større del av skatteinntektene tilbake til kommunane, og dei må samtidig ha moglegheit til å hente inn eigne inntekter og få større handlingsrom. Inntektssystemet til kommunane og fylkeskommunane må endrast slik at dei får tilstrekkeleg med midlar til å kunne gjennomføre oppgåvene sine på ein måte som sikrar desentraliserte tilbod med forsvarleg bemanna tenester.

### RAUDT VIL:

- a) At større delar av skatteinntektene skal tilbakeførast frå staten til kommunane og fylkeskommunane gjennom å auke den kommunale delen av inntektsskatten eller auka tilbakeføring over statsbudsjettet.
- b) Sikre at inntektssystemet for kommunane er omfordelende.
- c) Auke dei frie inntektene til kommunane, slik at kommunale velferdstenester kan styrkjast og kommunane får auka handlefridom. Staten må ta ansvar for øyremerkte midlar til nokre satsingsområde.
- d) Gi kommunane utvida høve til å auke dei direkte skatteinntektene sine gjennom til dømes cruiseavgift eller turistskatt.
- e) Gi kommunane større handlingsrom til å utforme ein lokal eigedomsskatt med sosial profil, mellom anna ved hjelp av store botnfrådrag, progressive skattetrinn og høgare makssats, og ei moglegheit til å skilje mellom fritidseigedom, næringsseigedom, sekundær- og primærbustader og bustader som er eigde av selskap og privatpersonar.
- f) Auke støtta til kommunar for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.
- g) Auke skatteutjamninga og auke vektinga av sosiale faktorar i inntektssystemet.
- h) Fjerne aldersgrensa på 67 år i Helsedirektoratets refusjonsordning for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester. Staten skal stå for toppfinansieringa så lenge helse- og omsorgsbehovet er til stades.
- i) Dei samiske språkforvaltningskommunane må få fullfinansiert kostnadene dei har med å vere tospråklege kommunar.



- j) Det må opprettast bøtande ordningar for kommunar og fylkeskommunar med særleg høg lånegjeld sett opp mot nedbetalingskrav i kommunelova.
- k) At kommunalbanken skal drivast profittfritt, slik at lånekostnaden til kommunane blir lågare.

## Norsk økonomi

### RAUDT VIL:

- a) At det skal vere større demokratisk kontroll over pengepolitikken, og at det overordna målet for pengepolitikken skal vere full sysselsetjing og låg ulikskap. Beholde en uavhengig nasjonal valuta utanfor euro-samarbeidet.
- b) Behalde ein uavhengig nasjonal valuta utanfor euro-samarbeidet.
- c) Arbeide for ein aktiv motkonjunkturpolitikk som set i gang statlege og kommunale investeringar i møte med aukande arbeidsløyse i form av utbygging og vedlikehald av infrastruktur, offentlege bygg og anlegg, og som samtidig bidreg til å kutte klimagassutsleppa.
- d) Bruke offentlege innkjøp og anbod aktivt for å oppnå politiske mål.
- e) Nedkjempe utnyttinga av arbeidstakarar gjennom låglønnskurransse og lausarbeid. Raudt vil styrkje den norske arbeidslivsmodellen, bygd på faste tilsetjingar, høg kompetanse, effektiv organisering av arbeidsprosessane og gode lønns- og arbeidsvilkår for dei tilsette.
- f) Sikre at eventuelle økonomiske krisepakkar til selskap må innebere statleg medeigarskap og innverknad.
- g) At dei store pengane blir brukte på dei viktigaste tinga, ikkje berre dei største. Seie nei til prestisjeprojekt som til dømes nytt regjeringkvartal, dyre motorvegar eller dyre idrettsarrangement som OL. Der slike prosjekt allereie er i gang, skal staten søkje å skalere dei ned eller avlyse dei.



# Eit organisert arbeidsliv

Det er i arbeidslivet dei grunnleggjande klassekonfliktane kjem til uttrykk.

Under kapitalismen er arbeidskraft ei vare på arbeidsmarknaden. Fagforeiningane oppstod som eit middel til å hindre konkurransen mellom arbeidsfolk og å stå samla når krav skulle stillast, ikkje berre for lønn ved arbeid, men også arbeidstid, arbeidsforhold og ved sjukdom og alderdom. Slik blei tariffavtalar og velferdsstaten kjempa fram. Sidan kapitalismen igjen gjekk inn i ei krise i 1970-åra og offensiven til nyliberalismen blei lansert frå omkring 1980, har likevel fagrørsla blitt utsett for kraftige angrep. Det har skjedd gjennom meir aggressive arbeidsgivarar, høgreperti som i aukande grad angrip fellesskapsløysingar, og eit sosialdemokrati som har adoptert store delar av den nyliberale ideologien. Vi har opplevd at tariffavtalar har blitt undergravne, at arbeidslovgivinga har blitt svekt, og at sosial dumping og arbeidslivskriminalitet har auka.

Den indre marknaden i EU med uregulert flyt av varer, tenester, kapital, arbeidskraft og den frie etableringsretten undergrev kampkrafta til arbeidarklassen i Europa. Streikeretten er innskrenka, prosentdelen fagorganiserte blir redusert, og det enorme gapet mellom inntekter internt i EØS og dessutan opninga av arbeidsmarknaden for tredjeland skaper ein arbeidsmarknad der kapitaleigarane tener på at ein underbyr kvarandre i arbeidarklassen. Saman med bygging av solidaritet og kampkraft i arbeidarklassen er kampen mot marknadsliberalismen i EU avgjerande for å stanse angrepet på opparbeidde faglege rettar.

Gjennom mange år har «arbeidslinja» lege til grunn for arbeids- og sosialpolitikken i Noreg. Raudt meiner det er heilt nødvendig å gjere tydeleg skiljet mellom den gamle arbeidslinja, fram til 1980–90-åra og den nye arbeidslinja som rår i dag, som må avvisast. Raudt meiner at alle skal ha høve til å skaffe seg og vere sikra eit mest mogleg trygt, meningsfullt og inntektsgivande arbeid på heil- eller deltid. Arbeidet bør så langt råd er, vere tilpassa føresetnadene til den enkelte, og dersom det er mogleg, finne stad i rimeleg nærleik til heimstaden. Dette var innhaldet i den gamle arbeidslinja. Raudt meiner det er staten sitt ansvar å sikre alle som har helse til det, retten til å forsørge seg med lønnsarbeid. Dei som ikkje får eller kan ha lønnsarbeid, må sikrast økonomisk tryggleik. Den nye arbeidslinja byggjer på overklassefordommar om at dei som ikkje er i arbeid, er arbeidssky og må «stimulerast» til jobbsøking med dårlegare stønader. Den nye arbeidslinja har gitt oss skamma tilbake i trygdepolitikken. Raudt meiner at mistenkjeleggjering av dei som står utanfor arbeidslivet, berre fører til meir sjukdom, uførleik og ekskludering. Vegen tilbake til arbeidslivet går ikkje gjennom tronge kår og økonomisk uvisse, men gjennom eit arbeidsliv som inkluderer fleire og ikkje støyter ut eldre og personar med helseproblem eller med nedsett funksjonsevne av andre grunnar.

Om nokre få kan få meir i trygd enn i lønn for jobb i eit låglønnsyrke, så er problemet for dårleg lønn, ikkje for høge trygder.

## Arbeid til alle – trygge, faste og heile stillingar

Retten til arbeid er ein menneskerett, og kampen for arbeid til alle er avgjerande for styrken til fagrørsla. Medan verneføresegnene i arbeidslivet er svekte, har krava til tempo auka. Dette har ført til ei brutalisering av store delar av arbeidslivet og dermed ei auka utstøytning av dei som ikkje klarer å henge med. Frisleppet av bemanningsbransjen har ført til undergraving av arbeidsforholda og auka sosial dumping. I eit arbeidsliv med stadig større krav til omstilling og teknologisk utvikling vil det kunne bli eit auka skilje mellom arbeidstakarar med og utan formell kompetanse og utdanning.

### RAUDT VIL:

- a) At retten til arbeid må gjerast reell. Arbeidslivet må opnast opp for fleire, uavhengig av funksjonsevne.
- b) At alle som vil, skal få høve til å jobbe heiltid. Hindre omgåingar av retten til fast tilsetjing i minimum ein stillingsprosent som svarer til det ein har jobba dei siste tolv månadene.
- c) Jobbe for ei etter- og vidareutdanningsreform i arbeidslivet som sikrar tilsette rett til fri med lønn for å ta kompetansehevande kurs og utdanningar. Denne reforma må dekkjast av eit trepartssamarbeid mellom partane i arbeidslivet og staten. Reforma må treffe dei gruppene i arbeidslivet som ikkje har lang formell utdanning frå før, og sikre arbeidstakarar i møte med omstilling og digitalisering.
- d) Støtte kampen mot utflagging gjennom å stille krav om at offentlege anbudsprosessar legg vekt på kvalitet, leveringstryggleik, HMS, lærlingar, miljøkrav og krav om landsdekkjande norske tariffavtalar, og pris må sjåast i samanheng med desse kriteria.



- e) At bemanningsselskap må forbydast. Fram til dette er gjennomført, vil Raudt jobbe for fleire regionale og bransjevise forbod mot innleige frå bemanningsbyrå, og at dei som er tilsette i eit bemanningsselskap, har trygge, faste og heile stillingar.
- f) At staten skal ta tilbake kontrollen over arbeidsformidlinga. Raudt vil ha ei utgreiing av tilgjengeleg arbeidskraft, det langsiktige behovet for arbeidskraft, nødvendige tiltak for kompetanseutvikling og korleis arbeidsformidlinga skal byggjast opp med tanke på full sysselsetjing. Utgreiinga må skje i samarbeid med partane i arbeidslivet.
- g) At selskapsstrukturar som har til formål å svekkje det organiserte arbeidslivet, blir forbodne. Dei tilsette skal til kvar tid vite kvar dei er tilsette, og kven som er den reelle arbeidsgivaren deira. Det skal ikkje vere mogleg for bedrifter å organisere seg bort frå arbeidsgivaransvaret, å skilje ut reelt tilsette i eigne selskap eller å omdefinere tilsette til falske sjølvstendig næringsdrivande.
- h) Styrkje arbeidsinnvandrarar, flyktningar og andre som er utdanna utanfor EØS, sine moglegheiter til å formalisere den eksisterande kompetansen sin og til å ta vidareutdanning.
- i) Forsvare sjukelønnsordninga med full lønn under sjukdom.
- j) At bedrifter skal plikte å forskotere sjukelønn.
- k) At den massive overvakinga og detaljkontrollen av dei tilsette, som mykje av den nye teknologien gjer mogleg, blir avvist.
- l) Sikre tilsette sine rettar når dei arbeider på heimekontor, og retten til å vere fråkopla frå jobb.
- m) At den nye plattformøkonomien (til dømes bodtenesta Wolt) blir regulert slik at dei som arbeider i denne økonomien, blir sikra reelle tilsetjingsforhold, sosial tryggleik, regulerte arbeidsforhold og faglege rettar på linje med andre arbeidarar.
- n) Fjerne det høvet arbeidsgivaren har til å opponere mot sjukmeldingar.

## Nye organisasjons- og leiingsformer

I løpet av den nyliberale offensiven dei siste tiåra har vi opplevd omfattande endringar av organisasjons- og leiingsformer i arbeidslivet. Dette har skjedd med metodar og modellar som er henta frå New Public Management (NPM) og Human Resources Management (HRM). Offentlege etatar og føretak blir i aukande grad drivne som om dei var kommersielle. Eit utal forskingsrapportar har dokumentert at New Public Management verken fører til betre eller billigare tenester. Derimot fører det oftast til dårlegare lønns- og arbeidsvilkår for dei tilsette og dessutan oppsplitting og svekking av fagorganisasjonane.

### RAUDT VIL:

- a) At New Public Management blir avvist som organisasjonsmodell for offentlege tenester.
- b) Erstatte detaljstyring og kontroll av dei tilsette med tillitsbaserte system som sikrar arbeidstakarar innverknad og medråderett over arbeidsprosessen.
- c) Kutte leiarlønningane i stat, kommune og offentlig eigde selskap.
- d) Innføre ein nullvisjon for konsulentbruk frå kommersielle selskap i offentlig sektor. Verdsetje og utvikle fagpersonar i kommunen slik at ein har den nødvendige kompetansen til å løyse oppgåvene.

## Ei slagkraftig fagrørsla

Fagrørsla er den viktigaste organisasjonsforma for kampen til arbeidarklassen mot kapitalistisk utbytting og undertrykking og for auka innverknad i samfunns- og arbeidsliv. Raudt prioriterer derfor samarbeidet med fagrørsla, Raudt vil delta i kampen for eit organisert arbeidsliv der arbeidarane får meir makt i Noreg og internasjonalt.

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje samarbeidet med fagrørsla både lokale og sentrale, og jobbe for faste møtepunkt mellom parti og fagrørsla i alle fylke.
- b) Styrkje det organiserte arbeidslivet, mellom anna ved å lovfeste seriøsitetsreglar ved offentlege innkjøp med krav om tariffavtale og lærebedrifter som hovudregel.
- c) Styrkje føresegnene i arbeidsmiljølova om faste og heile stillingar. Og avgrense tilgangen til utvida arbeidstidsordningar som utfordrar normalarbeidsdagen.
- d) Presisere omgrepa «tillitsvald» og «tariffavtale» i relevant lovverk.
- e) Styrkje streikeretten og avgrense moglegheita til å bruke tvungen lønnsnemnd ved streik.
- f) At oppseiingsvernet og vernet til dei tillitsvalde gjennom arbeidsmiljølova blir styrkt.
- g) At det blir innført fullt skattefrådrag for all betalt fagforeiningskontingent.
- h) At den kollektive søksmålsretten blir utvida.
- i) At frontfagmodellen ikkje blir brukt til å hindre kampen for demokratisk vedtekne krav i forbundsvise oppgjer, noko som held låglønte og kvinnedominerte yrke nede.



## Nedkjempe sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

Arbeidsmarknaden har vore gjenstand for omfattande endringar og avreguleringar dei siste tiåra. Dette har gitt arbeidskjemparane nye moglegheiter for sosial dumping og for å setje grupper opp mot kvarandre. Raudt ønskjer flyktningar og arbeidsinnvandrarar velkomne til Noreg og krev at alle skal tilsetjast på norske lønns- og arbeidsvilkår. Arbeidstakarar på kortvarig arbeid, sesongarbeidarar og tredjelandsborgarar er meir utsette for sosial dumping, grov utnytting, arbeidslivskriminalitet og tvangsarbeid enn arbeidstakarar som blir i Noreg over fleire år.

Arbeidslivskriminalitet kostar det norske samfunnet enorme summar kvart år, opp mot 100 milliardar eller meir. Raudt vil intensivere arbeidet med å stanse kriminelle som undergrev arbeidslivet, gjennom å auke løyvingane til etatar og organisasjonar som motarbeider a-krim og hjelper arbeidstakarar i a-krimssaker. Viktige tiltak er å satse på å inndra utbytte, straffeforfølgje kriminelle bakmenn og profitørar, og styrkje det organiserte arbeidslivet. Inndregne utbytte skal setjast på fond for tiltak mot a-krim og erstatning til dei som er utnytta i a-krim.

Etableringa av ein open felleseuropeisk arbeidsmarknad gjennom EU og EØS – med enorme forskjellar i lønns- og arbeidsvilkår – har skapt store utfordringar for fagrørsla. Arbeidsgivarane utnyttar låglønnskurransen i heile EU og EØS. Innstrammingane i tilgangen til å leige inn frå bemanningsbyrå, og forbodet mot innleige til byggebransjen i Oslo, Viken og Vestfold, var eit viktig steg på vegen for å avvikle bemanningsbransjen. Fram til bemanningsbransjen er avvikla, vil Raudt jobbe for regionale og bransjevise forbod mot innleige i utsette område og bransjar.

### RAUDT VIL:

- a) At EØS-avtalen blir sagd opp og erstatta av ein handelsavtale. Før dette skjer, må reservasjonsretten i avtalen nyttast overfor EU-direktiv som svekkjer fagrørsla og faglege rettar. Det må setjast makt bak kravet om at norske lover og avtalar skal ha forrang framfor EU-reglar.
- b) At arbeidsinnvandrarar, også frå EØS-området, må ha ei tilsetjing og ein arbeidskontrakt med lønns- og arbeidsvilkår etter norske tariffavtalar for å få opphaldsløyve for arbeid i Noreg.
- c) Oppseiingar skal ikkje føre til at arbeidstakarar mistar opphaldsløyve. Det er arbeidsgivarane som er ansvarleg for at vilkåra for opphald er oppfylte, og arbeidsgivarar som har dokumenterte alvorlege brot på lønns-, og arbeidsvilkåra eller brot på arbeidsmiljølova, skal kunne straffast.
- d) Innføre meldeplikt og depositum for selskap frå EU- og EØS-området som søker oppdrag i Noreg (den sveitsiske modellen).
- e) At tillitsvalde blir sikra fullt innsyn i lønns- og arbeidsvilkår oppover og nedover i kontraktkjeda.
- f) Utvide allmenngjeringslova og fjerne dokumentasjonskravet.
- g) Reversere liberaliseringa av drosjenæringa og gjeninnføre avgrensing i løyve, køyreplikt og sentraltilknytning.
- h) At kabotasjekøyring blir forbode inntil ein bransjeavtale og andre verkemiddel for å regulere godstransport på veg i Noreg er på plass.
- i) Sikre at norske lønns- og arbeidsforhold skal gjelde òg for dei som jobbar til sjøs, ved at NOR-registrering må nyttast framfor NIS.
- j) Auke løyvingane til Arbeidstilsynet og andre relevante tilsyn. Tilsynsstyresmaktene må vere meir ute på arbeidsplassane. Heimlane og sanksjonsmoglegheitene til Arbeidstilsynet må styrkjast, og straffenivået for lovbrøt må aukast.
- k) Styrkje det tverrfaglege a-krimssamarbeidet. Utvide tilgangen til å dele informasjon mellom a-krimetatane og andre offentlege og private aktørar, og organisasjonar på feltet.
- l) Føre vidare og auke løyvinga til Fair Play Bygg gjennom statsbudsjettet.
- m) Auke bruken av inndraging av verdiar frå aktørar som utfører arbeidslivskriminalitet.
- n) At føretaksforma norsk avdeling av utanlandsk føretak (NUF) må forbydast.
- o) At kommunane får bruke alkohollova for å sikre arbeidsvilkåra i serveringsbransjen, til dømes gjennom å ta frå skjenkestader som bryt lover og reglar, skjenkeløyvet.
- p) At solidaransvar skal omfatte allmenngjorde føresegner, overtidsbetaling, feriepengar og pensjon i heile kontraktkjeda, inkludert byggherre. Fristen for solidaransvarskrav blir utvida til 12 månader.
- q) Lovfeste ein eigen omgåingsregel i arbeidsmiljølova for å hindre at lova blir høla ut.
- r) At det offentlege ikkje skal bidra til kriminalitet når dei kunngjer anbod ved at det blir oppretta eit register over bedrifter som har vore involverte i arbeidslivskriminalitet, og at useriøse bedrifter ikkje får offentlege anbod.
- s) At alle arbeidsinnvandrarar skal få gratis norskopplæring.
- t) At alle bedrifter og føretak som opererer i Noreg, må ha obligatorisk yrkesskadeforsikring for alle sine tilsette.
- u) Opprette ei ordning der staten skal ta over openberre lønnskrav.
- v) For å få serverings- og skjenkeløyve må bedriftene kunne dokumentere lovlege arbeidskontraktar, driftsbudsjett, betaling av allmenngjord minstelønn o.l. Alvorlege brot på reglane i arbeidsmiljølova, som manglande overtidsbetaling, uforsvarleg arbeidstid, ulovlege mellombelse kontraktar og HMS m.m. skal vere grunnlag for å ta frå innehavarar serverings- og skjenkeløyve permanent.



- w) Den kommunale skjenkjekontrollen får kompetanse til å undersøke brot på arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølovbrot skal utløse prikkar i det nasjonale prikkesystemet, til liks med brot på skjenkjereglane.

## Arbeidslivskriminalitet og vern av varslarar

### RAUDT VIL:

- a) At politi, påtalemyndighet og andre offentlege etatar må prioritere og meir effektivt følgje opp varsel om tvangsarbeid, lønnstjuveri og grov utnytting i arbeidslivet.
- b) At arbeidstakarar i større grad må vernast når dei varslar om tvangsarbeid. Refleksjonsperioden for offer for tvangsarbeid skal ikkje vere avhengig av om politiet opnar sak om tvangsarbeid.
- c) Styrkje varslingsinstituttet og gi Arbeidstilsynet eit overordna ansvar for å sikre vern av varslarar.
- d) At etatane som skal kontrollere arbeidslivskriminalitet, må bli tilført større ressursar og ha ei einskapleg varslingssteneste.
- e) Ha strengare reaksjonar mot bakmenn for arbeidslivskriminalitet som inndraging av ulovleg profit, mulkt og næringsforbod.
- f) At arbeidsinnvandrarar ved framkomst skal få informasjon om regelverket for arbeidslivet og varslingskanalar på eit språk dei forstår.
- g) Skrive ut nasjonale ID-kort med biometri til utanlandske statsborgarar med ID-nummer i folkeregisteret, for å hindre misbruk av ID og utnytting av sårbare arbeidstakarar.
- h) Ved domfelt lønnstjuveri, der bedrifta ikkje betalar fordi ho slår seg konkurs eller blir avvikla, skal staten dekkje lønnstjuveriet, og ta frå lønnstjuven høve til å drive forretning i framtida.
- i) Personar som er utsette for ID-tjuveri i arbeidslivet, blir vurderte som moglege offer for tvangsarbeid. straffelova paragraf 202 om ID-krenking blir skjerpa.
- j) Betale tilbake urettmessig pensjonstrekk til personar utan gyldig opphald eller som er bortviste etter endeleg avslag på asylsøknad.
- k) Utvide tilbodet til arbeidstakarar som blir grovt utnytta i arbeidslivet, i samarbeid med organisasjonar på feltet. Tilbodet må omfatte både trygg mellombels innkvartering og juridisk og sosialfagleg hjelp.
- l) Arbeidstakarar som er utsette for urett, skal få rettane sine tilbake. Det kan vere lønn, erstatning for skade, tapt pensjonsinnskot eller tapte trygderettar. Arbeidsgivaren skal primært betale dette. Der det ikkje er mogleg å hente pengar frå arbeidsgivaren, skal kostnaden for tilbakeføring av rettar dekkjast av eit statleg fond basert på inndregne midlar frå ulovleg utbytte i a-krim saker.

## Betre arbeidsmiljø – reduser arbeidstida

Kampen for kortare arbeidstid og høgare lønn har vore berebelken i arbeidet til fagrørsla. No har kampen for kortare arbeidstid stått stille i mange år. Kampen dreier seg om både arbeidet og livet, om prisen på arbeidskrafta og om kor stor del av døgnet du sjølv kan rå over. Å snakke om «heiltidskultur» utan å forkorte arbeidsdagen fører ikkje fram. Altfor mange, særleg kvinner, kjenner på kroppen at 7,5-timarsdagen er for lang og blir tvinga til ulike variantar av deltid. Sekstimarsdag vil gjere det mogleg for mange å gå frå deltid til heiltid, med auka moglegheit for å bli økonomisk sjølvstendig.

Arbeidstidsreguleringar er likevel under stadige angrep, inkludert normalarbeidsdagen. Det går på helsa laus for mange. Svært mange kvinner endar opp med å jobbe deltid og mistar derfor moglegheita til økonomisk sjølvstende. Eit arbeidsliv med 6 timars normalarbeidsdag vil gjere det enklare for fleire å stå i arbeid.

Samtidig må det bli mogleg for pendlarar, folk som jobbar heimanfrå, og andre med spesielle arbeidsordningar å ta ut arbeidstidsforkortinga med 30-timarsveke. Å ta ut framtidig produktivtetsvekst i fritid heller enn i auka forbruk vil vere eit viktig tiltak for å motverke klima- og miljøkrisa.

### RAUDT VIL:

- a) Forsvare normalarbeidsdagen.
- b) Støtte initiativ til gradvis å innføre 6-timarsdag/30-timarsveke med full lønnskompensasjon i samarbeid med partane i arbeidslivet.
- c) Moglegheita til å avtale unntak frå vernereglane i arbeidsmiljølova må innskrenkast.
- d) At deltidsproblemet ved turnus ikkje skal løysast ved å ha meir belastande arbeidstidsordningar eller ved å jobbe fleire helgar. Auka grunnbemanning og kortare arbeidstid er nødvendig.
- e) Støtte kampen mot søndagsopne butikkar. Stramme inn reglane for å få status som turiststad.
- f) At avvik frå arbeidstidsreglar må godkjennast av ei fagforeining med innstillingsrett.
- g) Arbeide for at det blir løyvd statlege midlar, eit «sekstimarsdagsfond», som kan gi støtte til kommunar som vil starte pilotprosjekt med sekstimarsdag.
- h) Likestille skift og turnus.
- i) Gi alle rett til gratis arbeidsantrekk.
- j) At det blir teke høgd for fråvær i bemanningsplanar i helsesektoren.



# Profittfri velferd

Det offentlege må ha ansvaret for velferdstenestene til befolkninga. Velferdstenestene våre er bygde opp i regi av fellesskapet, med offentlege og ideelle aktørar.

Velferda er under kraftig press. Kommersielle aktørar har vakse sterkt innanfor mange av velferdstenestene våre, og barnehage, omsorgstenester, barnevern, renovasjon, reinhald og vaktmeistertenester har blitt «big business». På enkelte område har det skjedd ein konsentrasjon av eigarskap, der nokre få internasjonale investeringsselskap, nokre heimeløysende i skatteparadis, har fått ei dominerande rolle.

Kvart år forsvinn store summar ut av offentleg finansiert velferd. Dei kommersielle eigarane brukar mange ulike metodar for å hente ut profitt: utbytte, kompliserte selskapsstrukturar, skyhøge leiarlønningar og styrehonorar, internfakturering og handel med tilknytte selskap. Samtidig som velferdstenestene er under press, tek kommersielle selskap utbytte i milliardsummar frå sal og leige av velferdsbygg som barnehage, helse og barnevernsinstitusjonar.

Slik har vi fått ei veksande gruppe velferdsprofitørar som er ute etter å gjere om skattepengane våre til privat profitt. Skattepengane våre skal gå til felles velferd for å sikre alle innbyggjarar eit godt velferdstilbod, slik at vi får gode barnehagar, eit trygt barnevern, ein god skule og ei god eldreomsorg.

Vi har sett ei rekkje døme på at måla til dei kommersielle om høgast mogleg avkastning bidreg til å svekke både kvaliteten på tenestene og lønns- og arbeidsforholda til dei tilsette. Velferdstenester er arbeidsintensive, det vil seie at mesteparten av kostnadene er knytte til dei tilsette. Derfor ligg òg det store innsparingspotensialet i å ha låg bemanning og/eller kutte i lønns- og arbeidsvilkår for dei tilsette. Profittmotivet går òg utover pensjonen for dei tilsette.

Dei kommersielle selskapa og deira interesseorganisasjonar skyv ofte dei ideelle aktørane framfor seg når dei argumenterer for privatisering, men det er stor forskjell på private ideelle og private kommersielle verksemdar. Ideelle verksemdar som opererer som supplement til det offentlege og ikkje har profittmotiv, har spelt og spelar ei viktig rolle i utviklinga av velferdsstaten. Kommersielle aktørar som driv velferdstenester som er finansierte av fellesskapsmidlane, har som formål å tene pengar. For å få til det lèt dei delar av skattepengane som er løyvd til tenestene, gå til privat profitt. Det er derfor ein grunnleggjande motsetnad mellom å tillate kommersielle aktørar og ha ei velferd utan profitt. Anbodssystemet gjer likevel at også ideelle aktørar blir underkasta konkurranse, med svekking av kvaliteten på tenestene så vel som lønns- og arbeidsforholda til dei tilsette som resultat.

Dei kommersielle aktørane veks fram i høla til velferdsstaten. Det blir ein vond sirkel som styrkjer dei kommersielle tenestene og svekkjer dei offentlege. Vekst i kommersielle aktørar i helsevesenet er vegen til eit meir klassedelt helsevesen. Styrking av offentleg velferd er ein viktig føresetnad for livsvilkåra og fellesskapsløysingane til befolkninga.

## RAUDT VIL:

- a) At skattepengane våre skal gå til felles velferd, ikkje til privat profitt. Kommersielle aktørar skal ikkje ha tilgang til å drive offentleg finansierte, grunnleggjande velferdstenester, og tenester som allereie er tekne over av kommersielle interesser, må takast tilbake og drivast i offentleg eller ideell regi.
- b) At alle offentlege tilskot til velferdstenester skal komme brukarane til gode og tilbakeførast til sektoren ved eventuell nedlegging. Ved eventuelle sal av velferdsinstitusjonar må eigarane ha meldeplikt til kommunen, og kommunen må ha forkjopsrett. Offentlege tilskot skal ikkje følge institusjonen ved eigarskifte.
- c) At føretaksmodell, konkurranseutsetjing og bestillar-/utførarmodell innanfor offentleg verksemd må avviklast.
- d) At der konkurranseutsetjing er brukt som privatiseringsmetode, til dømes for sjukeheimar, reinhald, kollektivtrafikk og renovasjonstenester, skal kommunar og fylke ta verksemdene tilbake i offentleg eller ideell eige og drift når kontrakten går ut, eller ved mishald.
- e) Felles velferd kan ikkje vere forretningshemmelegheiter. Kommersielle velferdsaktørar som leverer tenester til det offentlege, må omfattast av offentleglova, arkivlova og forvaltningslova, slik at offentlegheita, tillitsvalde og pårørande kan ha fullt innsyn i korleis ressursane blir brukte.
- f) At ideelle aktørar blir ramma inn av ein streng og tydeleg juridisk definisjon, og at det blir oppretta eit ideellregister med oversikt over alle ideelle aktørar innan velferda.
- g) Ideelle aktørar bør kunne få tilbod om langsiktige kontraktar, så sant dei held høg fagleg kvalitet og har arbeids- og lønnsvilkår som minst er på nivå med det offentlege.
- h) At så lenge det blir drive velferd i privat regi, må det løyvast nok midlar til å føre tilsyn med tenestene, også økonomisk tilsyn.



# Helse

Raudt vil ha eit offentleg fullfinansiert og folkestyrt helsevesen for å sikre likeverdige tenester til alle. Helse og levealder heng tett saman med sosial og økonomisk ulikskap. Dei som har minst, lever i gjennomsnitt kortare og har dårlegare fysisk og psykisk helse. Raudt arbeider for ein helsepolitikk som reduserer slike forskjellar. Derfor er styrking av fellesskapsløysingar heilt avgjerande for å betre vilkåra for god helse.

Det har vore ei økonomisk motivert nedbygging av helseberedskapen i talet på døgnplassar ved somatiske sjukehus og i psykisk helsevern. Den reduserte beredskapen gjer befolkninga og helsearbeidarane sårbar. For stor arbeidsbelastning er mykje av årsaka til helsepersonellmangelen. Gode lønns- og arbeidsvilkår gir betre helsetilbod.

Alle må vere sikre på at dei får helsehjelp når dei treng det, uavhengig av økonomi og bustad. Raudt vil kjempe imot ei utvikling der folk blir avhengige av private forsikringsordningar eller eiga lommebok for å få den hjelpa dei treng. Kommersielle sjukehus belastar dei offentlege helseøyvingane, dei utdannar ikkje helsearbeidarar, dei tek ikkje ansvar for komplikasjonar som oppstår, og dei har ikkje akutt beredskap.

Alle delar av helsetenesta ber preg av underfinansiering. Eit døme er at nye sjukehus og infrastruktur er underdimensjonert. Ei sterk offentleg helseteneste er ein føresetnad for likeverdige og trygge helsetenester i heile landet.

## Folkestyrte sjukehus

Spesialisthelsetenesta har dei siste 20 år vore driven av nyliberalistiske marknadsprinsipp i helseføretak. Sjukehusa må frigjerast frå føretaksmodellen og bedriftsøkonomisk styring, slik at prioriteringar følgjer helsefaglege vurderingar og behovet til befolkninga. For å sikre god tilgang til helsetenestene i heile landet må vi sikre ein desentralisert sjukehusstruktur gjennom å stanse nedlegging av sjukehus og sentralisering av helsetenester. Primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta må samarbeide om diagnostisering og behandling av pasientar. Finansieringssystema må hindre at folk blir kasteballar i systemet, og samarbeidet må skje på helsefagleg grunnlag, ikkje på bedriftsøkonomiske premisser.

### RAUDT VIL:

- a) Avvikle helseføretaksmodellen og erstatte han med ei ny forvaltningslov for spesialisthelsetenesta, slik at sjukehusa blir organiserte som offentlege forvaltningsorgan, ikkje som bedriftsøkonomiske føretak.
- b) Erstatte innsatsstyrt finansiering (ISF) med 100 prosent rammefinansiering. Budsjett- og rekneskapsføring skal gjerast etter reglane for rekneskapsføring i offentleg forvaltning.
- c) At sjukehusa skal eigast av staten og styrast av Helse- og omsorgsdepartementet og Stortinget med løyvingar til regionale helsestyre i tråd med ein sentralt vedteken sjukehusplan.
- d) Opprette regionale helsestyre med politisk representasjon frå fylkestinget til regionane og eit mindretal av sjukehusoppnemnde helsefaglege tilsette, valde fagforeiningsrepresentantar og valde representantar frå pasientorganisasjonane.
- e) Fjerne byråkratiserande anbods- og rapporteringsregime. Kontroll- og leiarnivåa må reduserast og helseprofesjonane styrkjast.
- f) Viktige funksjonar som reinhald, IKT og ernæring må vere ein del av kjerneverksemda til sjukehuset og ikkje svekkjast ved at det blir sett ut på anbod.
- g) At pasientar skal kunne velje planlagd behandling på andre offentlege eller ideelle sjukehus enn eige lokalsjukehus.
- h) Skilje mellom drift og investeringar i sjukehusa, slik at drifta ikkje blir ramma av nødvendige investeringar. Nye sjukehus skal finansierast gjennom eigne løyvingar.
- i) Sikre pasientar moglegheit til kvalifisert pasienttransport, særleg i distrikt med lang veg til sjukehus.
- j) Styrkje lokalsjukehusa med akuttberedskap, fødetilbod, fleire planlagde oppgåver og fleire tilsette.
- k) Sikre beredskap og forsvarleg drift ved at sjukehus blir dimensjonerte i tråd med tilrådingar frå OECD (og WHO), som er rundt 85 prosent belegg i ein normalsituasjon.
- l) Avvikle kompensasjonen for meirverdiavgift, som gjer det meir lønnsamt for sjukehusa å kjøpe eksterne tenester.
- m) At unntaket frå innleige i helsesektoren blir avvikla. Det blir gjennomført tiltak for å styrkje sjukehusbemanninga, eigen vikarpool/bemanningseining, og at mellomleiarar får høve til å flytte ressursar frå vikarbruk til fast tilsette i bemanningsbudsjetta.
- n) At ordninga med dagbøter for kommunar som ikkje har tilbod eller kompetanse til å ta imot utskrivingsklare pasientar, blir avvikla.
- o) At det blir laga ein nasjonal opptrappingsplan for utdanning av helsefagarbeidarar, sjukepleiarar, vernepleiarar,



- spesialsjukepleiarar og spesialvernepleiarar. Alle skal sikrast lønn og rettar som tilsett under vidareutdanning.
- p) Ha utdannings- og hospiteringsordningar som oppmuntrar til generalistkompetanse og jobb i distrikta for alle grupper helsepersonell.
  - q) Legar og spesialistar som har stilling i det offentlege, skal ikkje ha høve til å jobbe for kommersielle aktørar ved sida av.
  - r) Stanse nedlegginga av fødeavdelingar. Gravide med meir enn ein times veg til fødeavdeling skal sikrast følgjeteneste av jordmor.
  - s) Alle som føder, skal få nok tid på sjukehus, og barselavdelingar skal ikkje ta hotellprisar frå foreldre.
  - t) Fødeavdelingar skal sikrast forsvarleg bemanning heile året og skal ikkje stengje om sommaren.
  - u) Gi alle kvinner rett til å ha med seg partner eller ein støtteperson dei sjølv vel, under svangerskap, fødsel og barsel.
  - v) At det blir jobba med å styrkje dødsomsorga i heile landet og i alle delar av helsetenesta, slik at alle som treng lindrande behandling, får høve til eit verdig og omsorgsfullt dødsleie.
  - w) Arbeide for at Noreg ikkje sluttar seg til EUs helseunion.
  - x) Styrkje helsebiblioteket – gratis tilgang til medisinske databasar, prosedyrar, tidsskrift og forskingsartiklar til alt helsepersonell i heile landet.

## Berekraftig kommunalhelseteneste

Den kommunale helse- og omsorgstenesta har over mange år fått overført stadig større oppgåver for pasientane, men dei økonomiske midlane har ikkje følgt med. Dette går utover nødvendig og forsvarleg kvalitet på kompetanse og kapasitet. Det må sikrast nødvendige statlege midlar. Sentralt i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet til kommunane er helsestasjons- og skulehelsetenesta. Dette er tenester som må styrkjast. Kommuneøkonomien og primærhelsetenesta må styrkjast for å førebyggje og fange opp helseproblem tidleg.

### RAUDT VIL:

- a) Tilby alle legar, sjukepleiarar og anna personell ved helsesentera fastlønnsavtalar.
- b) Sikre ressursar og personell for fysisk og psykisk kvardagsrehabilitering i kommunehelsetenesta.
- c) Sikre kapasitet for legevakttjenestene både i byane og distrikta. Legar må sikrast forsvarleg friperiode etter legevakttjeneste.
- d) Styrkje ambulansetenesta, inkludert helikopter og fly, og sikre stabil drift med fast offentlig eller ideell operatør.
- e) Organisere fødselsomsorga og jordmortenesta slik at familiar blir tilbydde samanhengande omsorg frå jordmor før, under og etter fødselen i eit tverrfagleg samarbeid som er innlemma i primær- og spesialisthelsetenesta.
- f) Sikre helsesjukepleiarar tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til førebyggjande tiltak for barn, unge og familiane deira i samarbeid med eit tverrfagleg team.
- g) Styrkje psykologisk lågterskeltilbod til barn, ungdom og studentar gjennom skule- og studenthelsetenester.
- h) Byggje ut og styrke habiliterings- og rehabiliteringsinstitusjonar, slik at kronisk sjuke, personar som blir utsette for ulykker, og personar med samansette diagnoser, ikkje blir kasteballar mellom sjukehus og kommunale helse- og omsorgstenester.
- i) Arbeide for auka helsesjukepleiarressursar i kommunane og helsestasjonar i alle kommunar. Helsestasjon for ungdom bør utvidast til å gjelde for unge opp til 25.
- j) Styrkje helsestasjonane slik at retningslinjene frå Helsedirektoratet for svangerskaps- og barselomsorg kan følgjast i alle kommunar og bydelar.
- k) Oppsøkjande og heilskaplege tenester til personar med alvorlege og samansette psykiske lidningar, som ACT/FACT-team må byggjast ut over heile landet.
- l) Fleire psykologar med avtale i kommunane.
- m) Auke grunnbemanninga på dagens sjukeheimar og i heimebaserte tenester, slik at det blir attraktive arbeidsplassar for sjukepleiarar, legar og helsefagarbeidarar og eit godt tilbod for pasientane.
- n) Sikre dei tilsette i heimebaserte tenester tid og tillit til å gjere jobben sin og samtidig sørgje for at dei som får hjelp, må få hjelp av færrest mogleg ulike personar.
- o) Sikre at førstelinja til helsetenesta har kompetanse på skeiv helse.
- p) Styrkje helsestasjonar for ungdom med kompetanse på kjønn og seksualitet etter modell frå helsestasjonen for kjønn og seksualitet (HKS) i Oslo.



## Folkehelse, tannhelse og førebygging

Aukande forskjellar i samfunnet kjem òg til uttrykk i folkehelsa. God helsepolitikk må sikre likt tilgjenge til helsetenester og redusere forskjellar. Økonomiske forskjellar gjer at mange døyr tidlegare enn andre fordi livsvilkåra deira er dårlegare enn for dei som har betre økonomi. Ikkje berre klasse, men også kjønn, geografisk bustad og etnisk bakgrunn påverkar helsesituasjonen. Over tid har det vore eit problem at gutar og menn ikkje oppsøker legehjelp så ofte som dei burde. Dersom helsevesenet kjem i kontakt med menn tidlegare, kan mange alvorlege helseproblem førebyggjast.

Sjå òg eige delkapittel om kvinnehelse.

Det må vere helsebehovet som avgjer kven som får helsehjelp, inkludert tannhelsehjelp. Folk som ikkje har råd til tannlegen, må leve med smerter, men dårleg tannhelse kan òg føre til hjarte- og karsjukdommar, underernæring og sosial isolasjon. Tennene er ein del av kroppen og bør vere det òg i helsepolitikken.

### RAUDT VIL:

- a) Innføre ei universelt tilgjengeleg tannhelseteneste der tennene blir behandla som ein del av kroppen og tannhelsetenester blir likestilte med andre helsetenester, til dømes gjennom ei eigendelsordning.
- b) At ei tannhelsereform som likestiller tennene med resten av kroppen, også bør ha tiltak for at pasiane ikkje aukar urimeleg mykje, som pristak.
- c) Motarbeide kjededanninga i tannhelseklinikkar, og styrkje dei offentlege tannhelsetenestene.
- d) Sikre retten til offentlig tannbehandling i narkose for pasientar som har behov for det.
- e) At eigendelar i helse skal reduserast og fjernast så raskt som mogleg.
- f) Avvikle ordninga med ikkje-møtt-gebyr og erstatte henne med rutinar for å sikre oppmøte for pasientar på andre måtar.
- g) Utvide gratis helsetenester opp til 18 år.
- h) Sørge for at utgifter til briller både til barn og til vaksne blir dekte på same måte som andre helsehjelpemiddel.
- i) Sikre at økonomi ikkje blir eit hinder for høvet til å ha eit sunt kosthald, til dømes ved å kutte moms på norskprodusert frukt og grønt.
- j) Gjeninnføre retten til fysioterapi utan eigendel for menneske med kroniske sjukdommar.
- k) Sikre at alle menneske i Noreg har eit lett tilgjengeleg offentlig helsetilbod, også papirlause migrantar og personar med D-nummer.
- l) Private helseforsikringar bidreg til å skape eit todelt helsevesen og bør på sikt avviklast.
- m) Gi kronisk sjuke rett til nødvendige medisinar og behandlingsmateriell på blå resept.
- n) Sikre ei verdig behandling av kronisk sjuke med til dømes ME, fibromyalgi, post-covid og tilsvarande symptom. Ingen skal bli tvinga til å gå gjennom behandling som ikkje blir dekt av det offentlege av Nav, eller behandling som dei kan bli sjukare av.
- o) Systemet for innføring av nye medisinar/legemiddel blir endra slik at saksbehandlingstida går ned, og faglege og samfunnsmessige kriterium blir førande, for å gjere fleire medisinar tilgjengelege. Einingsprisar og dei samla kostnadene for nye legemiddel skal vere offentlege.
- p) At Noreg jobbar for å styrkje utviklinga av vaksinar og diagnostiske verktøy som kan førebyggje antibiotikaresistens.
- q) At Noreg skal arbeide for at viktige medisinar og vaksinar blir tilgjengelege for alle og for ei rettferdig internasjonal fordeling av medisin.
- r) Utvikle produksjon av nødvendige legemiddel i Noreg, og jobbe for endringar i legemiddelindustrien slik at det ikkje blir mangel på nødvendige legemiddel.
- s) At apotek skal drivast i offentlig regi.
- t) Forenkle tilgangen til medisinsk cannabis for pasientar med behov for det.
- u) Dekkje behovet for organonasjonar gjennom frivilligheit, der dei som ikkje ønskjer det, aktivt kan reservere seg.
- v) Føre ein restriktiv tobakks- og alkoholpolitikk.
- w) Seie nei til liberalisering av dagens skjenketider.
- x) Halde oppe salsmonopol for brennevin, vin og sterkøl. Det skal ikkje vere alkoholsal på bensinstasjonar eller kioskar, eller hos forretningar eller tenesteytarar som har anna enn servering/sal som hovudteneste (til dømes frisørar, bokhandlar og møbelbutikkar).
- y) Innføre eit pilotprosjekt for å prøve ut eit nasjonalt screeningprogram for prostatakraft.
- z) Der det finst alternative produsentar, skal ikkje apoteket kjøpe inn medisinar frå det israelske legemiddelselskapet TEVA.
- aa) Utvikle og innføre tydeleg merking av ultraprosesserte matvarer, inspirert av ordninga med nøkkelhølmærkte matvarer.



## Psykisk helse

Økonomiske problem, ein vanskeleg bustadmarknad, konkurransepress, arbeidsløyse og andre sosiale problem verkar inn på den psykiske helsa til den enkelte. Psykisk og fysisk smerte som følgje av vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep i barndommen og vald i nære relasjonar er ofte skjulte problem. Raudt arbeider for ei psykisk helseteneste der den enkelte blir sett i den sosiale konteksten sin, og der det blir arbeidd for kollektive løysingar som gir rom for å ta hand om individuelle behov. Pasienten blir tilbydd heilskapleg omsorg. Psykisk uhelse kan føre til somatiske problem, og somatisk sjukdom kan gi psykisk påverking.

Økonomiske vanskar kan både utløyse og halde fast ved psykiske vanskar som angst, depresjon og sjølv mordstankar. Fleire studiar viser at personar med gjeldsproblem har mykje større risiko for å ha hatt sjølv mordstankar. I Noreg er det flest menn som tek sitt eige liv, medan det truleg er fleire sjølv mordsforsøk blant kvinner. Det førebyggjande arbeidet bør derfor inkludere både kjønnsdimensjon og økonomi i tillegg til andre faktorar.

### RAUDT VIL:

- a) Stanse sentralisering av tenestetilbod slik at alle som treng det, får eit godt psykisk helsetilbod uavhengig av bustad.
- b) Sikre at pasientar får informasjon om behandlingstilbod som er relevante for tilstanden deira, og høve til å velje mellom dei. Det krev tilstrekkeleg med ressursar og god kommunikasjon før, under og etter behandling.
- c) Sørgje for at psykisk helsearbeid blir tilført dei ressursane som er nødvendige for å gi rask hjelp og eit fullverdig behandlingstilbod over så lang tid som trengst. Alle som treng det, skal få tilgang til behandling.
- d) Ikkje ha pakkeforløp i psykisk helseteneste og tverrfagleg spesialisert rusbehandling som fører til kategorisering og målstyring.
- e) Auke kapasitet til og talet på offentlege tilbod som gir medisinfrie behandlingar av psykisk uhelse. Fleire pasientar har nytte av medisinane, men ingen skal kjenne seg tvinga til å halde fram med medisinerings på grunn av manglande ressursar i helsetenesta.
- f) Redusere ventetidene og tilby tidlege intervensjonar for å førebyggje alvorlegare psykisk uhelse og redusere tilbakefall. Førebyggjande tiltak er til dømes styrking av skulehelseteneste, etablering av fleire langtidsplassar, ei utvida ordning med brukarstyrte senger og å styrkje sjølv mordsførebyggjande tiltak.
- g) Redusere bruken av tvangsmiddel i psykisk helsevern. Dette krev betre rammevilkår, auka kompetanse og meir brukarmedverknad.
- h) Styrkje psykologisk kompetanse i ambulansetenesta.
- i) Mindreårige med behov for psykisk helsehjelp eller behandling treng ein saumlaus overgang frå ungdomspsykiatri til vaksenpsykiatrien og resten av helsevesenet, slik at dei får ei kontinuerleg og føreseieleg behandling.
- j) At alle kommunar skal ha lett tilgjengeleg tilbod ved psykiske kriser, til dømes «Rask psykisk helsehjelp» og at Rask psykisk helsehjelp tilbyr økonomisk rettleiing og gjeldsrådgiving, og samarbeider med Nav.
- k) At tiltak for å avdekkje og handtere gjeldsproblematiske og økonomiske problem får ein plass i det sjølv mordsførebyggjande arbeidet.
- l) At alle distriktpsikiatriske senter og andre institusjonar for psykisk helse og rusbehandling har tilgang til gjeldsrådgivarar.
- m) At tiltak for å avdekkje og handtere den psykiske helsa til menn og gutar får ein plass i det sjølv mordsførebyggjande arbeidet.
- n) Arbeide for førebyggjande tiltak mot eteforstyrningar. Alle helseregionar skal styrkje spesialkompetansen for behandling av eteforstyrring.
- o) Styrkje samarbeidet mellom ulike instansar, som skulehelseteneste, sosialteneste og BUP og dessutan mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta.
- p) At personar med avhengnadsproblematiske, som spelavhengnad, skal få oppfølging og tilbod om psykisk helsehjelp.
- q) Gjeninnføre langtidsplassar for kronisk psykisk sjuke, slik at pasientane ikkje blir kasteballar i systemet. Dette skal hindre lite tenlege behandlingssløp og tidleg død.
- r) Kjempe mot einsemd og isolasjon ved å satse på arbeidsretta lågterskeltilbod til folk som slit psykisk, utan tilvising og ventetid – til dømes Fontenehus.



## Ein solidarisk og human ruspolitikk

Brukarar av ulovlege rusmiddel skal møtast med den same respekten som andre. Ruspolitikken vår skal setje skadereduksjon og solidaritet med brukarar, pårørande og dei skadelidande i produksjons- og transittland først. Vi ønskjer ein restriktiv, human og kunnskapsbasert ruspolitikk der ein ser på rusproblem som sosial- og helseproblem framfor som kriminalitetsproblem.

### RAUDT VIL:

- a) At folk med rusproblem ikkje blir kriminaliserte, men blir tilbydde gode hjelpetiltak. Bygge opp tilstrekkeleg kapasitet på behandlingsplassar og eit mangfald av behandlingsmetodar til rusavhengige og sikre finansiering slik at spesialisthelsetenesta og kommunane tek hand om sørgje-for-ansvaret sitt.
- b) Styrkje førebyggjande arbeid, rusfrie møteplassar, involvering av pårørande og tidleg hjelp til barn og unge i risikosona.
- c) Anerkjenne arbeidslivet som ein sentral arena for tidleg innsats og førebygging av rus- og avhengnadsproblematikk.
- d) Legalisere og regulere omsetninga av cannabis innanfor eit system likt Vinmonopolet, og dessutan avkriminalisere bruk og innehaving av andre rusmiddel til eige bruk. Uregulert sal vil framleis vere ulovleg. Personar skal framleis møtast med oppfølging for å førebyggje meir alvorleg rusproblematikk, og det skal arbeidast for å ta tak i underliggjande årsaker.
- e) Styrkje ettervernet og sørgje for at det blir ein integrert del av behandlingstilbodet. Vidare lage tilbakeføringsprogram med individuell oppfølging slik at den enkelte kan komme tilbake til arbeid, utdanning eller annan aktivitet og ha eit verdig butilbod. Opprette eit samarbeid mellom tverrfagleg spesialisert behandling av ruslidingar (TSB) og kommunane.
- f) Utarbeide nasjonale rammer for ettervern som kommunane har plikt til å kunne tilby.
- g) Sørgje for at alle store kommunar har sprøyterom eller brukarrom, og at sprøyterom eller brukarrom blir tillate i alle kommunar.
- h) At heroinassistert behandling (HAB) må gjerast lettare tilgjengeleg som eit alternativ for tunge heroinbrukarar, i tillegg til legemiddelasistert behandling (LAR). Medikamentsutvalet i LAR må utvidast. Rehabilitering i HAB og LAR må styrkjast.
- i) Når ein søker hjelp for ruslidingar, må ein ikkje møtast med automatiske sanksjonar som tap av førarrett.
- j) Tilby rusmiddelanalyse for å avsløre kontaminerte rusmiddel og hindre overdosar.
- k) Leggje til rette for at behandling av rusavhengige kan skje i ulike avdelingar for menn og kvinner.
- l) Styrkje førebyggingsarbeidet mot rusbruk i ungdomsskulen og vidaregåande skule.
- m) «Housing first» må vere eit førande prinsipp for alle menneske i rusbehandling.
- n) Sørgje for tilstrekkeleg behandlingstilbod innan tverrfagleg rusbehandling (TSB), over så lang tid som trengst, basert på faglege vurderingar. Mangfaldet blir dekt av ulike offentlege tilbod med ideelle som supplement.

## Kvinnehelse og likeverdige helsetjenester

Gjennom størstedelen av den medisinske historia har helsetenestene blitt utvikla gjennom forskning på menn, med ein hypotese om at resultata òg er gyldige for kvinner. Men forskjellar er større enn ein har trudd. Kvinner har oftare enn menn kroniske sjukdommar, oftare fleire sjukdommar samtidig og er meir utsette for biverknader av medikament. Resultatet er at vi manglar kunnskap om sjukdommar som berre eller mest rammar kvinner, og at kvinner risikerer forseinka diagnostisering og biverknader av medisinar fordi diagnoseverktøy og medisinar ikkje er tilpassa dei. For å sikre likeverdige helsetenester må det forskast meir på kvinnehelse, og kjønnsperspektivet må takast inn i alle ledd av helsetenestene.

### RAUDT VIL:

- a) Innføre krav om kjønnsperspektiv i medisinsk og helsefagleg forskning.
- b) Auke løyvingar til kvinnehelseforskning i Noregs forskingsråd til dei allmennmedisinske forskningseiningane og Senter for kvinnehelseforskning.
- c) Innføre krav om at det skal liggje eit kjønnsperspektiv til grunn i alle nasjonale retningslinjer, rettleiingar og tilrådingar frå Helsedirektoratet og i utforminga av helsetenestene.
- d) At alle medikament som blir marknadsførte i Noreg, skal ha informasjon om biverknadsrisiko og dosetilrådingar for både menn og kvinner.
- e) At sjukehusa blir instruerte i å auke kapasiteten og kompetansen på kvinnespesifikke sjukdommar. Vi treng eit sentralisert behandlingssenter for avansert endometriosekirurgi, og det må sikrast vulvaklinikkar med god kapasitet i alle helseregionar.
- f) At det blir stilt krav om sluttkompetanse om betydninga av kjønn og kvinnehelse i både rammeplanar og retningslinjer for helseutdanningane.
- g) At forskning på og behandling av kroniske smerter blir prioritert, og at det blir oppretta eit nasjonalt



kompetansesenter for kronisk smerte.

- h) At HMS-regelverket blir oppdatert i tråd med ny kunnskap om helserisiko i kvinneledominerte sektorar.
- i) At det blir oppretta eit forskingsprogram for helsa til eldre kvinner.
- j) At yrkessjukdomslista blir oppdatert slik at vanlege yrkesrelaterte sjukdommar i dei store kvinneledominerte yrka blir tekne inn på lista.
- k) Sikre at kvinner og helsepersonell får oppdaterte og trygge råd om medikament og dosering frå legar og farmasøytar.

### **Pårørande til sjuke og pleietrengande**

Tungt pleiearbeid har blitt forskyvd frå det offentlege til det individuelle, og konsekvensen er ei større belastning på dei pårørande. Omsorgstenesta må samarbeide med pårørande som har tungt omsorgsarbeid, for å finne gode hjelpetiltak som bidreg til å redusere påkjenninga og slitasjen deira.

#### **RAUDT VIL:**

- a) At det skal takast omsyn til heilskaplege behov når familiar der fleire er kronisk sjuke, søker om helse- og omsorgstenester.
- b) Gi studentar som har kronisk sjuke barn med kontinuerleg behov for pleie og tilsyn, rett til omsorgsstønad dersom dei ikkje har krav på pleiepengar.
- c) At mottakarar av uføretrygd som også får omsorgsstønad for særleg tyngjande omsorgsarbeid, ikkje skal få uføregraden nedvurdert.
- d) Sikre pårørande nødvendig fagleg støtte, rettleiing og avlasting dersom pleietrengande personar ønskjer å bu heime så lenge som mogleg og dei har pårørande som ønskjer at dei skal vere heimebuande.
- e) Forbetre regelverket for permisjonsmoglegheitene til pårørande i arbeidslivet for å sikre likestilling og betre moglegheitene til å kombinere arbeid og omsorg utan å pådra seg økonomiske problem eller falle ut av arbeidslivet.
- f) Personar som treng BPA, skal få det uavhengig av kva kommune dei bur i. Brukarstyrt personleg assistanse bør vere statleg finansiert. Kommunal tildeling gir for store forskjellar. Rettane til dei tilsette må takast hand om.



# Styrking av barnevernet og rettane til barn og unge

Alle barn og unge har rett til å vokse opp i trygge omgivelser med tilbud i tråd med deres behov. Økonomiske forskjeller skaper sosiale problemer som må løses i fellesskap.

Gjennom fellesskapet har barnevernet ansvar for å beskytte og ivareta de mest sårbare barna i samfunnet vårt og må derfor styrkes. Tilliten til barnevernet er en viktig faktor for å sikre at tjenesten skal fungere godt.

Utviklinga av barnevernet må være basert på barnets beste og legges av barna og fagprofesjonene med barnevernsfaglig kompetanse. Det er for mange barn og familier som ikke får hjelpen de har behov for. Barn og unge må sikres kunnskap om hvilke rettigheter de har. Familier med utfordringer må få mer hjelp, og de mest utsatte barna og ungdommene må få det tilbudet de trenger.

Sosiale forskjeller må vektlegges sterkere i utdanningene for å gi en bedre forståelse av hvordan sosial bakgrunn og levekårsproblemer i familier med dårlig råd og språkbarriere påvirker samhandlingen mellom barnevernet og familier. Barnets språklige og kulturelle bakgrunn skal vektlegges slik at eventuelle fosterhjem får nødvendig informasjon og opplæring.

Minste inngreps prinsipp krever godt barnevernsarbeid og derfor at saksbehandler har tid til å følge opp og har tid til å finne ut hva som passer den aktuelle familien spesifikt. Det er vanskelig å gjennomføre når saksbehandlerne har så mange saker som i dag. Anstendige arbeidsvilkår og lønnsvilkår er avgjørende for å sikre gode tjenester og sikre at kompetansen forblir i barnevernet. Bemanningen i barnevernet må derfor styrkes ved at det innføres en bemanningsnorm i barnevernet.

Vi kan ikke overlate omsorgen for de mest sårbare barna og ungdommene til kommersielle, profittmotiverte aktører. Dette er våre barn, og fellesskapets penger som er innvilget til barnevern, skal gå til å hjelpe disse, ikke til noen få som beriker seg.

Les mer om velferd uten profitt i kapitlet om profittfri velferd.

## RAUDT VIL:

- a) Styrkje det desentraliserte barnevernet der barn og familiar bur.
- b) Utarbeide konkrete opptrappingsplanar for kapasitet og kompetanse i barnevernstenesta. Opptrappingsplanen skal sikre at eigarskap og drift i barnevernet er offentleg og i langsiktig samarbeid med ideelle aktørar. Anbod i barnevernstenesta blir avvikla.
- c) At alle einingane til kommunen som arbeider med oppveksten til barn, skal samarbeide om felles, førebyggjande arbeid.
- d) At behova til barn som blir plasserte på barnevernsinstitusjonar, blir sette i sentrum. Institusjonar må ha kompetansemiljø som kan handtere ulike plasseringskategoriar og omsorgsbehov, slik at flytting kan unngåast, med mindre det er til beste for barnet.
- e) At alle barn og unge som har tilbod frå barneverntenesta, skal sikrast god individuell oppfølging av behov frå spesialisthelsetenesta, kommunal psykisk helseteneste, helsesjukepleiar eller andre aktuelle tiltak.
- f) At rettleingsarbeidet og oppfølginga av fosterheimsfamiliar må betrast i både kommunale og statlege fosterheimar.
- g) Auke forståing av klassebakgrunn og ei fleirkulturell forståing og kompetanse i barnevernet for betre dialog, tilpassa hjelpetiltak og bygging av tillit.
- h) Sikre tilpassa tiltak, også i ettervernsfasen mellom 18 og 25 år.
- i) Styrkje bemanninga, slik at barnevernet blir sikra ei tverrfagleg og god bemanning. Bemanningsnorma må stå i ein prosentvis befolkningsrate, behovsprøvd etter oppdeling av tenesta.



- j) I tilfelle det er behov for tolk, sikre at det er ein kvalifisert tolk utan tilknyting til barnet eller saka.
- k) Innføre ei autorisasjonsordning for sosialpersonell, til dømes sosionomar og barnevernspedagogar, på linje med dagens autorisasjon av vernepleiarar.
- l) At alle barn skal sikrast god oppfølging, og at stemma til barnet skal bli høyrd og vektlagt.
- m) Gå tilbake til og fullfinansiere dei statlege refusjonsordningane med særskilde refusjonar til kommunane for bruk av fosterheim eller institusjonsopphald for barn, og at dei ikkje skal innarbeidast i rammetilskotet til kommunane.
- n) Auke ressursane til kommunane til rettleiing av foreldre for å gjere dei i stand til å få tilbake omsorga. Dette trengst grunna endra rettspraksis rundt omsorgsovertakingar.
- o) At barnehusa må styrkjast med fleire tilsette med kompetanse til å ta hand om rettane til barn.
- p) Auke ressursane og kompetansen til det kommunale barnevernet. Det er særleg viktig å auke kvaliteten på det barnevernfaglege arbeidet så det fell saman med Den europeiske menneskerettskonvensjonen og FNs barnekonvensjon.
- q) Sikre fosterforeldre pensjonsopptening og velferdsrettar ved sjukdom, slik at fleire kan ta på seg oppgåva.
- r) At barnevernsreforma blir fullfinansiert, slik at kommunane faktisk har høve til å oppfylle dei nye pliktene sine.
- s) Uføre som er fosterheim, skal ikkje ha trekk i trygd.
- t) Betre opplæring av barneverntilsette om funksjonsnedsetjingar og CRPD.



# Eldrepolitikk

Eldre er ei mangfaldig gruppe. I dag er mange eldre menneske ein unytta ressurs i samfunnet og kan framleis bidra i arbeidslivet. Raudt vil derfor kjempe mot aldersdiskriminering og sikre likebehandling av eldre ved tilsetjingar. Rundt 140 000 eldre lever på minstepensjon under fattigdomsgrensa – dei fleste av desse er kvinner. Eit av dei viktigaste tiltaka for å jamne ut forskjellar blant eldre er å byggje gode helse- og omsorgstenester som sikrar alle den hjelpa dei treng, uavhengig av privatøkonomi. Omsorgstenester er eit offentleg ansvar, og skal ikkje skyvast over på enkeltindividet, pårørande og frivillige.

Eldre skal inkluderast i alle delar av samfunnslivet, og viktige tenester skal vere tilgjengelege for alle, også dei som ikkje meistarar digitale hjelpemiddel. Kontantar skal framleis vere eit gyldig betalingsmiddel, og det skal vere lett å få snakke med ein person når ein tek kontakt med det offentlege. Eldre skal kunne bu i eigne heimar så lenge dei sjølv ønskjer, men få tilbod om omsorgsbustad med heildøgnsbemanning, eller sjukeheims plass når dei kjenner behov for meir omsorg og hjelp. Raudt vil leggje til rette for at eldre skal kunne bu heime og ta i bruk ny behandling og velferdsteknologi, men eit mål om at eldre som ønskjer, det skal bu heime, må ikkje brukast som sparetiltak. Vi ønskjer ei utbygging av omsorgs- og seniorbustader, og fleire sjukeheims plassar. Det er nødvendig å styrkje kommuneøkonomien for å få dette til. Einsemd blir rekna som den nye folkesjukdommen, og stadig fleire eldre sit engstelege og redde i eigen heim. Raudt ønskjer derfor at det blir skapt fleire møteplassar for eldre, og bustader der eldre kan bu trygt med andre i alle aldrar. Samarbeidet mellom frivillige organisasjonar og det offentlege må bli betre, slik at eldre ressursane sine kan utnyttast betre også for å unngå einsemd. Prosentdelen eldre vil auke i åra framover. For å kunne ta vare på eldre med hjelpebehov og yte god omsorg er vi avhengige av auka bemanning i både heimetenesta og på sjukeheimar. Vi må derfor jobbe målretta mot å rekruttere fleire tilsette innanfor helse og omsorg for å sikre at alle eldre får tilgang til hjelpa dei treng, uavhengig av lommebok og privat nettverk.

## Ein god alderdom

### RAUDT VIL:

- a) Kjempe mot fordommar og aldersdiskriminering i arbeidslivet, og sørgje for at vi dreg nytte av den erfaringa og kunnskapen eldre menneske har. Dersom eldre skal kunne arbeide lenger, må dei få høve til å jobbe.
- b) Styrkje tilbodet om digital opplæring og hjelp for å forhindre digitalt utanforskap.
- c) Leggje til rette for frivillig innsats frå eldre.
- d) Sikre at eldre får delta i samfunnet uavhengig av økonomi.
- e) Sørgje for at omsorgsbustadene og ein stor del av seniorbustadene anten er rimelege utleigebustader eller burettslag med priskontroll (slik ein har hatt i mange omsorgsbustad-burettslag frå før.
- f) Gi gratis tryggleiksalarm til eldre som treng det.
- g) Redusere eigendelane i eldreomsorga.

## Bo- og omsorgstilbud

### RAUDT VIL:

- a) Auke dekningsgraden av sjukeheims plassar og bufellesskap med heildøgnsbemanning, slik at det blir eit tilgjengeleg tilbod når eldre har behov for det.
- b) Byggje ut fleire korttids plassar i sjukeheimar/helsehus slik at eldre som blir skrivne ut frå sjukehuset, får oppfølging og den hjelpa dei treng.
- c) At alle sjukeheimar skal få gode og tilrettelagde uteområde.
- d) Sikre eldre sunn og næringsrik mat anten gjennom kjøkken på sjukeheimar med eigne tilsette eller gjennom levering.
- e) Gjennomføre ei storstila bygging av omsorgsbustader og seniorbustader med livsløpsstandard. Eldre i fleiretassjes bygg utan heis skal få tilbod om ein tilrettelagd bustad så fort helsesituasjonen tilseier det. Bygging av slike bustader må skje desentralisert, slik at bebuarar kan bu på heimstaden lengst mogleg.
- f) Utvikle nye buformer som er tilpassa behovet til eldre menneske. Slike bustader skal ikkje erstatte sjukeheimar, men vere ei tilpassa buform for eldre som ønskjer eit enklare liv med høve til meir sosial kontakt. Det må òg satsast på rehabilitering og gjennomføring av tiltak slik at den eldre kan halde fram med å bu heime i eigen bustad.
- g) Sikre eldre tilgang til offentlege seniorsenter eller møteplassar som kan bidra til betre helse og trivsel, og dessutan førebyggje einsemd og sosial isolasjon. Tilbodet må bli ein attraktiv møtestad også for «dei yngre» eldre, og ein stad der ein kan omgåast på tvers av generasjonar.



## Helse- og omsorgstenester

### RAUDT VIL:

- a) At eldre skal kunne bu heime så lenge dei sjølv ønskjer, men få tilbod om omsorgsbustad med heildøgns omsorg og pleie, eller sjukeheims plass når dei kjenner behov for meir omsorg og hjelp.
- b) Leggje til rette for at eldre som ønskjer å bu heime, får den nødvendige offentlege helsehjelpa og praktiske hjelpa dei treng for å klare det.
- c) Redusere eigendelane i eldreomsorga med eit langsiktig mål om at alle tenester skal vere gratis.
- d) Auke innsatsen for å førebyggje vald og overgrep mot eldre gjennom å styrkje kompetansen til dei tilsette, og sikre tilstrekkeleg med bemanning.
- e) Sørge for at det blir etablert gode og rimelege transportordningar for eldre slik at dei lettare kan halde oppe eit aktivt liv uavhengig av økonomi.
- f) Auke midlane til den kulturelle spaserstokken, og inkludere eldre som bur heime i tilbodet.
- g) Betre samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta og dei kommunale helsetenestene. Eldre skal få tilstrekkeleg med helsehjelp og liggjedøgn på sjukehusa, og det skal finnast eit trygt tilbod som ventar på dei når dei blir skrivne ut.
- h) Arbeide for å redusere overmedisinering i eldreomsorga. Medisinar skal ikkje brukast som ei erstatning for manglande hjelp og bemanning.
- i) Gi gratis tryggleiksalarm til eldre som treng det.
- j) Sikre at eldre som ønskjer å bu heime, får støtte til enkle vaktmeisteroppgåver som snørydding og strøing. Heimehjelparar kan bidra til betre praktisk hjelp inne i bustaden.

## Demens

### RAUDT VIL:

- a) Auke investeringane i forskning på demenslidingar.
- b) Styrkje det geriatriske spesialisthelsetilbodet og sikre eldre og personar med demenssjukdom og dei pårørande eit verdig liv. Dette krev auka tverrfagleg fagkompetanse.
- c) At alle personar med demensdiagnose skal få ein individuell plan og demenskoordinator, anten ein bur heime eller på institusjon.
- d) Sikre heildøgnsomsorg for personar med demens straks det er behov for det. Kommunane har primæransvaret for at alle får den hjelpa og omsorga dei treng, og ansvaret må ikkje skyvast over på pårørande og frivillige.
- e) Skape eit godt avlastingstilbod for pårørande til personar med demens. Når pårørande utfører omsorgsarbeid for personar med demens, kan det vere særleg tyngjande, og det fører ofte til sterk slitasje eller sjukdom.
- f) Sikre eit aktivitetstilbod på sjukeheimane som er tilpassa personar med demens, for at dei skal få halde oppe ein best mogleg livskvalitet.
- g) At fleire kommunar skal samarbeide om å byggje demensbyar.



# Barnehage

Barnehagar er ei viktig velferdsteneste som gir barn frå alle samfunnslag ein trygg og lærerik stad å vere, og som gjer det mogleg for foreldra å jobbe. Alle skal ha høve til å gå i barnehage, uavhengig av inntekta til familien. Foreldrebetalinga og skattepengane våre skal berre gå til ungane sitt beste, og kommersielle aktørar bør ut av sektoren. Bemanninga i barnehagane er i dag for låg, og det fører til eit dårlegare tilbod for ungane og auka belastning på dei tilsette. Raudt vil ha fleire tilsette i barnehagane slik at kvart enkelt barn blir sett og følgt opp på ein god måte. Barn i barnehagen skal få leike, og Raudt går imot innføringa av byråkratiske og obligatoriske testar og kartleggingar. Barnehagane må rustast opp for å sikre ungane og dei tilsette eit betre fysisk miljø, og alle ungar bør få servert mat i barnehagen.

## Barnehage for alle

### RAUDT VIL:

- a) At barnehage skal vere gratis. Dette kan innførast ved gradvis å redusere makspris eller gjere det gratis aldersgruppe for aldersgruppe.
- b) At alle barn skal ha rett til barnehageplass. Opptaksordninga skal sikre ei allsidig og inkluderande samansetning av barnegruppene i nærmiljøet og motverke strukturelle forskjellar mellom private og offentlege barnehagar.
- c) Innføre to barnehageopptak slik at foreldre i mindre grad står utan inntekt medan ein ventar på barnehageplass.
- d) At kommersielle aktørar ikkje skal få drive barnehagar. Kommunane får forkjøpsrett og blir sikra midlar til å kjøpe barnehagar av kommersielle aktørar som nektar å omstille til profittfri drift. Det skal framleis sikrast mangfald i barnehagesektoren, både gjennom eit mangfaldig kommunalt tilbod og ved ideelle aktørar.
- e) Seie nei til at barnehagelærarar blir pålagde å bruke standardiserte verktyø og undervisningsopplegg. Raudt vil respektere metodefridommen og det faglege skjønnnet til barnehagelæraren.
- f) At det ved eigarskifte skal søkjast om ny godkjenning, og at dei folkevalde skal kunne trekkje tilbake godkjenninga for private barnehagar ved overdekning av barnehageplassar.
- g) Barn skal få servert eit gratis måltid kvar dag i barnehagen.
- h) At barnehagen skal ha ein religionsfri formålsparagraf.
- i) Regulere og finansiere barnehageeigedom slik at offentlege midlar og foreldrebetaling går til tilbodet til barna, og ikkje til urimeleg høge eigedomskostnader.

## Barnehagar med nok tilsette i gode lokale

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje bemanningsnorma, med mål om ei norm på minst éin tilsett per to barn under tre år og minst éin tilsett per fem barn over tre år.
- b) Bemanningsnorma skal gjelde kvar dag og på gruppenivå, og dessutan blir knytte opp til ei opningstid på 9 timar. Ved lengre opningstider skal bemanninga styrkjast tilsvarande.
- c) At den rettleiande statlege arealnorma for inne- og uteområdet til ungane må gjerast bindande for alle barnehagar.
- d) Sikre stadlege styrarar med barnehagelærarutdanning eller anna pedagogisk utdanning i alle barnehagar.
- e) Styrkje barnehagelærarnorma slik at minst halvparten av grunnbemanninga er barnehagelærarar.
- f) Sikre at barnehagebygningane oppfyller krav til fysisk arbeidsmiljø og universell utforming. Kommunane blir sikra midlar til dette.
- g) Redusere krava til rapportering og dokumentering i barnehagane, slik at arbeidsbyrda til dei tilsette blir redusert og dei får meir tid saman med ungane.

## Barnehagar som sikrar tryggleik og god utvikling for alle barn

### RAUDT VIL:

- a) At barn skal få oppfylt retten til spesialpedagogisk tilrettelegging, og at oppfølginga skal utførast av tilsette med spesialpedagogisk kompetanse. Spesialpedagogisk bemanning i barnehagen skal alltid komme i tillegg til ordinær bemanning.
- b) Styrkje PPT (pedagogisk-psykologisk teneste).
- c) At det skal tilbyast eit næringsrikt og sunt måltid per dag i alle barnehagar. Måltidet skal lagast av tilsette som kjem i tillegg til dei som blir omfatta av bemanningsnorma, fortrinnsvis med matfagleg kompetanse.
- d) Motarbeide obligatorisk testing og kartlegging av barn i barnehagen.
- e) At dei tilsette i barnehagen gjennom alderstilpassa formidling skal bidra til at barna utviklar tryggleik til eigen kropp, kjønnsidentitet og seksualitet slik at dei blir i stand til å setje grenser for eigen kropp og respektere andre sine grenser.



## Trygge og føreseielege arbeidsforhold for barnehagetilsette

### RAUDT VIL:

- a) At barnehagelærarar må ha avsett nok tid til å planleggje og førebu det pedagogiske tilbodet og aktiviteten i barnehagen.
- b) At private barnehagar som ikkje tilbyr tariffavtalar med minimum same lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår som dei offentlege barnehagane, ikkje skal få offentlig støtte.
- c) Innføre krav om barnehagefagleg kompetanse i den kommunale barnehageforvaltinga.
- d) Gi kommunane høve til å prioritere ekstra tilskotsmidlar til auka bemanning, kompetanse og betre fasilitetar for barnehagar som ligg i område med sosiale utfordringar.
- e) At barnehagetilsette blir sikra moglegheit til etter- og vidareutdanning og tilbod om å ta fagbrev og barnehagelærarutdanning.



# Skule

Det er kampen mot Forskjells-Noreg som er den aller viktigaste saka til Raudt – òg i skulepolitikken. Barn og unge brukar 13 år av livet sitt i skulen. Raudt vil arbeide for å gjere skulen mest mogleg meningsfylt for dei og gi eit godt opplæringstilbod på barn og unge sine premissar.

Årsaka til problema i skulesektoren er ein alvorleg systemsvikt. Kunnskapsløftet er bygd opp med læreplanar med over tre hundre kompetansemål, system for testing og kontroll og ein generell del. Dette er basert på New Public Management-tenking, og Raudt vil arbeide for å avvike dette.

I dag er skulen best tilpassa elevar frå akademiske heimar og reproducerer klasseforskjellar og kjønnsforskjellar. Kunnskapssynet dei siste tiåra har blitt meir og meir teoretisk orientert, timetalet i dei teoretiske faga har auka, og samtidig lærer elevane mindre. Resultatet av dette er ein skule som reproducerer klasseforskjellar, auka skulefråvær og dårlegare psykisk helse blant barn og unge. Skulen i dag reproducerer òg kjønnsforskjellar. Gutar har systematisk dårlegare resultat i skulen og lågare gjennomføringsgrad enn jenter. Vidaregåande opplæring er framleis i svært stor grad kjønnsdelt. Raudt meiner at ein meir fleksibel skule med mindre testing og teori vil byggje ned desse forskjellane. Raudt er for at skuleløpet startar med sjuåringane. Seksåringane skal tilbake til barnehagen.

Det har vore ein auka bruk av kartlegging og testing som einsidig måling av «kvalitet» i skulen. I fleire område av landet har testane blitt gjenstand for prestisjefag og konkurranse blant skuledirektørar og politikarar, som vi ser i bruken av nasjonale prøver. Dette har ført til endå meir teoretisering og undervisning retta inn mot betre prøveresultat og prestisje for vaksne på kort sikt, heller enn det beste for læringa til barna på lang sikt.

Skulen skal vere ein arena for mange ulike læringsformer, og elevane skal lære å bruke ulike verktøy og arbeidsmåtar. Det er viktig at alle arbeidsformer får god plass, og at metodefridommen til lærarane blir sikra. Elevane i skulen må få lik tilgang til og opplæring i dei læringsframande ressursane som digital teknologi har å tilby. Skulen må ha ei kritisk tilnærming og ein pedagogisk medviten bruk av digitale hjelpemiddel. Dette krev kompetanseheving for lærarar. Det er òg viktig å balansere bruken av digitale hjelpemiddel i skulen – ungane skal sikrast skjermfri tid i løpet av skuledagen, og barn i småskulen skal ha meir tid utan skjerm enn med. Alle skular må ha tilgang til fysiske læremiddel så vel som digitale. Moglegheita til å bruke praktiske og estetiske arbeidsformer må styrkjast. Fysisk aktivitet må vere ein naturleg del av skuledagen, og skjermbruk må ikkje fortrenge praktisk og fysisk læringsarbeid.

Raudt meiner at skulen skal leggje like stor vekt på teoretisk og praktisk læring, og at skulen skal vere ein stad der alle kan kjenne seg att, delta og utvikle seg. Alle elevar skal kjenne seg verdsette og oppleve meistring i løpet av skulekvardagen.

## Ein mangfaldig skule for alle

### RAUDT VIL:

- a) At alle elevar i heile landet skal få eit gratis, godt og likeverdig utdanningstilbod. At skulen skal ha ein religionsfri formålsparagraf, som må speglast i undervisninga.
- b) At alle skular må setjast i stand til å jobbe aktivt for eit trygt og inkluderande skulemiljø for alle.
- c) Sikre alle barn eit sunt måltid på skulen kvar dag.
- d) At skuleverket i hovudsak skal drivast av det offentlege, med reell metodefridom for lærarane. Ideelle skular med pedagogiske alternativ kan vere eit godt supplement til den offentlege skulen.
- e) At alle elevar skal ha rett til integrering i skulen med utgangspunkt i sitt eige funksjonsnivå og utviklingsbehova sine. Elevar med vedtak om eller behov for tilrettelegging skal få det. Arbeide for at spesialundervisning blir tilbydd omgåande ved behov. Innvilga rett til spesialundervisning må automatisk løyse ut midlar som dekkjer dei reelle kostnadene.
- f) At alle skular skal få moglegheit til å bli dysleksivennlege gjennom skulering og oppfølging.
- g) At alle elevar som har behov for det, får eit tilbod om ein alternativ læringsarena med andre typar undervisning utanfor dei fire veggene i klasserommet, med trygge vaksne som har både praktisk og pedagogisk kompetanse.
- h) At det skal vere ein lærar til stades i alle undervisningstimar. Laget rundt eleven må styrkjast både med fleire lærarar og andre faggrupper.
- i) At alle skular skal ha tilgang til eit bemanna skulebibliotek.
- j) Styrk oppfølgingstenesta i skulen som eit fråværsførebyggjande tiltak.
- k) Elevar med funksjonsnedsetjingar skal som hovudregel gå i vanlege skular, med nødvendig støtte, framfor å bli plasserte i egne særskular.
- l) Kommersielle aktørar skal ikkje ha tilgang til skulane.



- m) Skulane må få økonomisk handlingsrom til å kunne reise på ekskursjonar og leirskule.

## Ein skule som tek vare på språket til alle

### RAUDT VIL:

- a) At nynorskundervisninga må styrkjast gjennom positiv forsøksverksemd, og at det blir oppretta nynorskklassar der det er grunnlag for det. Lærarutdanninga må sikre gode nynorsklærarar. Retten til nynorskklasse skal utvidast til å gjelde ut grunnskulen.
- b) At høyrselshemma skal få moglegheit til å lære og utvikle eige teiknspråk og å følgje undervisning på teiknspråk.
- c) Synshemma elevar skal ha rett til pensumbøker i punktskrift og få moglegheit til å lære å lese punktskrift.
- d) At det skal leggjast til rette for at samisk (nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk) og kvensk kan vere reelt førstespråk gjennom heile grunnopplæringa.
- e) At fleirspråklege skal få moglegheit til å utvikle eige morsmål og eiga fleirspråklegheit gjennom heile skulegangen.
- f) At alle læremiddel må gjerast tilgjengelege på begge målformer. Læringsplattformer og programvare skal alltid ha norsk språk som ei mogleg innstilling.

## Ein meir praktisk skule

### RAUDT VIL:

- a) At skulen skal vere leksefri, og at skulearbeidet skal gå føre seg på skulen der elevane kan få hjelp etter behov.
- b) At kroppsøving og fysiske aktivitetar må ha ein viktig plass på skulen kvar dag.
- c) Styrkje dei praktiske og estetiske faga i heile grunnskulen. Praktiske valfag på ungdomstrinnet, praktiske og estetiske fag generelt og programfag på yrkesfaglege utdanningsprogram må styrkjast.
- d) Reversere seksårsreforma.
- e) At dei første trinna på skulen må vere betre tilpassa behovet til barna for aktivitet og rørsle. Det må utviklast ein leikbasert pedagogikk for dei yngste barna. Aktivitet og leik er ikkje ei motsetning til læring – det er ein føresetnad for læring.
- f) Ha mindre klassar ved å gjeninnføre klassesdelingstal og reduksjon i undervisningstid for kontaktlærarar. Vidare fjerne unødvendig dokumentasjon og rapportering, slik at lærarane har meir tid til elevane og til å førebu og gjennomføre undervisninga.
- g) At skulane tek i bruk fleire yrkesgrupper for å gi elevane eit godt tilbod, til dømes spesialpedagogar, miljøarbeidarar, barne- og ungdomsarbeidarar og helsepersonell. Raudt vil jobbe for ei lovfesting av sosialfagleg kompetanse i skulen.
- h) Undervise i fagorganisering og rettane i arbeidslivet.
- i) At alle nye skular som blir bygde, har rom som er tilpassa praktisk læring.
- j) At praktisk kompetanse i skulen blir prioritert
- k) At skulane får tilstrekkeleg med driftsmidlar til å dekkje utgifter til materiell som trengst for å gjennomføre praktisk retta undervisning.
- l) Redusere det totale timetalet i grunnskulen.
- m) Gjere det mogleg å ta trafikalt grunnkurs, mopedlappen og båtførarprøva gjennom skulen.
- n) Auke det statlege driftstilskotet til skuleskipa, slik at dei to eksisterande maritime vidaregåande skulane framleis kan tilby grunnutdanning i maritime fag om bord i seglande skip. Det bør òg greiast ut oppretting av eit eige skuleskip i Nord-Noreg.

## Ein meir medviten bruk av digitale hjelpemiddel i skulen

### RAUDT VIL:

- a) At kommersielle, digitale aktørar skal avgrensast i skulen. Opprette nasjonale digitale læringsplattformer der personvernet til elevane blir sikra.
- b) At vi legg vekt på digital kompetanse i alle ledd i utdanningssektoren.
- c) Slå ring om gratisprinsippet også ved bruk og utdeling av digitalt utstyr.
- d) Å utarbeide ein tydeleg nasjonal strategi på kommunikasjon med føresette og kva tilgangar dei skal ha.
- e) Avgrense skjermtid i skulen. Læringsbrett, PC og andre digitale verktøy blir brukte når læraren meiner det gir ein meirverdi i opplæringa.
- f) At alle skular skal tilby fysiske bøker i tillegg til digitale læremiddel. Sikre lærarane reell metodefridom.
- g) At ikkje elevar skal få delt ut personlege digitale einingar på småskuletrinnet.
- h) Innføre eit forbod mot mobiltelefon i skuletida.
- i) All reklame må ut av skulen, og annonseblokkering må takast i bruk på alle digitale einingar.
- j) At matpausar i skulen som hovudregel skal vere skjermfrie.



## Skulefritidsordning (SFO) som eit fritidstilbod, ikkje ekstra skule

### RAUDT VIL:

- a) SFO skal vere eit frivillig og gratis tilbod og skal gi ungane høve til leik, utfolding og ro.
- b) At SFO skal ha ein eigen dagleg leiar relevant pedagogisk utdanning, og at SFO skal ha fleire fagutdanna barne- og ungdomsarbeidarar.
- c) At SFO skal ha ei eiga bemanningsnorm.
- d) At elevar med spesialpedagogiske vedtak i skulen òg må få det i SFO.

## Ein skule som opnar moglegheiter, ikkje lukkar dører

### RAUDT VIL:

- a) Jobbe mot fråværgrensa på vidaregåande skule og i ungdomsskulen.
- b) Seie nei til heildagsskule.
- c) At karakterbasert opptak ikkje skal vere regelen for opptak til vidaregåande skule. Vi treng opptakssystem som bidreg til ei mangfaldig elevsamansetning på skulane. Nærskuleprinsippet er utgangspunktet i vidaregåande skule, men kan modifierast ved behov. Elevar blir skrivne inn i grunnskulen etter nærskuleprinsippet.
- d) Styrkje rådgivingstenesta. På ungdomsskulen må tenesta jobbe for å redusere kjønnsforskjellane i utdanningsval på vidaregåande skule.
- e) At det blir sett i gang forsøk med alternative sluttvurderingsformer, til dømes mappevurdering. Målet er å avvikle eksamen på ungdomsskulen og vidaregåande skule.
- f) At gratisprinsippet skal gjelde for heile skulesystemet. Offentlege vidaregåande skular må tilby undervisning og sluttvurderingar som kan fase ut dagens privatistordning.
- g) Stanse rangering av elevar og skular gjennom obligatoriske, standardiserte testar. Kunnskap om skulen som system må hentast inn gjennom utvalsprøver og klasseromsforskning.
- h) Erstatte det karaktersystemet vi har i dag. Vi treng vurderingssystem som bidreg til fagleg utvikling hos elevane, og dokumentasjonssystem som tydeleg viser kva for faglege kunnskapar elevane har.
- i) Styrkje alternative opplæringsløp i vidaregåande opplæring.

## Ei yrkesfagleg utdanning som gir gode fagarbeidarar, ikkje auka fråfall

### RAUDT VIL:

- a) Lovfeste retten til lærlingplass, fagopplæring i bedrift og retten til å fullføre læretida. Lære kandidatordninga skal gjerast til ei formell utdanning, og det bør opprettast program for alternativ kvalifisering.
- b) Styrkje yrkesfaga gjennom å byggje ut fleire yrkesfagklassar over heile landet. Utdanninga må dimensjonast etter behov i arbeidslivet.
- c) Auke utstyrsstipendet slik at det faktisk dekkjer utgiftene elevane har. Utstyrssparken ved skulane må vere moderne og oppdatert.
- d) At bedrifter som leverer til det offentlege, skal ha lærlingar, både i bedrifta og på kontraktar som blir inngåtte.
- e) Gå gjennom reglane for merkeordninga «godkjend lærebedrift» og auke seriositetskrava til ordninga.
- f) Opprette ei ordning for «omvendt påbygg», slik at elevar som har studiekompetanse, kan få yrkesfagleg kompetanse. Lærlingtilskot må vere like høgt for lærlingar som ikkje lenger har ungdomsrett. Kunnskap om skulen som system må hentast inn gjennom utvalsprøver, klasseromsforskning og skulebasert vurdering.
- g) Innføre lærlingråd over heile landet. At lærlingbevis skal gi rabattar på lik linje med studentbevis.
- h) Styrkje vegane til fagbrev som går utanom skulen.
- i) Gjennomføre ei nasjonal satsing for at fleire unge skal velje kjønnsutradisjonelle utdanningsprogram på yrkesfag.
- j) At ungdom i vidaregåande skule som må bu heimanfrå, skal ha gratis hybel, eller hybelhus/internat.
- k) Arbeide mot skulenedleggingar og halde oppe eit fullverdig skuletilbod over heile landet.

## Ein skule der trivsel, helse og elevdemokrati blir sikra

### RAUDT VIL:

- a) Sikre eit skulemiljø fritt for mobbing.
- b) Styrkje rettsvernet og stillinga til lærarane i skulen.
- c) At opplæring i grensesetting og respekt for andre sine grenser, under dette seksuell trakassering, skal ha ein naturleg plass i skulen.
- d) Styrkje skulehelsetenesta slik at nasjonale normer blir oppfylte, og helsesjukepleiar må vere tilgjengeleg kvar dag og kunne vise vidare til barne- og ungdomspsykiatrien (BUP).
- e) Raudt ønskjer å uttrykkje si støtte til Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlags initiativ for å leggje om landbruksutdanninga i vidaregåande skule. Vi meiner det er avgjerande at utdanninga integrerer praksisopplæring og gir elevar høve til å oppnå fagbrev. Dette vil sikre at utdanninga er omfattande, og at kompetansen resulterer i eit fagbrev, likt andre yrkesfaglege utdanningar. Fagbrev fungerer som eit kvalitetsbevis på kompetansen og bidreg til å fremje yrkesstoltheit blant framtidige fagfolk i landbrukssektoren.



- f) Ei yrkesfagleg utdanning som gir gode fagarbeidarar, ikkje auka fråfall: Innføre større økonomiske tilskot til vaksenlærlingar, slik at dei har nok å leve av i samråd med partane i arbeidslivet, med mål om å løfte alle vaksenlærlingar over fattigdomsgrensa for einslege.

## **Tryggleik og føreseielegheit for tilsette og skuleøkonomi**

### **RAUDT VIL:**

- a) At arbeidstidsordningane for alle yrkesgruppene i skulen må ta omsyn til eigenarten til arbeidet, arbeidsmiljøet til dei tilsette og behovet til elevane.
- b) At tilsette skal ha rett til etter- og vidareutdanning i alle fag, men endringar av lover og forskrifter når det gjeld kompetansen til lærarane, skal ikkje ha tilbakeverkande kraft.
- c) Sørge for ei differensiert lærarutdanning med fleire vegar inn i yrket. Fjerne absolutte karakterkrav og krav om master i lærarutdanningane for å sikre meir variert kompetanse og auka rekruttering.
- d) Avslutte all stykkprisfinansiering av typen «pengane følgjer eleven».
- e) Sikre at skulebygga oppfyller lovfesta krav til fysisk arbeidsmiljø og universell utforming. Kommunane og fylkeskommunane skal sikrast midlar til dette.
- f) Jobbe for eit eige distriktsskuletilskot for å sikre eit desentralisert skuletilbod slik at fråflytting i distrikta i heile landet blir motverka.
- g) At alle skular skal ha ein eigen rektor med pedagogisk utdanning.



# Fagskular, høgskular, universitet og forskning

Lik rett til utdanning, fri forskning og autonome utdannings- og forskingsinstitusjonar bidreg til meir demokratiske samfunn og jamnar ut forskjellar mellom folk.

Forskning og høgare utdanning skal ikkje vere butikk. Marknadsliberalisme strir mot samfunnsoppdraget til universiteta og høgskulane. Dagens finansieringssystem fører til hard konkurranse om ressursar til undervisning og forskning og konkurranse om dei studentane og forskarane som ein trur er dei beste. Kvalitet i forskning og utdanning må sikrast gjennom samarbeid, openheit og tillit, ikkje konkurranse. Det at forskarar er avhengige av ekstern finansiering, svekkjer det faglege sjølvstendet. Tradisjonen vår for demokratiske avgjerder ved universitet er det siste tiåret tydeleg svekt. Ei godt utbygd studentvelferd er ein føresetnad for at alle, uansett bakgrunn og funksjonsnivå, kan ta høgare utdanning. Dette inneber at studentane sjølve skal styre det lokale velferdstilbodet sitt gjennom studentsamskipnadene, men at det offentlege må ta langt større ansvar for studentvelferda enn det som blir gjort i dag, og særleg for å sikre rimelege studentbustader.

Dei siste åra har vi sett ein inflasjon i akademisk utdanning som er driven fram gjennom stykkprisfinansiering av universitet og høgskular. Talet på studentar har blitt mangedobla, og denne utdanningsinflasjonen blir følgt av unødvendige og urimelege utdanningskrav i mange jobbar. Raudt ønskjer å snu denne marknadssdrivne utviklinga. For Raudt er det viktig med eit allsidig utdanningstilbod. Ein viktig del av dette arbeidet er å sikre at høgare yrkesfagleg utdanning, fagskulane, blir sikra både tilstrekkelege midlar og fleire studieplassar, og at dei blir rekna som ein naturleg del av høgare utdanning i Noreg.

Arbeidslivet er ein sentral arena for læring, og alle må sikrast moglegheita til læring også om ein står utanfor eller har svak tilknytning til arbeidslivet.

## Høgare utdanning er tilgjengeleg for alle

### RAUDT VIL:

- a) Innføre fullstipendiering for alle studentar. På vegen dit støttar vi kravet om å auke studiestøtta til 2,5 G og redusere lånedelen til 40 prosent av det totale stipendbeløpet.
- b) Seie nei til innføring av studieavgift. Avvikle skulepengar for utanlandske studentar.
- c) Halde oppe og vidareutvikle eit desentralisert undervisnings- og utdanningstilbod.
- d) Gi auka grunnløyvingar til høgskular, universitet og offentlege forskingsinstitusjonar. Grunnløyvingane skal vere på eit nivå som lèt institusjonane drive eigne forskingsprosjekt i tillegg til dagleg drift, og verne om dei akademiske fridommene.
- e) Endre finansieringssystemet slik at universitet og høgskular ikkje konkurrerer økonomisk.
- f) Revurdere det byråkratiske systemet hos Forskringsrådet for tildeling av forskingsmidlar som legg beslag på ressursar som burde brukast på forskning og ikkje søknadsprosedyrar.
- g) At forskingsinstitutta som er stiftingar og aksjeselskap, bør gjerast om til forvaltningsorgan.
- h) At stillingar innan både undervisning, forskning og administrative område på universitet og høgskulane skal vere faste, heile stillingar. Prosentdelen mellombelse tilsetjingar i sektoren må reduserast.
- i) At talet på universitet og høgskular skal vere ei fagleg og politisk avgjerd. Universitetsstyrarar skal ikkje ha fullmakter til å leggje ned heile utdanningar eller studiestader som er oppretta av Storting eller regjering.
- j) At breiddeuniversiteta må få ansvar for å halde oppe små fag.
- k) At offentleg finansiert forskning i størst mogleg grad skal publiserast med open tilgang.
- l) Demokratisere universitet og høgskular. Institusjonar for høgare utdanning skal ha ei leiing som er vald av tilsette og studentar, der rektor òg skal vere styreleiar.
- m) Avgrense veksten i studieplassar i dei store byane.
- n) Innføre ei maksimal karaktergrense og opptaksprøver eller lotteri for inntak til studium med svært høg poenggrense.
- o) Gjennomføre ei nasjonal satsing for at fleire menn skal velje og gjennomføre helse- og omsorgsfag, sosialfag og pedagogiske fag i høgare utdanning.
- p) Arbeide for at det blir innført kjønnspoeng i alle utdanningar der både menn og kvinner kjempar om plassane, og der det underrepresenterte kjønnet utgjer færre enn 30 prosent av studentane.



- q) Leggje til rette for og støtte opp under eit globalt forskningssamarbeid utanfor EU, og støtte ordningar som NORPART og NORHED.

## Gode studentvelferdsordningar

### RAUDT VIL:

- a) Betre bustad- og barnehagetilbodet og styrkje dei sosiale rettane til studentane.
- b) Gi studentane betre vilkår etter fødsel og gi minimum 12 månader studiefinansiering for studentar med barn.
- c) At fylkeskommunane tilbyr studentrabatt uavhengig av alder, studiestad og bustad.
- d) Sikre statstilskot til langt fleire nye studentbustader årleg, med auka kostnadsramme og tilskotsdel.
- e) Ha eit eige tilbod om psykisk helsehjelp for studentane uavhengig av studiestad.

## Styrking av fagskulane

### RAUDT VIL:

- a) Ha 100 000 fagskuleplassar som langsiktig mål, med forpliktande, føreseielege opptappingsplanar for fleire fagskuleplassar og jamnare fordeling av studieplassar mellom fagskular og høgskular/universitet.
- b) At rådgivarar i grunnskule, vidaregåande og karrieresenter får meir kunnskap om fagskulen og moglegheitene i fagskulen.
- c) Ha reell kostnadsdekning av fagskuleplassar og differensierte tilskot etter utgiftsnivå på linjene.
- d) Oppskalere bransjeprogramma og gjere dei permanente.
- e) Heve nivået på nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) for høgare yrkesfagleg utdanning.
- f) Etablere eit nasjonalt senter for yrkesfag.
- g) At høgare yrkesfagleg utdanning skal følgje same poengrekning som elles i høgare utdanning (ECTS-tilkopling).

## Livslang læring

### RAUDT VIL:

- a) Innføre ei etter- og vidareutdanningsreform.
- b) At alle blir sikra moglegheit til å delta i arbeids- og samfunnsliv gjennom å halde kompetansen sin oppdatert, uavhengig av alder, kjønn, livssituasjon, opphav, bakgrunn og tilknytning til arbeidslivet.
- c) At flyktingar og innvandrarar blir sikra god norsk- og samfunnskunnskapsopplæring med mål om tilknytning til og deltaking i arbeids- og samfunnsliv.
- d) Styrkje folkehøgskulane.



# Trygder og Nav

Nav blei oppretta for å drive gjennom den såkalla arbeidslinja, ein politikk som legg opp til å straffe mottakarane av trygd og stønader for å motivere dei til å jobbe. «Arbeidslinja» har hatt brei støtte i norsk politikk og har fått alvorlege konsekvensar for sjuke, arbeidslause og uføre menneske. Mange av dei som er innom Nav-systemet, fortel om nedverdiggjande opplevingar i møtet med apparatet som er meint til å hjelpe, der mistenkjeleggjering og økonomiske straffetiltak har vore gjennomgangstonen.

Samtidig blir det av enkelte gitt inntrykk av at arbeidsføre menneske sjølv nærast kan «velje» trygd eller andre stønader, medan realiteten er at mange med store helseproblem må slåst i årevis for å få dei rettmessige stønadene sine når arbeidsevna sviktar. For Raudt er det eit mål å byggje ut trygdeordningane, ikkje byggje dei ned.

Raudt ønskjer å føre tilliten tilbake i trygdesystemet. Vi vil reformere Nav slik at det blir færre skjema og unødvendige kontrollrutinar. Stadig meir av saksbehandlinga er no tilgjengeleg på nett. Det må òg vere tilgjengeleg personleg saksbehandling for dei som ønskjer dette. Menneske som får trygd og stønader, skal behandlast med verdigheit og respekt av den norske velferdsstaten. Det minste ein kan forvente av velferdsstaten, er at ein får møte eit menneskeleg ansikt om ein ønskjer det.

## Heile folket i arbeid

### RAUDT VIL:

- a) Kjempe mot arbeidsløyse gjennom å skape fleire jobbar og eit meir inkluderande arbeidsliv – og dessutan tilbod om opplæring og kvalifisering der det er nødvendig. Kutt i trygder og andre stønader skaper ingen arbeidsplassar.
- b) Forbetre permitterings- og dagpengeordninga for alle ledige med endringar som spesielt kjem dei som har hatt låg lønn, til gode, mellom anna reduserte inngangskriterium, kutte karensdagar og auke dekningsgraden.
- c) At det må bli enklare å kombinere uføretrygd, AAP og andre ytingar med utdanning og arbeid.
- d) At arbeidsretta tiltak skal gi folk kompetanse, arbeidserfaring og betalt arbeid. Dei skal ikkje utnyttast til gratis eller billeg arbeidskraft. Styrk VTA-ordninga (varig tilrettelagt arbeidsliv), og vidareutvikle IA-avtalen (inkluderande arbeidsliv). Nav blir pålagt å ha gode kontrollar som sikrar at overskotet til tiltaksbedriftene kjem attføringstiltaka og deltakarane til gode.
- e) Skilje arbeidsformidlinga ut av Nav som eit første steg mot å splitte opp dagens Nav-mastodont.
- f) Forsvare og forbetre dagens sjukelønnsordning.

## Trygder det går an å leve av

### RAUDT VIL:

- a) Ingen av dei fleirårige ytingane frå Nav (uføretrygd, arbeidsavklaringspengar, pensjon og så vidare) skal liggje lågare enn EUs fattigdomsgrense.
- b) Auke minstesatsen for sosialhjelp til eit nivå det er mogleg å leve av. Minstesatsane skal ikkje liggje under dei tilrådde satsane frå SIFO.
- c) Sikre at sosialhjelpsmottakarar kan få gaver frå venner, slektningar og frivillige organisasjonar utan å vere redde for avkorting.
- d) Reverse det usosiale kuttet i arbeidsavklaringspengar for mottakarar under 25 år.
- e) Fjerne makstida for arbeidsavklaringspengar slik at ingen mistar inntekta si før dei har fått jobb eller varige ytingar.
- f) Fjerne grensa på minst 50 prosent uførleik for AAP og uføretrygd.
- g) At uførepensjonistane skal skattast som pensjonistar.
- h) Redusere skatten til uføretrygda og andre med låg inntekt og gå mot nye og diskriminerande skattefrådrag som berre kjem dei som kan jobbe, til gode.
- i) Auke fribeløpet i uføretrygda til 1 G.
- j) Heve inntektsgrensa for bustøtte.
- k) Forenkle og samordne ytingane slik at folk veit kva dei får, og når dei får pengane, til dømes ved å innføre ungdomslønn etter modell frå Nav Trøndelag, til erstatning for ytingar som arbeidsavklaringspengar, kvalifiseringsstønad og liknande. Alle dei månadlege ytingane i velferdsstaten skal utbetalast på same dato.
- l) Styrkje yrkesskadedekninga slik at alle som blir skadde eller sjuke på jobb, får erstatning. Arbeidsulykkeomgrepet i lova må endrast slik at ikkje tilsette i fysisk krevjande yrke blir straffa med høgare terskel for å få godkjent ein yrkesskade. Psykiske og fysiske belastningslidingar over tid må godkjennast som yrkesskade.
- m) Fjerne forskjellsbehandlinga av yrkesskadar i manns- og kvinnedominerte yrke. Dagens regelverk for yrkesskade gir i praksis ikkje dei kvinnedominerte yrka same rett på yrkesskadeerstatning som dei mannsdominerte.



- n) Uføre skal ikkje få redusert stønaden sin viss dei blir sambuarar.
- o) Sørge for at utbetaling av sosialstønad blir frikopla frå andre trygdeytingar, slik som barnetrygd.
- p) Gi AAP-mottakarar pensjonsopptening på lik linje med uføre.

## Eit Nav som stolar på folk

### RAUDT VIL:

- a) Gi dei tilsette i førstelinja i Nav tid og tillit til å gjere jobben sin.
- b) Stoppe nedlegginga av Nav-kontor og gjere om Nav til ein institusjon som gir gode og nære tenester til dei som treng det. Tilbakeføre vedtaksmynde til lokalkontora til Nav.
- c) Innføre statleg finansiering av dei kommunale tenestene i Nav.
- d) Avskaffe systemet med rådgivande overlege («trygdelege») i Nav, og i staden stole på faglege vurderingar som blir gjorde av fastlege eller i spesialisthelsetenesta.
- e) Seie nei til velferdsprofitørar i Nav-systemet.
- f) Opprette eit Nav-ombod, som eit uavhengig eksternt klageorgan for Nav-saker.
- g) Innføre ventestønad i Nav for å sikre rask utbetaling av ytingar når vedtakskøane blir for lange.
- h) Avskaffe anbodssystemet for arbeidsavklaringstiltak.
- i) Sørge for at Nav rettleier og kommuniserer tydeleg og enkelt, slik at alle forstår saka si og rettane sine.



# Fattigdom

Ingen treng å vere fattige i eit så rikt land som Noreg. Men dei siste åra har vi sett ein eksplosjon i talet på fattige. Over 100 000 norske husstandar har ikkje lenger råd til alle måltid, og talet på barn som veks opp i fattigdom, har auka kraftig over tid. Dyrtida har berre gjort vondt verre for mange grupper.

Raudt vil jobbe for at fattige får meir pengar. Fattige i Noreg er ei svært samansett gruppe, og vi må ta fleire verktøy i bruk dersom vi skal komme nærmare målet om å bli kvitt fattigdommen. Mange av dei som i dag står i matkø, er flyktningar. Men også talet på innfødde nordmenn i matkø har vakse kraftig. Det overveldande fleirtalet av dei som i dag treng hjelp for å ha råd til mat, går på ei eller anna form for yting frå Nav. Det er ei fallitterklæring for velferdsstaten vår når menneske som har rett på hjelp i Nav-systemet, i staden må søkje seg til frivillige organisasjonar for å ha råd til å dekkje grunnleggjande behov. Samtidig har vi òg sett ein auke i såkalla arbeidande fattige. I dagens Noreg er ikkje lenger jobb nokon garanti for at ein slepper ut av fattigdommen.

Raudt meiner fattigdom skal nedkjempast gjennom offentleg velferd, ikkje velgjerd. Likevel avviser vi ikkje dei viktige bidraga som kjem frå frivillige organisasjonar for å hjelpe dei som har aller dårlegast råd.

## **RAUDT VIL:**

- a) Auke minstesatsane i velferdsstaten, slik at alle som er i Nav-systemet, får dekt dei grunnleggjande behova sine.
- b) Kutte i rekningsbunken til folk flest ved å redusere usosiale offentlege avgifter og skatt på låge inntekter og trygder.
- c) Auke barnetrygda vesentleg.
- d) Styrkje dei låglønte mellom anna gjennom tiltak som nedkjempar sosial dumping.
- e) Styrkje den offentlege støtta til frivillige organisasjonar som arbeider med matutdeling og kamp mot fattigdom.
- f) Auke sosialhjelpa til eit nivå det går an å leve av, og styrkje bustøtta.
- g) Setje i verk tiltak for å redusere fattigdom for åleinebuande



# Barn og familie

Familiepolitikk vedkjem oss alle, anten ein er del av ein tradisjonell familiekonstellasjon eller andre former for samliv og familie. Det viktigaste for Raudt er at familiepolitikken femnar alle som reknar seg som familie, og som praktiserer eit samliv saman. For familiar med barn skal vi sørge for både økonomisk og sosial tryggleik. Dessverre er verkelegheita slik at ikkje alle barn har ein fungerande familie rundt seg, eller at forhold rundt barnet tilseier at det hamnar under offentlig omsorg. Desse ungane skal vernast spesielt og få gode vilkår for å få ein trygg og god barndom og nok verktøy til å kunne fungere seinare i vaksenlivet.

I dag finst det eit klaseskilje mellom foreldre med fleksible jobbar og høg lønn og foreldre som ikkje får høve til å bruke tida dei treng, saman med ungane sine. Raudt vil derfor auke perioden med fødselspermisjon. Mor må sikrast tid til å komme seg etter fødselen. Samtidig må rettane til far og medmor som omsorgspersonar sikrast betre enn i dag.

Det er framleis dyrt å få barn. Ingen barn i Noreg skal vekse opp i fattigdom. Barnetrygda må derfor aukast vesentleg, og prisane på barnehage og SFO må vidare ned.

Over ein million nordmenn bur åleine. Mange av dei slit økonomisk at dei berre har éi inntekt, men mange av dei same kostnadene som ein familie har. Raudt ønskjer å synleggjere denne gruppa. Særleg er samlivsbrot ein fattigdomsskapar.

## **RAUDT VIL:**

- a) Ha sjølvstendig opptening av foreldrepengar for begge foreldre og erstatte eingongsstønad med ein minstesats for foreldrepengar som minst ligg over fattigdomsgrensa, og som alle har rett på.
- b) Utvide fødselspermisjonen til 54 veker med full lønn. Mor skal sikrast 3 veker før termin og 20 veker etter fødsel. 6 av desse skal vere samanhengande og takast omgåande etter fødselen. Medforelderen har krav på 15 veker. Resten av permisjonen kan delast mellom mor, den andre forelderen eller ein annan omsorgsperson.
- c) Ventestøtte til foreldre som ikkje har fått tilbod om barnehageplass. Endre reglane for foreldrepengar slik at kvinner som føder før termin, får auka permisjonstid, og kvinner som føder etter termin, ikkje får forkorta permisjonstida.
- d) Styrkje pleiepengeordninga slik at alle foreldre har høve til å ta fri for å passe sjuke barn når det er nødvendig.
- e) Arbeide for at begge foreldra kan ta ut permisjon og foreldrepengar samtidig ved fleirlingfødsler.
- f) Auke barnetrygda og verne henne som ei universell skattefri overføring til alle som har ansvar for å forsørge barn.
- g) Arbeide for å gjere det lettare for studentar å få barn, mellom anna gjennom rett til barnehageplass i nærleiken av studieplass, nok romslege studiebusstader med plass til barnefamiliar osv. At medforelderen får høve til å søkje om sin kvote allereie frå fødselen av.
- h) Utvide meklingsplikta ved samlivsbrot.
- i) Greie ut lovfesta rett til omsorgspermisjon for omsorgsarbeid òg utanfor nær familie.
- j) Ha tettare oppfølging av familiar ved språkvanskar, tilbod om språk- og samfunnsfagopplæring. Minoritetsmødrer skal ha god oppfølging hos helsestasjon, og tilbod om kurs og barselgrupper på tvers av etnisitetar.
- k) Endre reglane for foreldrepengar slik at kvinner som føder før termin, får auka permisjonstid, og kvinner som føder etter termin, ikkje får forkorta permisjonstida.
- l) Støtte tiltak for å hindre framhaldsvald og systemfasilitert vald etter samlivsbrot, inkludert å gå imot forslag som inneber «flytteforbod» for omsorgsforelderen.



# Pensjon

Raudt meiner at folketrygda framleis må utgjere ein av grunnpilarane i velferdsstaten. Pensjonar og ytingar skal sikre økonomisk tryggleik for alle uavhengig av kjønn, klasse og helsetilstand. Stortingsfleirtalet vedtok i 2005 å innføre eit nytt pensjonssystem som bryt fullstendig med dei prinsippa som var grunnlaget for tenkinga bak folketrygda. Pensjonsforliket frå 2024 styrkjer denne urettferda ved å gradvis auke pensjonsalderen.

Risikoen er flytta frå fellesskapet til kvart enkelt individ. Alderspensjon frå folketrygda var basert på solidaritet og utjamning. No er både den, tenestepensjonane og avtalefesta pensjon (AFP) endra til ei yting som kan takast ut uavhengig av om du framleis står i full jobb.

Nivået på ytingane er dramatisk svekt for dei som må gå av dei første åra etter fylte 62 eller tidlegare, medan årleg pensjon for dei som kan jobbe lenge, kan bli høgare enn tidlegare lønn i full jobb. Spesielt hardt blir ramma folk med dårleg helse og tunge jobbar som i periodar er utanfor arbeidslivet eller må ta ut pensjon tidleg.

For desse og mange andre utgjer denne reforma ei fattigdomsfelle. Kvinner blir systematisk ramma hardare enn menn. Det at opptening av alderspensjon i folketrygda blir tidlegare stansa for uføre, vil redusere alderspensjonen til mange uføre stort. Ingen trur det framover vil bli spart mindre til pensjon enn før. Men den kollektive sparinga gjennom folketrygda vil bli redusert kraftig. Samtidig er det lagt til rette for større individuell sparing. Slik fører reforma til auka forskjellar og at ein stadig større del av pensjonssystemet blir privatisert. Dette svekkjer solidaritetsprinsippet i folketrygda.

Folketrygda skal vere berebjelken i pensjonssystemet og skal gi folk tilstrekkeleg alderspensjon til å få ein anstendig alderdom. Det er usosialt å ta utgangspunkt i at pensjonistar må ha private og individuelle ordningar for å få ein trygg økonomi, og Raudt vil at pensjonssystemet i større grad skal samlast under den felles og kollektive folketrygda.

Finanskapitalen forvaltar i dag enorme pensjonsformuar utanfor demokratisk kontroll. Raudt vil samordne denne pensjonskapitalen med offentlege solidariske pensjonsordningar.

## Ein alderspensjon som gir alle nok til å leve av

### RAUDT VIL:

- a) At levealdersjusteringa blir avvikla. Det er usosialt og uakseptabelt at mange som er utslitne og har få leveår att når dei blir pensjonistar, ofte vil få ein samla pensjon godt under 50 prosent av tidlegare inntekt, medan andre med mindre belastande arbeid, god helse og høgare forventa levealder kan få ei årleg pensjonsyting som er høgare enn tidlegare lønn.
- b) Fram til den blir fjerna, må uføre skjermast fullt ut mot levealdersjustering.
- c) At alle skal tene opp pensjon i folketrygda til normert pensjonsalder, også uføre og AFP-pensjonistar.
- d) At pensjonen skal følgje lønnsutviklinga i samfunnet, både under opptening og utbetaling.
- e) At forhandlingsrett på alderspensjon blir gjeninnført.
- f) At alleårsregelen i folketrygda blir erstatta med nye oppteningsreglar som jamnar ut forskjellar samtidig som alle blir sikra ein god alderspensjon.
- g) Gjeninnføre etterlatnepensjonen i folketrygda.
- h) Fjerne den automatiske auken av pensjonsalderen.
- i) Raudt vil avvikle ordninga med skattefritak for privat pensjonssparing. Utgiftene staten brukar på å finansiere denne ordninga, skal omfordelast.
- j) At ordinær pensjonsalder ikkje skal vere meir enn 67 år.

## Alle skal ha eit reelt høve til å gå av ved fylte 62 år

### RAUDT VIL:

- a) At AFP (avtalefesta pensjon) blir endra slik at han primært blir ei yting som sikrar moglegheita til å gå av med ein anstendig årleg alderspensjon, som 66 prosent av tidlegare inntekt, uavhengig av avgangsalderen.
- b) At inntektsgrensa for å kunne gå av med AFP må opphevast.
- c) At AFP-ordninga blir endra slik at rettane blir beholdne sjølv om arbeidstakaren mistar jobben eller blir sjuk dei siste tre åra før fylte 62 år.
- d) At finansieringa av AFP blir endra slik at det skal lønne seg for arbeidskjøparen å leggje forholda til rette for eldre i arbeidslivet dersom dei eldre ønskjer det.
- e) Det skal vere mogleg å kombinere delvis uføretrygd med delvis AFP.



## **Tenestepensjonane må styrkjast, ikkje svekkjast**

### **RAUDT VIL:**

- a) At obligatorisk tenestepensjon (OTP) i privat sektor blir administrert av partane og ikkje blir overlate til forsikringsselskap som berre vil ha profitt.
- b) At OTP skal gi livsvarige utbetalingar.
- c) At OTP må innehalde ei forsikring mot uførleik.
- d) At satsane for OTP blir auka og blir like for alle inntekter.

## **Folketrygda må forbetrast for å gi alle økonomisk tryggleik**

### **RAUDT VIL:**

- a) Gjeninnføre minstepensjon. Ingen pensjonar skal liggje under EUs fattigdomsgrense.
- b) At inntekter opp til 6 G skal ha ei pensjonsdekning på minst 2/3 av tidlegare lønn ved 40 års opptening.
- c) At pensjonspoeng for omsorgsarbeid blir gitt tilbakeverkande kraft til 1967 for alle nye pensjonistar.
- d) At auka arbeidsgivaravgift og innarbeiding av OTP i folketrygda på lengre sikt skal brukast til å auke folketrygda slik at tenestepensjonar blir overflødige.
- e) At flyktningar og dei som har fått opphald på humanitært grunnlag, må få rett til full minstepensjon/garantipensjon uansett butid.
- f) Fjerne moglegheita til å ta ut pensjon samtidig med fullt arbeid.



# Klima

## Klimamål og internasjonalt ansvar

Rapportar frå FNs klimapanel viser at vi må halvere klimagassutsleppa i verda innan 2030 og ha netto nullutslepp innan 2050 for å ha høve til å unngå dei mest katastrofale klimaendringane. Dette er endringar som hardest rammar dei fattigaste og mest sårbare landa og menneska i verda. Dei menneskeskapte klimaendringane er i stor grad forårsaka av veksttvangen under kapitalismen. Vi toler ikkje eit økonomisk system som krev stadig auka forbruk på ein klode med avgrensa ressursar. «Grøn vekst», slik tilhengjarane av kapitalismen brukar omgrepet, er utopisk og misvisande. «Grøn vekst» føreset rasering av natur for at kapitalen skal kunne hente ut profit.

Den globale Parisavtalen legg opp til frivillige forpliktingar frå landa som har underskrive avtalen, og dei fleste land er framleis langt frå å nå dei ambisiøse måla. For å bli eit utsleppsfritt samfunn treng vi tiltak som fører til reell omstilling, ikkje kortsiktige tiltak som slår beina under dei langsiktige klimamåla våre. Dette gir oss stadig dårlegare tid til å hindre ein klimakatastrofe. Noreg må ikkje berre oppfylle forpliktingane sine etter avtalen, men ta eit ekstra ansvar som eit av dei rikaste landa i verda med store moglegheiter til å gjennomføre eigen klimapolitikk. Norsk klimafinansiering som støttar utsleppskutt, tilpassing og erstatning for tap og skade i det globale sør, skal spegle Noregs rettferdige del av den globale dugnaden for å oppnå måla i Parisavtalen basert på historisk ansvar og økonomisk kapasitet..

### RAUDT VIL:

- a) Kutte minst 55 prosent av norske utslepp innan 2030.
- b) At all politikk tek som utgangspunkt at Noreg skal vere eit nullutsleppssamfunn innan 2050. For å få til det må klimagassutsleppa reduserast gradvis, og vi må begynne no.
- c) At Noreg skal jobbe for ambisiøse internasjonale klimaavtalar og gradvis forsterke forpliktingane til nasjonale utsleppskutt vi melder inn til FN.
- d) At kutta i klimagassutsleppa til rike land skal takast innanlands, ikkje gjennom kvotekjøp, utan at ambisjonane om å bidra med klimafinansiering til utsleppskutt i andre land skal kuttast.
- e) Auke løyvingar til miljø- og klimatiltak i det globale sør gjennom bilaterale og multilaterale kanalar i form av gåver heller enn lån, slik at dette ikkje aukar gjeldsbyrda i sør.
- f) At Noreg i dei internasjonale klimaforhandlingane under FNs klimakonvensjon arbeider for ein gradvis aukande karbonskatt på internasjonal skipsfart og luftfart, der inntektene går inn i FNs grønne klimafond.
- g) At utsleppa som norsk forbruk fører til i utlandet, skal synleggjerast gjennom eigne rekneskapar.
- h) At Noreg skal jobbe for ein internasjonal avtale mellom olje- og gassproduserande land for felles kutt i produksjon og sal av petroleum.
- i) At utslepp frå forsvarssektoren skal inkludrast i internasjonale klimaavtalar, og lage utsleppsbudsjett, utsleppsrekneskap og planar for utsleppsreduksjonar for det norske forsvaret.

## Plan for rettferdige utsleppskutt

Langsiktige klimamål er ikkje verde noko dersom dei ikkje blir følgde opp med konkret politikk. Det er ikkje nytt at det hastar med å kutte utslepp, men partia som har styrt dei siste tiåra, har ikkje gjort nok for å kutte utsleppa. Det er likevel ikkje for seint å gjere det vi kan. Samtidig må omstillinga som vi skal gjennom, skje rettferdig og utan at det går ut over vanlege folk.

Alle skal kunne leve miljøvennleg, uavhengig av kvar ein bur, eller kor stor lommebok ein har, og det må koste å forureine mykje. Derfor foreslår Raudt fleire progressive og differensierte avgifter og fleire fellesskapsløysingar framfor flate avgifter som er like uansett kor mykje du tener, og kor mykje du forbrukar. Men ein del avgifter er det vanskeleg å differensiere fordi dei omfattar mange ulike varer og tenester. Eit slikt døme er CO<sub>2</sub>-avgifta. Derfor ønskjer Raudt å utvikle ei tilbakebetalingsordning eller ein klimarabatt der ein aukar CO<sub>2</sub>-avgifta. Raudt ønskjer òg at denne auken i blir betalt tilbake som ein «klimarabatt» som gjer at dei som brukar meir enn gjennomsnittet, går i minus, medan dei som brukar mindre, går i pluss.

### RAUDT VIL:

- a) At det blir lagt fram forpliktande klimabudsjett og klimaplanar i samband med statsbudsjettet. Det skal lagast delplanar for alle samfunnssektorar som viser korleis utsleppa skal reduserast både på kort og lang sikt.
- b) Fylke og kommunar skal òg forpliktast til å kutte utslepp. I omstillingsperioden må kommunane styrkjast økonomisk, slik at utsleppskutt ikkje går ut over velferdstenestene.



- c) Klimapolitikken skal prioritere tiltak som er berekraftige over tid, og som bidreg til omstilling mot nullutsleppssamfunnet.
- d) Auke CO<sub>2</sub>-avgifta gradvis for å nå klimamåla, og betale tilbake gjennom ei omfordelende ordning. Ordninga må vere progressiv med ei øvre inntektsgrense for kven som får tilbakebetalinga, og gi ekstra kompensasjon til barnefamiliar og folk i distrikta.

### **Bevaring av natur er god klimapolitikk**

I tillegg til klimakrisa har vi ei naturkrise. Rovdrift på naturen har ført til at ei lang rekkje artar har blitt utrydda eller står i fare for å bli det. Nedbygging av natur er òg dårleg klimapolitikk. Naturen fangar og lagrar karbonutslepp, og skog, våtmark og annan natur bidreg til å verne oss mot konsekvensar av klimaendringar som flaum og ras. Det er derfor avgjerande at vi tek betre vare på naturen i Noreg framover.

#### **RAUDT VIL:**

- a) Stoppe nedbygging av karbonrike areal som skog, myr, tidvassumpar og andre typar våtmark.
- b) Bevare regnskogen i Noreg og gi økonomisk støtte til å bevare tropisk regnskog i sør.
- c) At Noreg skal bevare og restaurere natur som bind karbon – både til lands og til havs med tareskog, ålegras og andre viktige leveområde i havet som bidreg til å binde karbon.
- d) Stoppe dreneringa av myr og torvmark og satse på naturleg karbonlagring.
- e) At det blir innført forbod mot uttak av torv.
- f) Etablere optimale solcelleanlegg på alle statlege, fylkeskommunale og kommunale bygg i eit tempo som ikkje verkar prisdrivande, med statleg fullfinansiering.
- g) Jobbe for å redusere bruk av nytt stål, glas og betong i nybygg og i staden fremje bruk av resirkulerte materiale og treverk.



# Natur

Tolegrensene til naturen set rammene for den menneskelege eksistensen, og vi er allereie på veg til å overskride det jordkloden toler. Naturressursane blir forbrukte for å oppnå kortsiktig profitt utan tanke på livsgrunnlaget til generasjonane i framtida. Vi har framleis tid til å skape eit samfunn som tek omsyn til naturen, og som gir menneska høg livskvalitet. Men då må bruken av naturressursar styrast innanfor rammene av tolegrensene til naturen i staden for av behovet til kapitalismen for evig og stadig større vekst. Dette inneber å ta vare på naturmangfaldet og økosystema og redusere forureining og utslipp av miljøgifter og andre skadelege stoff i naturen.

FNs naturpanel viser at nedbygginga av areal er den største trusselen mot naturmangfald. I Noreg har ei marknadsstyrt tilnærming utan heilskapleg planlegging ført til at naturen har blitt bygd ned og splitta opp bit for bit. Dette gjeld mellom anna plassering av datasenter, utbygging av vindkraft i urørt natur og hytteutbygging. Petroleumsverksemda, oppstykinga av havet og havbotnen og øydelegginga av fjordar på grunn av industri og fiskeoppdrett er ein del av øydelegginga av naturen og naturmangfaldet. Noreg må gjere meir, både heime og ute, for å bidra til at verda stansar tapet av natur.

For skog og skogbruk, sjå òg kapitla om klima og landbruk.

## Stanse nedbygging av natur

### RAUDT VIL:

- a) Praktisere ei føre-var-haldning til alle naturinngrep.
- b) Følgje opp den internasjonale naturavtalen med bevaring og restaurering av natur i Noreg.
- c) Sikre at den verdifulle naturen i Noreg blir kartlagd så snart som mogleg, slik at vi kjenner naturmangfaldet og kva verdiar vi forvaltar, og veit kvar dei viktige naturressursane finst. Det skal lagast nasjonale verneplanar som særleg tek vare på område som i dag ikkje er godt nok verna, mellom anna kulturlandskap, skog og kystområde.
- d) Krevje at både kommunal og statleg arealplanlegging må vere arealnøytral. I tilfelle der natur likevel må byggjast ned, må delvis øydelagd natur andre stader restaurerast som kompensasjon og på eit nivå som minst svarar det til som blir bygd ned.
- e) Kommunar som ikkje held kravet om arealnøytralitet, må søkje om å få godkjent arealplanane sine.
- f) At det skal setjast krav til uavhengig kartlegging av naturmangfald ved større utbyggingsprosjekt og arealbruksendringar. Eit offentleg organ skal bestille utgreiingane. Det må sikrast at utgreiingsresultata er objektive og ikkje kan kjøpast.
- g) Nei til nye hyttefelt. Hytter kan berre byggjast innanfor eksisterande område for fritidsbustader med etablert infrastruktur.
- h) Det må vere nulltoleranse for nedbygging av matjord.
- i) Etablere natur- og arealbudsjet i kommunane.
- j) Sikre at det normalt ikkje blir bygd i naturområde som er biologisk eller landskapsmessig viktige. Dersom det må byggjast i eit slikt område, må tilsvarande representativt område restaurerast andre stader i landet. Oppsplitting av intakte og villmarksprega naturområde skal stoppast.
- k) Utvide naturmangfaldlova til å gjelde heile den norske økonomiske sona (200 nautiske mil), og det skal lagast ein verneplan for å sikre minst at 30 prosent av dei maritime økosystema innanfor denne sona er verna.
- l) Innføre ein ny plan for nasjonalparkar og andre verneområde som skal sikre eit representativt vern av norsk natur. Desse områda skal takast vare på i tråd med formålet i vernereglane. Oppretting og forvaltning av verneområde må ikkje hindre tradisjonelt beitebruk, reindrift, tradisjonell samisk naturbruk og tradisjonelt landbruk.
- m) Verne minst 10 prosent av den produktive skogen. Det skal ikkje givast tilskot til å ta ut biologisk gammal skog, og subsidieordninga til hogst i bratt terreng skal avviklast.
- n) Tilbakeføre plan- og arealforvaltninga til Klima- og miljødepartementet og setje av midlar til kompetansetiltak og gjennomgang av gamle arealplanar.
- o) At regjeringa legg fram ein handlingsplan for å stoppe insektdøden.
- p) Etablere ein nasjonal plan for naturrestaurering som sikrar effektiv restaurering av minst 30 prosent av øydelagde eller skadde naturområde på land, i ferskvatn og til havs innan 2030, i tråd med FN's naturavtale.
- q) Innføre meldeplikt for hogst av skog.
- r) Forby hogst i hekketida til fuglane.
- s) Nasjonalt forbod mot etablering av nye bilbaserte kjøpesenter utanfor sentrumsområde.



## Redd Oslofjorden

1,6 millionar menneske bur langs Oslofjorden. Han er ein av dei mest artsrike i Noreg, men er no i full økologisk krise. Fjorden blir slamma ned – særleg ved avrenning frå jordbruket. Han får utslepp frå 118 kommunar, og lir av mangel på nitrogenreinsing

### RAUDT VIL:

- a) Etablere anlegg for nitrogen- og fosfatreinsing av kloakken i heile fjorden før 2030! Leggje press på at staten tek halve rekninga! Krevje 90 prosent reinsing av avløpsvatnet.
- b) Strengare regulering av fisket. Nullfiskeområde i indre Oslofjord, Hvaler og Færder nasjonalparkar og Rauer landskapsvernområde. Fiskarane må få tilbod om alternative arbeidsoppgåver. Forbod mot fiske av brisling i heile fjorden.
- c) Norske styresmakter må kontrollere betre for å forhindre ulovleg dansk trålfiske i indre del av Skagerrak!
- d) Støtte forbod mot mudring av verneverdig blautbotn og område med ålegras. Gå imot mudring av blautbotnsområde og ålegrasområde som er beskrivne som verneverdige i offentleg kartverk.

## Sikre berekraftig bruk av havressursane og verne marine økosystem

### RAUDT VIL:

- a) At den sørlege grensa for iskantsona skal gå der isfrekvensen var 0,5 prosent i april 2019. (Sjå òg kapittelet om olje og gass.)
- b) Stoppe planane om gruvedrift på havbotnen i Noreg.
- c) Jobbe for eit forbod mot mineralverksemd på havbotnen både nasjonalt og globalt. Forbodet kan ikkje hevast før vi har tilstrekkeleg kunnskap om at mineralutvinning til havs kan skje utan skade på naturmangfald eller økosystemfunksjonar som evna til å lagre karbon.
- d) Sikre internasjonalt arbeid for og det norske bidraget i vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald på havbotnen i det opne havet. Noreg skal vere ein pådrivar for arbeidet i Den internasjonale havbotnsstyresmakta (ISA) og jobbe for at ein blir einige om at tilleggsavtalen under havrettskonvensjonen skal omfatte rettferdig og berekraftig regulering av marine biologiske ressursar, genetisk materiale og digital bruk av dette, til dømes medisin og industri.
- e) Noreg skal jobbe aktivt for at utforsking og utvinning av ressursane på havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon skal forvaltast etter føre var-prinsippet. Ved utvinning skal dette gjerast på ein berekraftig måte.
- f) At før det blir delt ut konsesjonar for utvinning av havbruksmineral, skal det gjennomførast testprosjekt som ein kan hauste erfaring av. Noreg skal jobbe for at konsekvensutgreiingar blir ein del av det internasjonale regelverket for havbotnen. Noreg skal jobbe for å fremje at utviklingslanda får sin del av ressursane.
- g) Noreg skal spele ei pådrivarrolle for internasjonalt bindande reglar som reduserer handlingsrommet under flaggstatsjurisdiksjonen. Same standardar skal gjelde for norske aktørar i området utanfor norsk jurisdiksjon. Det skal utviklast strenge miljøstandardar for all aktivitet på havbotnen.
- h) Kartlegging av naturen langs kysten og i havet er avgjerande for berekraftig forvaltning. For å sikre ei god forvaltning av havareala våre må vi styrkje kartlegginga av kyst- og havområda.
- i) Innføre eit system med heilskaplege arealplanar for bruk av havareal, som ein del av dei heilskaplege forvaltningsplanane for norske havområde, og gjennom dette sikre berekraftig forvaltning av alle norske havområde.
- j) Setje i verk handlingsplanen for sjøfugl, med mål om å snu nedgangen i talet på sjøfuglar.
- k) Innføre krav om at fiskereiskapar som trål og snurrevad ikkje skal få følgjer for havbotnen.

## Bevaring av artsmangfald og levedyktige bestandar

### RAUDT VIL:

- a) Verne artane og det genetiske mangfaldet deira på lang sikt i levedyktige bestandar i dei naturlege utbreiingsområda deira.
- b) Oppdatere raudlistene for artar og naturtypar kvart femte år. Det skal gjerast meir for artar når dei nærmar seg «kritisk truga». Føresegnene i naturmangfaldslova om «prioritert art» og «utvald naturtype» skal brukast i mykje større grad enn i dag.
- c) Sikre plassen til dei store rovdyra i dei norske økosystema, samtidig som vi styrkjer den norske sjølvforsyningsgraden.
- d) Det skal vere låg terskel for skadefelling av rovvilt i beiteprioriterte område, og det skal vere høg terskel for uttak i rovviltprioriterte område.
- e) Skjerpe regelverket om framande organismar og praktisere det strengare. Det skal brukast meir ressursar på å kjempe mot framande organismar.
- f) Forvalte villrein ut frå eigenverdien til reinen og som ein viktig ressurs for jakt, menneskemat, kulturlandskap, kulturarv og biologisk mangfald. Interessene til villreinen må komme først. Sterkt avgrense all menneskeleg aktivitet og ferdsel som trugar villreinen og leveområda hans. Bern-konvensjonen må respekterast og handhevast. Det hastar. Den raudlista villreinen bør bli Noregs nasjonaldyr.



- g) At Noreg skal bidra økonomisk i arbeidet med ein ny, global naturavtale under biomangfaldskonvensjonen. Nasjonale bidrag i avtalen bør ikkje vere frivillige, men forpliktande og basere seg på føre-var-prinsippet og at forureinaren betalar.
- h) At beiting i utmark blir prioritert for å utnytte dei enorme beiteressursane og for å sikre det biologiske mangfaldet.
- i) At alle tap over normaltaket før gjeninnføringa av store rovdyr, må erstattast.

## Rovdyr

Raudt anerkjenner at dei store rovdyra (ulv, brunbjørn, gaupe og jerv) er svært viktige for det norske økosystemet, og at dei har ein viktig plass i ei balansert naturforvaltning. Samtidig forstår vi behovet for å sikre beitenæringa og lokalsamfunn som er ramma av rovdyr. Noreg treng ein moderne, kunnskapsbasert og konfliktreduserande rovdyrpolitikk som bidreg til å dempe den svært polariserte debatten, og styrkje forvaltninga av dei felles naturressursane våre. Raudt vil prioritere ei kunnskapsbasert og rettferdig rovdyrforvaltning som både sikrar levedyktige bestandar av dei store rovdyra og reduserer konfliktnivået i samfunnet. Det er avgjerande at Noreg oppfyller dei internasjonale forpliktingane sine og bidreg til å stanse tapet av biologisk mangfald. Ved å definere bestandsmål som minimumsmål, sikre genetisk overlevingsevne og prioritere førebyggjande tiltak, kan vi balansere omsynet til naturen og dei næringane som blir påverka av rovdyr. Vi meiner dette vil føre til ei betre og meir rettferdig forvaltning, redusere konfliktane i rovdyrdebatten og styrkje posisjonen vår som ein ansvarleg forvaltar av naturmangfald.

Raudt vil sikre at Noreg oppfyller forpliktingane sine i samsvar med FNs naturavtale, Bern-konvensjonen og konvensjonen om biologisk mangfald. Bestandsmåla for rovdyr skal definerast som minimumsmål, i tråd med biologisk praksis og internasjonale standardar.

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje kunnskapsbasen i rovdyrforvaltninga. Auke talet på biologar, økologar og veterinærer i Statens naturoppsyn (SNO) for å sikre at forvaltninga er basert på den beste tilgjengelege kunnskapen. Etablere eit nordisk forskningssamarbeid med Sverige, Finland, Danmark og Russland som legg vekt på overvaking, genetikk og utvikling av dei fire store rovdyra. Forskingssamarbeidet skal inkludere uavhengige forskingsinstitusjonar og bidra til auka forståing for kva rovdyra har å seie i økosystemet.
- b) Norske styresmakter må gjennomføre fagleg uavhengige utgreiingar for å fastslå kva som utgjer levedyktige bestandar av ulv, jerv, bjørn og gaupe. Bestandane må vere store nok til å oppfylle rolla til artane som nøkkelartar i økosystemet, vere genetisk levedyktige, og kunne fjernast frå raudlista.
- c) Rovviltnemdene skal revurderast og få eit sterkt fagleg og kunnskapsbasert grunnlag. Auke talet på biologar, økologar og veterinærer i Statens naturoppsyn (SNO) for å sikre at forvaltninga er basert på den beste tilgjengelege kunnskapen. Forvaltninga må ta omsyn til både rovdyr og andre interesser og fremje reell konfliktdepande tiltak, som prioriterer ikkje-døyelege tiltak for konfliktdepande, som rovdyravvisande gjerde, radiobjøller, vakthundar og sesongbaserte beiteplanar.
- d) Soneforvaltning må ta utgangspunkt i dei naturlege leveområda til rovdyra, sikre samanhengande korridorar og vere basert på forskingsrapportar frå NINA og andre relevante kjelder. Område som er prioriterte for rovdyr, må utvidast for å sikre levedyktige bestandar.

## Forsvar av allemannsretten

Sjølv om Noreg er eit land med lang kyststripe, er tilgangen til sjø og strender eit knappleiksgode som ikkje blir godt nok forvalta. Viktige naturtypar og naturmangfald må ofte vike for utbyggingsinteresser. Folk flest blir i aukande grad fortregnde av private, kapitalsterke krefter.

Særleg gjeld dette langs Oslofjorden og i andre folkerike område. Dette skjer sjølv om allemannsretten historisk har stått sterkt i Noreg, og sjølv om både byggjeforbodet i 100-meterbeltet, ferdselsretten og naturmangfaldet skal vere verna i lov.

### Raudt vil:

- a) Allemannsretten skal respekterast, også i strandsona. Privatisering skal ikkje hindre fri ferdsel. Grunnlovsfeste allemannsretten.
- b) Stoppe alle inngrep i strandsona som ikkje er til klar fordel for allmenta eller naturmangfaldet. Ikkje godkjenne reguleringsplanar eller gi dispensasjonar der dette ikkje er teke omsyn til.
- c) Etablere eit stort statleg fond som gjer det mogleg for kommunane å kjøpe opp langt fleire strandeigedommar til fordel for allmenta.
- d) At staten må sikre forvaltning til beste for allmenta og for natur- og kulturvernet ved sal av eigedommar og ikkje nødvendigvis selje til høgstbydande.
- e) Sikre beiteretten, samtidig som allemannsretten blir sikra.



- f) At kommunane skal verne om buplikt (nullkonsesjon), som kan vere eit veleigna verkemiddel for å motverke at verdifulle areal i kommunar blir «beslaglagde» til sommarhus.
- g) Avslå å omdefinere seterhus, jaktbuer, tilsynsbu med meir til fritidsbustader som vil privatisere landskapsbruk.
- h) Avgrense masseturisme i norsk natur. Innrette turistskatt slik at han gir lokalbefolkninga tilgang til naturareal, men sikrar kommunane dekning for kostnader til tilrettelegging og bosshandtering.
- i) Påleggje kommunane å utarbeide ein plan for å få fjerna alle ulovlege skilt og stengsler og privatiserande tiltak i strandsona og tilføre ressursar som gjer dette mogleg.
- j) Ta frå dei som medvite har bygd ulovleg, retten til å søkje om godkjenning i etterkant. Det skal ikkje lønne seg å satse på «tilgiving framfor løyve».
- k) Avgrense morokøyning med motorfartøy på vatn og i utmark.



# Forbruk, avfall og forureining

Sidan 1990 har det private forbruket i Noreg meir enn dobla seg. Forbruket i hushalda fører derfor til store miljøpåverknader. Forbetringane frå ny teknologi blir nulla ut av auken i forbruket. Veksttvangen i kapitalismen driv dette forbruket. Raudt jobbar derfor for at det skal vere mogleg å leve gode liv med eit redusert og meir miljøvennleg forbruk. Dette er likevel ikkje berre opp til kvart enkelt individ, og samfunnet samla sett må leggje til rette for auka gjenbruk, betre ordningar for reparasjon og lengre haldbarheit på produkt og stimulere til bruk av produksjonsmateriell som bør vere både kortreist og veleigna til gjenbruk.

Miljøgifter og forureining er ei stor utfordring for både miljø og helse. Problema kjem av både tidlegare og noverande forureining og både lokale utslipp og stoff som blir transporterte med luft- og havstraumar. Opphoping av miljøgifter i næringskjedene, marin forsøpling, lokal luftforureining og miljøgifter i varer og produkt er skadelege for naturen og har negative helseeffektar for menneske. Kunnskapsnivået om omfanget og miljø- og helseeffektane av miljøgifter er heller ikkje godt nok.

## Redusert og meir miljøvennleg forbruk

Evig vekst på ein klode med avgrensa ressursar er ikkje mogleg. Derfor trengst det eit brot med veksttvangen i kapitalismen, for å sikre ein berekraftig bruk av ressursane og ei samfunnsutvikling som er i tråd med tolegrensene til naturen. Derfor må økonomien bli meir sirkulær, og det må etablerast sirkulære verdikjeder og sikrast eit meir sirkulært forbruksmønster.

### RAUDT VIL:

- a) Doble garantitider og reklamasjonsfrist på varene vi kjøper, slik at produsentane blir pressa til å lage varer som har auka levetid og kvalitet, og som kan reparerast.
- b) Forby produkt med planlagd forelding.
- c) At produsentane skal informere tydeleg om miljøavtrykket av produkta, inkludert forventet levetid, og gi tydeleg informasjon om rettane til forbrukarane når det gjeld reklamasjon og reparasjon.
- d) Innføre momsfritak på brukte varer, reparasjonar og utleige av klede, sko, tur- og sportsutstyr, møblar, verktøy, elektronikk og kvitevarer. Avgiftssystemet bør brukast til å fremje gjenbruk/opsirkulering.
- e) Innføre fleire panteordningar på produkt med betydeleg miljøbelastning i produksjonen eller avfallshandteringa.
- f) Bidra til at vi reparerer meir og kastar mindre gjennom å gi støtte til kursing i enkelte reparasjonar og vedlikehald, og dessutan innføre momsfritak.
- g) Opprette fleire offentlege delingstenester for ulike verktøy, reiskapar og andre produkt og støtte lokale og private ordningar for deling og gjenbruk av ting gjennom eksempelvis momsfritak eller direkte støtteordningar.
- h) Jobbe for at det blir stilt krav til at alle kommunar, som del av den lovpålagde hushaldsrenovasjonen, legg til rette for reparasjon, ombruk og attvinning.
- i) Styrkje fagutdanninga innan reparasjonar, rehabilitering og gjenbruk innanfor alle yrkesfag.
- j) At uadressert reklame berre skal kunne sendast til dei som aktivt samtykkjer gjennom ei «ja takk»-ordning.
- k) Bruke offentlege innkjøp strategisk for å fremje berekraftig produksjon og forbruk og sikre at miljø skal vektast tyngre ved offentlege innkjøp.
- l) Innføre høgare avgift på luksusforbruk ved å differensiere fleire miljøavgifter mellom moderat grunnnivå og unødvendig luksusforbruk.
- m) Auke vrakpant på fritidsbåtar og gjere det lettare å levere dei inn, for å hindre dumping og forureining.
- n) Auke merksemda rundt gjenvinning av materiale frå kasserte produkt, bygningar og avfall (urban gruvedrift), og sikre midlar til prøveprosjekt i kommunane.
- o) Sikre same nivå av rettar og vern for forbrukarane når dei leiger og leasar ting som ved kjøp av varer.

## Plast og emballasje

### RAUDT VIL:

- a) Innføre eit forbod mot unødvendig eingongsplast og sørgje for at Noreg oppnår minst 70 prosent materialattvinning innan 2035.



- b) Setje høgare mål for reduksjon av plastemballasje og prioritere bruken av andre materiale og ombrukløyser, til dømes ved å leggje til rette for meir bruk av resirkulert aluminium i innpakking og gjenvaskbar metallemballasje.
- c) Auke prosentdelen av resirkulert materiale og utvide produsentansvarsordninga for plastemballasje ved å erstatte dagens flate avgift på flasker og boksar med krav om ei gradert miljøavgift som premierer resirkulerte materiale.
- d) Innføre pant på fleire typar emballasje, auke pantesatsen på drikkevareemballasje og vidare jobbe for eit felles nordisk pantesystem.
- e) Auke refill av flytande varer framfor handel av eingongsvarer som kjem med ny plast- eller pappemballasje kvar gong.
- f) Fase ut bruken av plasthaldig granulat på kunstgrasbanar og plastbasert dekke på leikeområde og støtte overgangen til meir miljøvennlege alternativ med strengare miljøkrav ved tilskot til nybygg, drift og rehabilitering av idrettsanlegg og leikeområde.
- g) Jobbe for å finne gode alternativ til plastdekke på leikeplassar som tek vare på tryggleik, framkomst og miljøomsyn.
- h) Sikre ei produsentansvarsordning der produsenten sjølv ber kostnadene og ansvaret for avfallsfasen av produktet, inkludert innsamling og gjenvinning, for å auke sjølvforsyninga av kritiske råvarer.

## Avfall

### RAUDT VIL:

- a) Utvide produsentansvarsordninga til fleire produktkategoriar enn dei ordningane dekkjer i dag. Vidare auke overføringar frå returselskap til (inter)kommunale renovasjonsselskap slik at prisen speglar dei reelle kostnadene for handtering av produkt som fell inn under produsentansvarsordninga. Dette fører til at kostnadene for handtering blir knytte til forbruk snarare enn å ramme alle kollektivt.
- b) Sikre at alle avfallsplassar har politisk godkjende mål for avfallsminimering. Kommunane skal innarbeide avfallsminimering i miljøplanane sine.
- c) Forby unødvendig import og eksport av avfall. Avfall skal ikkje vere ei lønnsam handelsvare.
- d) Stanse eksport av avfall til utviklingsland og ta ansvar for eige avfall gjennom attvinning i Noreg.
- e) Redusere bruken av deponi for handtering av farleg avfall. I staden må det satsast på reinsing og gjenvinning.
- f) At private selskap ikkje skal profitere på handtering av farleg avfall, og at det skal vere eit nasjonalt, statleg ansvar å eige og drive nasjonale deponi for farleg avfall. Det må vere full openheit rundt drifta av desse deponia.
- g) At det skal leggjast til rette for at mest mogleg farleg avfall kan behandlast så nær avfallskjelda som det er teknologisk mogleg.
- h) At staten skal ha ansvar for deponi av radioaktivt avfall, og at deponiproblematikken skal løysast nasjonalt. Staten må bygge opp nødvendig kompetanse og ikkje vere avhengig av eksterne aktørar. Leggje til rette for mest mogleg materialattvinning og leggje til rette for metodar som hindrar akkumulering av miljøgifter i resirkulerte materiale.
- i) Innføre obligatorisk registrering av alle fritidsbåtar i Noreg.

## Kjemikaliar og miljøgifter

### RAUDT VIL:

- a) Basere lovgivinga på føre var-prinsippet slik at ingen nye kjemikaliar blir tillatne eller grenseverdiar blir endra før det er dokumentert at det ikkje er skadeleg for menneske eller miljø.
- b) At unntak frå forbod mot miljøgifter skal givast ein absolutt sluttdato for å tvinge fram ny, meir miljøvennleg teknologi og meir miljøvennlege produkt.
- c) Trappe opp støtta til opprydding av miljøgifter og avfall i fjordar, hamner og innsjøar. Dei som har skapt forureininga gjennom industriverksemd eller havbruk, skal bidra til oppryddinga.
- d) Auke innsatsen for å nå målet om stans i bruk og utslepp av prioriterte miljøgifter innan 2030, og leggje avgifter på bruk av prioriterte miljøgifter.
- e) Jobbe for eit globalt forbod mot dei farlegaste miljøgiftene og styrkje miljøgiftsamarbeid og -regelverk over landegrensene.
- f) Styrkje norsk forskning på helse- og miljøeffektar av miljøgifter og forureining.
- g) Merkje produkt som inneheld miljøgifter.
- h) Sikre full openheit om kva miljøgifter ulike produkt inneheld, og om arbeids- og utsleppsforhold ved fabrikkar som lagar dei miljøgifthaldige produkta vi importerer.

## Forureining

### RAUDT VIL:

- a) Skjerpe regelverket og arbeidet for betre luftkvalitet for å sikre at lufta er trygg å puste i for alle, og sikre at nasjonale grenseverdiar blir haldne.
- b) Lage ein handlingsplan for lysforureining som taklar problema med LED-oppgadering (kelvin, lysstyrke) og jobbar for enkle teknologiske løysingar for å redusere mengda av kunstig lys som påverkar uterommet.



- c) Jobbe for ein handlingsplan mot støyforureining, som sikrar reduksjon av støy frå dei største støykjeldene vegtrafikk, jernbane, fly og industri.
- d) At regelverket blir brukt aktivt for å sørge for lågast mogleg helse- og miljøskadelege utslepp frå industri- og næringsverksemd.
- e) Ha ein nasjonal handlingsplan for vatn- og avløpssektoren, for å sikre nødvendig oppgradering, utviding og bygging av avløpsreinseanlegg for å verne sårbare vassførekomst, og unngå overinvesteringar, feilinvesteringar eller urimelege utgifter for kommunar med stort areal og lågt folketal.
- f) Sikre at miljølovgevinga blir handheva, og at miljøkriminalitet blir straffa hardare gjennom å stramme inn vilkåra for utsleppsløye etter forureiningslova og skjerpe straffereaksjonane for brot på lova.

## Redusere matsvinn

Minst 1/3 av all mat som blir produsert i verda, blir kasta. Berre i Noreg blir det kasta minst 450 000 tonn etande mat kvart år. Globalt står matsvinn for 10 prosent av klimagassutsleppa, samtidig som matproduksjon legg beslag på både areal- og vassressursar. Å redusere matsvinn vil dermed bidra til viktige klimakutt og betre bruk og fordeling av ressursane i naturen. Derfor er det svært viktig at vi jobbar for å nå FN's berekraftsmål 12.3 om å halvere matsvinnet innan 2030.

### RAUDT VIL:

- a) Innføre ei matkastelov.
- b) At matkastelova må forplikte bransjen til å donere mat dei ikkje får selt, og prise ned mat som nærmar seg haldbardato, og det må setjast eit krav om at alle aktørar i matbransjen gjer greie for kvifor matsvinn oppstår, og kva tiltak dei gjer for å unngå det.
- c) At når det likevel blir generert matavfall, må det bli dyrare for bransjen å kaste etande mat.
- d) At matkastelova må forplikte bransjen å kutte matsvinn i heile verdikjeda, også hos forbrukarane og hos bonden.



# Samferdsel og kollektivtransport

Behovet for transport av folk og varer er eit heilt grunnleggjande behov for alle samfunn. Likevel har vi altfor lenge planlagt transporten av både folk og varer på premissar om forventet økonomisk vekst og størst mogleg fortjeneste. Det vil seie at samfunnet i dag er basert på transport som går utanfor tolegrensene til naturen. For å nå klimamåla våre, byggje ned mindre natur og spare mest mogleg energi må vi endre på korleis og kor mykje vi reiser, og korleis vi transporterer varer og tenester.

Eit framtidig effektivt transportsystem må leggje til rette for at vi ikkje transporterer meir enn vi må, og at den transporten vi treng, skjer med så lite klimagassutslipp, naturinngrep og energibruk som mogleg. Vi må satse på offentlege, kollektive transporttenester og gjere det lettare å velje å sykle og gå, slik at behovet for privatbilar og fly blir mindre. Det vil gi betre trafikktryggleik, mindre lokal luftforureining, mindre nedbygging av natur og betre folkehelse gjennom auka mosjon. Raudt vil satse på trafikk- og rassikre vegar, opprusting av jernbanen og gode lokalfly-, ferje- og hurtigbåtruter framfor massive motorvegar og fleire rullebanar tilpassa langdistansefly.

## Eit samferdselssystem for samfunnet vi vil ha

Samferdselssystemet vårt må planleggjast med utgangspunkt i at vi skal nå klima- og miljømåla våre samtidig som folk kan reise trygt i alle delar av landet. Raudt meiner vi må unngå meir transport enn nødvendig, og at vi må flytte mest mogleg av reiser og gods til klima- og energieffektive transportmiddel.

### RAUDT VIL:

- a) Sikre at Nasjonal transportplan planlegg for det samfunnet vi vil ha, og derfor har som utgangspunkt at Noreg skal vere eit nullutslippssamfunn innan 2050.
- b) Bruke meir pengar på å ta vare på, forbetre og trafikksikre den infrastrukturen vi har, og mindre på store, nye utbyggingar.
- c) Krevje at samferdselsplanlegging avgrensar naturinngrep og respekterer verneområde. Prosjekt som ikkje er ferdig utbygde, må vurderast på nytt for å sikre at dei er i samsvar med natur- og klimamåla våre.
- d) Utvide nullvekstmålet for personbiltrafikken til å gjelde heile landet og innføre reduksjonsmål for personbiltrafikken i dei store byane.
- e) Sørgje for at transportsektoren blir sett på som ein heilskap, gjennom auka demokratisk styring av transportsystemet.
- f) Gjere om systemet med byvekstavtalane og bygdevekstavtalane for å sikre at staten og lokale styresmakter når mål om trafikkreduksjon i byområda og nullvekst i resten av landet, og dessutan gjere det meir attraktivt med gonge, sykkel og kollektivtransport og svare på lokale utfordringar.
- g) Offentleg sektor skal gå føre i å flytte reiser til meir klima-, energi- og arealeffektive transportformer der det er mogleg. Særleg skal talet på flyreiser mellom dei store byane i Sør-Noreg reduserast.
- h) Differensiere avgiftene på bilbruk, slik at det blir billigare å bruke bil i distrikta enn i dei store byane.

## Ein miljøvennleg og seriøs transportbransje

Når vi skal transportere gods langt, må vi gjere det på måtar som gir lågast mogleg fotavtrykk på klima og natur. Samtidig må transportbransjen ha eit seriøst arbeidsliv.

### RAUDT VIL:

- a) Satse på meir gods på bane og sjø. Dette krev eit nærare samarbeid med Sverige om lågare transportprisar på jernbanen, lengre godstog og tiltak mot sosial dumping både på terminalane og i transportbransjen. Hamneinfrastrukturen skal òg utviklast slik at meir av godstrafikken kan takast sjøvegen.
- b) Elektrifisere ferjeflåten og hurtigbåtar og samtidig presse fram nullutslippsløysingar i privat skipsfart. Elektrifisering av hurtigflåten må ikkje føre til at rutetilbodet til dei som bur i øysamfunna, blir svekt.
- c) Staten må ta eit økonomisk medansvar for oppretting av lade- og fyllstasjonar ved hamnene i landet.
- d) Auke vegavgifta for tungtransport, der jernbane eller andre meir miljøvennlege transportalternativ finst.
- e) Påleggje oppdragsgivarane større ansvar for arbeidsvilkåra til dei tilsette i transportbransjen.
- f) Innføre HMS-kort og løyvekrav for varebil. Det må innførast krav om løyve for varebiltransport, med krav om køyre- og kviletid, og HMS-kort som identifiserer arbeidsgivar og arbeidstakar, for å bidra til å hindre sosial dumping.



- g) Ha auka kontroll og sanksjon i transportbransjen. Arbeidstilsynet, politiet, skatteetaten og Vegvesenet må samordne kontroll og setje i verk effektive sanksjonar som pressar dei useriøse og kriminelle aktørane ut av bransjen.
- h) Utvide køyre- og kvilestidsreglane til også å gjelde nasjonal transport og bod- og varebilar ned til 2,5 tonn.
- i) Innføre forbod mot at utanlandske transportørar fraktar varer internt i Noreg (kabotasje).

## Kollektivtransport

Fellesskap fungerer – også når vi skal transportere oss. Kollektivtransport lèt oss transportere oss effektivt og med låge klimagassutslepp, naturinngrep og energiforbruk. Derfor vil Raudt satse på kollektivtransport i alle delar av landet. I delar av landet er det lokale fly-, ferje- og hurtigbåtruter som er kollektivtransporten folk er avhengige av. Frisleppet i drosjenæringa har vore ein katastrofe som gjer det nærmast umogleg å leve av å vere drosjesjåfør, og har i tillegg gått utover trafikktryggleiken og tilbodet til kundane. Dagens regjering har berre reversert nokre av dei skadelege endringane til høgresida. Drosjetilbodet er ein viktig del av kollektivtransporten og avgjerande for samfunnsberedskapen, og derfor må bransjen regulerast betre enn i dag.

### RAUDT VIL:

- a) Gjennomføre prøveprosjekt med gratis kollektivtransport. I større byar skal gratis kollektivtrafikk kombinerast med restriksjonar for biltrafikken.
- b) Satse meir på skjenegåande transport i dei store byane.
- c) Sikre eit betre hurtigbåt- og ferjetilbod på strekningar langs kysten.
- d) Sikre gratis ferjetransport for fastbuande og senke prisane på hurtigbåtruter.
- e) Gi skattefrådrag for arbeidsreiser med kollektivtrafikk, inkludert båt- og ferjetrafikk.
- f) Innføre sterkt rabattert eller gratis månadskort til ungdom og studentar (utan aldersgrense), minstepensjonistar og uføre, som gir rett til eit uavgrensa tal på reiser med all kollektivtransport.
- g) Ha fleire ordningar der taxiar køyrer som kollektivtransport på faste, førehandsbestilte ruter til lokal kollektivtransportpris.
- h) Ha ei ny regulering av drosjenæringa, med mål om at sjåførar skal bli fast tilsette i selskap med fastlønn og skiftordningar tilsvarande bussjåførar. Det offentlege bør opprette drosjeselskap.
- i) Innføre moglegheita til lokal regulering av drosjeløyva. Talet på løyve bør reduserast fleire stader for å sikre betre arbeidsvilkår og betre utnytting av drosjane.
- j) At det skal vere taksameterplikt, tilknytingsplikt og kvalitetssikring av sjåførar og drosjeeigarar.
- k) At det offentlege skal ha kriterium om anstendig lønn og arbeidsvilkår i drosjeandod.
- l) Nedkjempe sosial dumping i bodbilbransjen og turbussbransjen spesielt og transportsektoren generelt.
- m) At kollektivtransporten skal sikrast heile året uavhengig av skuleruter.
- n) Avslutte anbodspolitikken for kollektivtransporten. Det offentlege skal eige og drive kollektivtransporten.
- o) At generelt tilgjenge / universell utforming skal innfriast raskt i all kollektivtransport, på heile reiseruta og i alle ledd for den reisande både fysisk og digitalt.
- p) At dei reisande ved forseinking og innstillingar skal ha rett til å byte til neste avgang uansett operatør, så sant det er plass.
- q) Redusere talet på flyavgangar mellom dei store byane i Sør-Noreg.
- r) Innføre system som gjer det mogleg med digitale honnørbevis etter modell av digitale førarkort.
- s) Innføre eit reisekort som kan brukast som periodekort på all nasjonal kollektivtrafikk.

## Trafikkregulerande tiltak og sykkel

I byane der folk bur tett, kan fleire reiser gjerast til fots og på sykkel. Det er bra for folkehelsa, og det gir betre luftkvalitet og mindre støy. For at fleire skal velje miljøvennlege transportformer, må det bli tryggare og enklare å gå, sykle og ta kollektivt og litt vanskelegare å velje bil.

### RAUDT VIL:

- a) Innføre trafikkregulerande tiltak som det ikkje er mogleg for dei rike å kjøpe seg forbi, som omgjerding av bilkøyrefelt på eksisterande fleirfeltveggar i storbyområda til bussfelt og eventuelt felt som er øyremerkte for godstransport og dessutan reduksjon av parkeringsarealet i byane.
- b) Opne for trafikkregulerande avgifter på persontrafikken i dei storbyane der det finst gode nok kollektivløysingar og sykkelinfrastruktur til at dette er reelle alternativ til bil i dei aktuelle områda.
- c) Jobbe for å inkludere rabattar basert på inntekt og geografi og dessutan verdi av last på større bilar dersom det blir teke i bruk ulike modellar for bompengar og vegprising.
- d) At det skal etablerast samanhengande sykkelvegnett i alle byar og tettstader og mellom tettstader som ligg nær nok kvarandre til at sykkel er eit realistisk alternativ. Trafikkgruppene skal skiljast så langt det er mogleg, og nye



sykkelvegnett skal ta vare på opplevd tryggleik, framkomst og bidra til å redusere sykkelulykker.

- e) Ha bysykkelordningar i fleire byar.
- f) Jobbe for nasjonale retningslinjer som gir kommunane større høve til å regulere utleiga av elektriske sparkesyklar og liknande framkomstmiddel.

## Vegnettet som eit nasjonalt ansvar

Vegar er grunnleggjande infrastruktur og må derfor vere eit nasjonalt og felles ansvar. Raudt vil satse på å sikre og halde dei vegane vi har, ved like, framfor gigantomane nye motorvegprosjekt i og mellom byområde. Vi meiner det er det offentlege som skal sørge for bygging og vedlikehald av infrastrukturen vår, og derfor vil vi samle ansvaret for nasjonale vegar i Statens vegvesen under demokratisk kontroll.

### RAUDT VIL:

- a) Ta vare på og trafikksikre det vegnettet vi har. Trafikktryggleik skal sikrast gjennom oppgradering av eksisterande vegnett, gul midtstripe, vegskulder, ras- og flaumsikring og to- og trefeltsvegar med midtdelar.
- b) Ikkje byggje kapasitetsaukande motorvegar, inkludert ferjefri E39 og E6 Lågendeltaet, og i hovudsak ikkje tillate høgare fartsgrense enn 90 km/t.
- c) At utbygginga av vegar ikkje skal finansierast av bompengar, og vurdere avlasting av bompengprosjekt i distrikta som har blitt for dyre. Utanlandske turistar skal betale bompengar i Noreg der det finst.
- d) Samle ansvaret for bygging og vedlikehald av veg-infrastruktur i Statens vegvesen og avvike Nye Veier AS. Det offentlege skal sørge for å byggje ut, drifte og halde ved like infrastruktur.
- e) At det følgjer med tilstrekkelege midlar når veg byter ansvarleg styresmakt.
- f) At det offentlege skal sørge for utbygging av ladenettverk for elkøyretøy langs riks- og fylkesvegnettet. Det skal vere mogleg å betale med bankkort på alle hurtigladestasjonar til same pris som i app.
- g) Sikre geografisk rettferdig fordeling av samferdselsinvesteringar.

## Betre jernbane og kortbanenett

Jernbanen kan transportere folk og gods med låg energibruk og låge klimagassutslepp over lange avstandar. Dessverre er det eit stort vedlikehaldsetterslep på jernbanen, samtidig som jernbanereforma har pulverisert ansvaret gjennom kompliserte selskapsstrukturar. Raudt vil samle jernbanesektoren i eit norsk statleg selskap og sørge for at kapasiteten og reisetida på eksisterande strekningar blir forbetra.

### RAUDT VIL:

- a) Renasjonalisere, samle og atterreise jernbanen i Noreg i éin etat med ansvar for både infrastruktur, transport, vedlikehald og reinhald.
- b) Prioritere jernbaneprosjekt som aukar kapasitet og reduserer reisetid på eksisterande linjer, mellom anna gjennom fleire kryssingsspor og fullføring av dobbeltsporstrekningar der arbeidet er starta.
- c) Leggje til rette for at auka kapasitet på jernbanen med dobbeltspor og fleire sovevogner kan ta meir regional og langdistansetransport for personar og gods, med eksplisitte mål om å redusere trafikk på veg og med fly.
- d) Sikre at jernbaneutbygging skjer gjennom offentlig prosjektfinsiering for å sikre rask utbygging.
- e) Kople det norske jernbanenettet saman med svenske og finske linjer, mellom anna gjennom å byggje dobbeltspor på Ofofbanen og tilbod om nattog til Danmark og Tyskland. Systemet for billettsal for slike tog skal gjerast enklare gjennom samarbeid mellom land.
- f) Jobbe for nullutsleppsdrift gjennom heil- eller delelektrifisering av alle jernbanestrekningar.
- g) Oppgradere alle eksisterande banar med fleire lange kryssingsspor, fleire parallelle spor og meir effektive terminalar. Oppgradering av Nordlandsbanen skal prioriterast.
- h) Hente inn vedlikehaldsetterslepet på eksisterande banenett så fort det er teknisk mogleg, og ruste banenettet mot auka ekstremvær.
- i) Reversere innføringa av EUs jernbanepakke 4.
- j) Greie ut om det er klima- og naturmessig forsvarleg å byggje lyntog Oslo–Bergen/Stavanger/Haugesund over Haukeli.
- k) Hindre bygginga av rullebane nr. 3 på Gardermoen og andre unødvendige utvidingar av andre flyplassar.
- l) Tilbakeføre Avinor til å vere under direkte statleg kontroll og la utbyggingar og drift vere finansierte over statsbudsjettet. Avinor skal ikkje ha eit mål om vekst i trafikken, men om redusert flytrafikk mellom dei store byane.
- m) Det skal innførast ei progressiv avgift på flybillettar mellom dei største byane i Sør-Noreg og på utanlandstrafikk.
- n) Styrkje kortbanenettet i nord med nødvendig forlenging av enkelte rullebanar, fleire avgangar og fleire FOT-ruter, og ha eit prøveprosjekt med elfly i nord når det blir teknologisk mogleg.
- o) Avvikle taxfree-ordninga. Fram til dette skjer, bør Vinmonopolet ta over drifta.
- p) Innføre eit forbod mot privatfly til transport som ikkje er grunngitt i liv, helse og tryggleik.



- q) Utbygging av Nord-Norgebanen frå Fauske til Harstad og Tromsø skal inn i nasjonal transportplan og blir sett i gang i løpet av perioden. For å valde minst mogleg skade skal omsyn til reindrift og naturmangfald prioriterast ved val av trasé og bygg.
- r) Jobbe for å greie ut etablering og utviding av jernbanenettverket i Troms og Finnmark med band til Finland/Sverige og Skibotn/Alta.

## Cruiseskipsnæringa

Cruiseskipsnæringa er i dag ei av dei mest forureinande turistformene. Derfor vil Raudt på sikt fase ut næringa, og fram til det er mogleg, vil vi stille strengare krav til næringa.

### **RAUDT VIL:**

- a) Jobbe for å redusere cruiseturisme i Noreg, og greie ut moglegheitene for eit forbod mot cruisetrafikk.
- b) Gi kommunane større handlingsrom til å seie nei til cruiseanløp.
- c) Stille krav om nullutslepp frå cruisenæringa som har anløp i Noreg, snarast mogleg.
- d) Nasjonalisere kystruta (kjend som Hurtigruten) og sikre hurtigruteanløp i alle tradisjonelle hamner for frakt og som kollektivtilbod langs kysten.
- e) Sikre at cruiseturisme langs norskekysten ikkje skal subsidierast av offentlege midlar.
- f) Innføre lokale turistskattar på cruiseturisme.



# Dyrevelferd

Samfunnssynet på velferdsbehovet til menneske og dyr heng saman. Derfor har haldningane til korleis dyra bør ha det, endra seg i takt med samfunnsutviklinga. Som for folk må det vere eit strengt og ufråvikeleg krav til velferd også for alle dyr. Dette handlar om i kva grad dyret får høve til naturleg livsutfalding og opplever meistring i sine sosiale, fysiske og miljømessige omgivnader.

Ei god veterinærteneste er eit vilkår for god dyrevelferd knytt til alt husdyrhald. Det er eit offentleg ansvar å sikre tilgang til slike tenester heile døgnet, heile året.

Likevel er det ofte andre omsyn som går framom velferdsomsynet. Det er heller ikkje samsvar mellom korleis vi ser på behova til ulike dyr. Raudt vil at velferda og tryggleiken til dyra skal sikrast sterkare vern, både for viltlevande og domestiserte dyr. Dette oppnår vi ved å auke kunnskapen om dei faktorane som påverkar dyrevelferda, og føre dette vidare inn i lovverket og i politiske prioriteringar. Der dyr er i teneste for mennesket, har vi eit særleg ansvar for å tryggje livsvilkåra til dyret. Dette ansvaret for dyr har ein så lenge dyret lever. Kunnskap, rådgiving og kontroll må styrkjast i alle ledd og på alle nivå der dyr er involverte.

Dyrevelferd for fisk og husdyr vil du òg finne under kapitla om fiskeri og landbruk.

## RAUDT VIL:

- a) At Mattilsynet må få tilstrekkelege ressursar til å kunne gjennomføre dei pålagde oppgåvene sine.
- b) At politiet må styrkjast med personell, pengar og kompetanse for å kunne behandle dyrevelferdssaker.
- c) Innføre obligatorisk ID-merking av familiedyr.
- d) Innføre forbod mot all handel med ville dyr.
- e) At avl av kjæledyr/familiedyr må byggje på anerkjend kunnskap og ha eit robust dyremateriale med god helse som mål.
- f) At det praktiske avlsarbeidet på kjæledyr/familiedyr berre skal gjennomførast av oppdrettarar som har gått gjennom eit utdanningsprogram i avl, funksjon og helse.
- g) Få på plass retningslinjer for kven som har ansvar for heimlause familiedyr, slik at rettsvernet til familiedyra blir teke hand om i samsvar med dyrevelferdslova.
- h) Avgrense og fase ut bruken av forsøksdyr til anna enn medisinsk forskning.
- i) Forby hald av enkelte eksotiske dyr som familiedyr.
- j) Forby import og sal av produkt med animalsk opphav som er produsert med metodar som er forbodne i Noreg.
- k) Oppmod alle kommunar til å utarbeide ein dyrevelferdsplan.
- l) At alle kommunar skal ha ei tilfredsstillande kommunal veterinærdekning.
- m) Utdanne fleire veterinærar.
- n) At helse og velferd for oppdrettsfisk blir styrkt.
- o) Behalde forbodet mot pelsdyroppdrett.
- p) Utarbeide rettleiande fastprisar for veterinærbruk.
- q) Forenkle og effektivisere varslingsrutinar for dyrepåkøyrslar.
- r) Heve strafferamma for vald mot dyr.

## Dyrevelferd i jordbruket

Norsk landbruk er i verdstoppen når det gjeld låg antibiotikabruk og god dyrevelferd. Hald av dyr medan dei produserer mat og andre gode for samfunnet må ta omsyn til det etologiske behovet til dyra. Dette er ein viktig del av samfunnsoppdraget, som landbruket og bøndene må få høve til å oppfylle. Både små og store gardsbruk må kunne etterleve dyrevelferdskrava. Dyrevelferd i landbruket må utviklast på ein slik måte at kunnskap om dyr og praktisk produksjon blir lagd til grunn og sikrar dyr, bonde og nasjonal produksjon. Det må vere dyrevelferdmessig trygt å hauste og foredle naturressursar ved hjelp av husdyra. Sjå òg kapitlet om dyrevelferd.

## RAUDT VIL:

- a) Styrkje grensevern for mat og levande dyr.
- b) Ha ein gjennomgang av haldforskriftene i landbruket og prioritere gjennomføringa av velferdsforbetringar som bidreg til ei vesentleg forbetring av livet for kylling og gris.
- c) Stimulere til bruk av ny teknologi som radiobjøller, dronar og GPS-inngjerding i beitenæringa.
- d) At det ikkje skal avlast vidare på eller nyttast rasar som er avla fram med særtrekk som er sterkt unaturlege og



skadelege. Dette gjeld både produksjons- og selskapsdyr.

- e) At alle beitedyr på sikt skal ha tilgang til eigna areal utandørs heile året, og at det for alle artar skal innførast arealkrav som sikrar behova deira for åtferd som å søkje etter mat, sosialisere og andre artsspesifikke behov. Endringane må gjennomførast på ein føreseieleg måte for å sikre arbeidsplassar, produksjon og økonomi i jordbruket.
- f) At det gjennom forskning og økonomiske insentiv skal leggjast til rette for at mordyr og avkom skal kunne halde til meir tid saman for å få utløp for biologiske behov. Fiksering av gris skal forbydast.
- g) Opprette eit eige dyrevelferdstilskot i landbruket. Raudt meiner det er viktig å premiere bønder som investerer i dyrevelferd som går lenger enn minstekrava i regelverket.
- h) Ha meir bruk av gardsslakteri og mobile slakteri. At ny teknologi for kjønnsortering av egga skal erstatte kverning av levande hanekyllingar.
- i) At dyrevelferd må vektast tungt ved utvikling i dyrehald.



# Industri

All verdiskaping er viktig for samfunnet, men industrien er i ei særstilling fordi han produserer varer vi kan eksportere, han utviklar ny teknologi, og han gjer det mogleg å nyttiggjere naturressursane. Utan varig høg sysselsetjing, eit høgproduktivt arbeidsliv og fleire verdsléiande industrinæringar ville det økonomiske grunnlaget for ein solid velferdsstat i Noreg sett ganske annleis ut. Derfor er det viktig for Raudt at Noreg skal vere ein industrinasjon, og vi meiner industripolitikken må bli ein viktig del av klima- og miljøpolitikken. Saman sikrar dette livsgrunnlaget vårt – noko å leve av og ein klode å leve på.

I Noreg må ein slik produksjon i stor grad basere seg på naturgitte og menneskeskapte nasjonale fortrinn. Vi har ei lang kystlinje og god tilgang til råstoff, råvarer og kraft.

Vi har òg ein godt organisert arbeidarklasse med ein verdsléiande industriell kompetanse. Slik har det blitt som ein konsekvens av generasjonar med arbeidarkamp. Ein aktiv statleg industripolitikk gir unike moglegheiter til å ta vare på og forsterke dette.

Vi må forlate den «næringsnøytrale» konsensusen og gjere industripolitikk om til politikk igjen. Vi må bruke den statlege eigarskapen og konsesjonspolitikken aktivt for å sikre verdiskaping og auka vidareforedling med utgangspunkt i den eksisterande industrien. Råvarene som allereie blir hausta og vunne ut, må brukast til industribygging her heime og ikkje sendast uforedla ut av landet.

For å få til dette må noko av rikdommen frå oljeverksemda takast i bruk. Formålet med oljefondet er å forvalte formuen for framtidige generasjonar. Finansformuen på bok har lite å seie om femti eller hundre år dersom industrien samtidig er nedbygd, arbeidsplassane har forsvunne og klimaet har kollapsa. Raudt meiner vi må bruke delar av oljefondet på investeringar her heime, i industribygging og klimavennleg infrastruktur som jernbane og hamner.

Sjølvs om vasskrafta er ryggrada i det norske energisystemet, betyr ikkje det at andre land har same naturgitte føresetnader som oss. Det er derfor naturleg at ulike land satsar på ulike utsleppsfrie energikjelder. Raudt ser det som positivt dersom norsk leverandørindustri kan bidra til å utvikle slike energikjelder, så fram det ikkje skjer på kostnad av store naturverdiar.

## Aktiv industripolitikk

### RAUDT VIL:

- a) Atterreise Noreg som ein mangfaldig industrinasjon. Ein føresetnad for ei vellykka industrisatsing er ein nasjonal industripolitikk med konsesjonslover, differensiert arbeidsgivaravgift og andre støtteordningar til industri i distrikta. Den norske tilknyttinga til EØS står i vegen for dette. EU og EØS forbyr statleg støtte til industrien og vil dermed at marknaden skal styre. Vi må trasse EU og forlate den «næringsnøytrale» politikken.
- b) Auke fastlandsindustrien sin del av bruttonasjonalproduktet og skape nye industriarbeidsplassar.
- c) Vidareutvikle kompetanse og arbeidsplassar i industrien som er bygde opp rundt petroleumsnæringa gjennom omstilling til leverandørindustri for grønne næringar.
- d) Jobbe for at olje- og gassnæringa sjølv skal betale for utsleppskutta sine. Alle offshore petroleumsinstallasjonar skal vere karbonnøytrale innan 2035.
- e) At tildeling av konsesjonar for havvind, oppdrett og andre offshorenæringar skjer med kvalitative krav, og at dei skal sikre norsk innhald i kontraktane, og støtte opp om norsk leverandørindustri.
- f) Opprette eit nasjonalt industrifond, der ein del av oljefondet blir sett av til å gjere strategiske investeringar i heimleg industriproduksjon, med formål om å sikre teknologisk utvikling, auka eksport av varer, fleire industriarbeidsplassar, auka verdiskaping og meir vidareforedling i Noreg.
- g) At ny og eksisterande statleg eigarskap skal brukast aktivt for å behalde og vidareutvikle industriproduksjon i Noreg, auke graden av vidareforedling og attvinning og sikre lengre verdikjeder i norsk industri.
- h) Gjeninnføre ei sterkare ervervs- og konsesjonslovgiving for å verne norsk industri mot utanlandske oppkjøp. Raudt støttar andre land i arbeidet deira for det same.
- i) Stoppe utflagging av lønnsam industri i Noreg og føre ein aktiv politikk for å hente heim industri som er flagga ut tidlegare, eventuelt i samarbeid med dei nordiske nabolanda våre.
- j) At oppdrag i samband med investeringar i offentlege verksemdar og statlege selskap skal givast til produksjonsbedrifter i Noreg. Bedrifter med landsdekkjande tariffavtalar skal prioriterast så langt det er mogleg. Det skal stillast krav til godt partssamarbeid, faste tilsetjingar, avgrensingar i kontraktskjeder og strenge krav til



energieffektivisering, HMS og ytre miljø.

- k) Ha nulltoleranse for subsidieeksport. Enova og andre nasjonale støtteordningar skal rettast mot prosjekt som har ein høg del av verdikjeda lokalisert i Noreg, og prosjekt som gjer det mogleg å reetablere produksjon som tidlegare er flytta ut av landet.
- l) Gi auka tilskot til Enova for klimatiltak i industrien. Føre vidare ei CO2-kompensasjonsordning med krav til utsléppskutt og energieffektivisering som hindrar karbonlekkasje.
- m) At den reine fornybare kraftproduksjonen skal brukast som eit industripolitisk og miljømessig verkemiddel som sikrar industrien tilgang til langsiktige rimelege kraftkontraktar, med strenge krav til miljø og aktiv produksjon.
- n) Arbeide for balanserte handelsavtalar som dekkjer behovet for internasjonalt varebyte. Samtidig skal avtalane sikre moglegheit for nasjonal utvikling og demokratisk kontroll over eigne ressursar.
- o) Leggje ned dagens Innovasjon Noreg og byggje opp eit nytt statleg verktøy for næringsutvikling med fokus på industri og produksjon.
- p) Styrkje dei regionale utviklingsfonda med verkemiddel som kan bidra til å utvide eksisterande industriklyngjer, forlengje produkt- og verdikjeder og skape lokalt forankra arbeidsplassar.
- q) Stille strenge krav til utbyte, leiarlønningar og bonusar når staten går inn med subsidiar og støtte til industrien. Som hovudregel skal staten søkje å få eigarpartar i byte mot industrisubsidiar.
- r) Utdanne fleire industrifagarbeidarar, desentralisert i nærleik til industriklyngjer og i samarbeid med partane i arbeidslivet for å sikre at det finst kvalifisert arbeidskraft til industrien og trygge jobbar for dei som utdannar seg.
- s) Jobbe for faste tilsetjingar i industrien og mot kommersielle byrå. Der innleige skjer, skal det likebehandlast, og 20 prosent reisetillegg skal ikkje kunne bakast inn i grunnlønna.
- t) Jobbe for ein industri som produserer innanfor tolegrensene til planeten og den norske befolkninga sin rettferdig del av ressursane på jorda.
- u) Styrkje sjømannsfrådraget.

## Verftsindustri

### RAUDT VIL:

- a) At norske skip og installasjonar på sokkelen så langt det er mogleg, skal byggjast på norske verft. Staten må ta grep for å sikre norske verft mot internasjonal låglønnskongruens.
- b) At norske verdsleiarande skipsverft og forskingsmiljø blir brukte som utgangspunkt for ei storstilla satsing på utvikling av nullutsléppsdrivstoff i ferjer, skip og landtransport.
- c) Opprette støtteordningar for fylkeskommunal satsing på ikkje-forureinande ferjer og hurtigbåtar der byggekontraktane går til verft og produksjonsbedrifter i Noreg.
- d) Vurdere alternativ bruk av utrangerte installasjonar på sokkelen til kraftproduksjon og karbonlagring. For å ta vare på installasjonar som skal fjernast, skal det opprettast miljøstasjonar for oljeverksemd i tilknytning til eksisterande verftsindustri langs kysten.
- e) Hindre eksport av utrangerte skip og oljeinstallasjonar som i dag skaper miljøproblem i andre land. Desse skal demonterast og resirkulerast i Noreg etter strenge krav til materialgjennbruk, handtering av miljøgifter og lokale utslépp.
- f) Etablere produksjonsanlegg for skipsskrog over 75 meter i tilknytning til eksisterande verftsindustri for å ta tilbake ein større del av den maritime verdiskapinga som tidlegare skjedde i Noreg.
- g) Etablere industrielle støtteordningar som gir auka og kontinuerleg drift og industriarbeidsplassar på norske verft til oppsirkulering av utgått maritim tonnasje.

## Næringsmiddelindustri

Mat- og drikkevarerindustrien sysselset éin av fem industritilsette i Noreg og er avgjerande for matvaretryggleiken i landet. Føresetnadene for viktige delar av denne industrien er eit styrkt tollvern for matvarer, som ikkje skal undergravast av importkvotar, og at vi held fast ved ein regulert og forhandlingsbasert landbruksproduksjon i Noreg. Det er viktig at fiskeripolitikken sikrar stor grad av vidareforedling av råvarene i Noreg. Føresetnaden for eit styrkt landbruk i Noreg er at råvarene blir vidareforedla i Noreg. Utan moglegheitene for lokal vidareforedling blir grunnlaget for landbruket vesentleg svekt.

### RAUDT VIL:

- a) Satse på utviklinga av bioøkonomi for å sikre ei auka vidareforedling av ressursar frå hav, jord og skog, spesielt at eksporten av massevirke og uforedla fisk blir erstatta av vidareforedlingsbedrifter i distrikta.
- b) Auke prosentdelen norskprodusert mat og drikke i den norske marknaden.
- c) Ha verkemiddel som sikrar at vidareforedling av råvarer skjer nær produksjonsstaden.
- d) Ha ein avgiftspolitik som blir utforma slik at han tek omsyn til reelle helsemessige verknader samtidig som han tek vare på utviklinga av norsk industri og avgrensar grensehandelen.



- e) Sikre nasjonal eigarskap til viktige aktørar til vidareforedling av både landbruksprodukt og sjømat. Også innanfor dagens handelsregime er nasjonal kontroll med viktige produsentar strategisk viktig for sysselsetjing og verdiskaping
- f) Styrkje samvirke og arbeide for fleire samvirke innanfor vidareforedling av landbruk og fiskeindustri. Det må vere ein føresetnad at dette er reelle samvirke og ikkje kommersielle føretak i forkledning.

## Aktivt skogbruk

Skogen skal utnyttast som kjelde til råvarer og grunnlag for heile verdikjeder som kan gi stor verdiskaping. Skogen er ei enorm kjelde til biologisk mangfald. Skog i vekst fangar og lagrar CO<sub>2</sub> og fungerer som eit naturleg reinseanlegg for vatn og luft. Skogen er ein buffer som vernar område mot ekstremvær, og som førebyggjer jordskred.

Vi skal ha eit framtidsretta skogbruk som tek vare på biologisk mangfald og samfunnsnytte. Skogbruket må hogge den hogstmodne skogen jamnare, med mindre bruk av storstila flatehogst enn i dag. Gardsskogbruket og skogsdrift med lettare vegbygging må stimulerast.

### RAUDT VIL:

- a) Erstatte fossile råvarer og energi med miljøsertifisert biomasse der det er gunstig. .
- b) At karbonbindingsevna til skogen blir styrkt.
- c) At norske skogressursar skal vidareforedlast i Noreg.
- d) At det blir stilt krav til meir naturvennleg hogst og meir miljøvennleg tømmertransport.
- e) At ved skal produserast og omsetjast der denne ressursen er underutnytta, særleg gjennom organisatoriske tiltak.
- f) Auke bruken av tre i byggebransjen. Offentlege byggeprosjekt skal velje norsk trevirke framfor andre materiale.
- g) At staten og kommunane skal ta over store privatkapitalistiske skogeigedommar for å sikre at allmenta har tilgang til friluftsliv, jakt og fiske. Statskog skal verne ein større del av skogeigedommane sine, aktivt kjøpe opp skogeigedommar som kjem på sal, og drive eit miljøvennleg og berekraftig skogbruk.
- h) Støtte prosjekt for produksjon av biokol av skogavfall.
- i) Verne skog som er eldre enn 150 år, mot flatehogst. Hogst i naturskog, urskog og urørt skog må avsluttast, og det må opprettast kompensierende tiltak for skogeigarar. Raudt meiner at små grunneigarar treng sterkare kompensasjon enn større. Eit nasjonalt organ må føre tilsyn, ha oppfølging og vurdering av hogstløyve også i tilgrensande område.
- j) Forby kunstgjødsling av skog.
- k) Vern av skog bør først og fremst søkjast løyst gjennom frivillig vern-ordninga.
- l) At mest mogleg av tømmerstokken må vidareforedlast til produkt med høg klimanytte.
- m) Styrkje det biologiske mangfaldet i skogen og stimulere til å gjere skogeigedommane meir robuste i møte med klimaendringane.
- n) Ha program for biologisk mangfald og klimatilpassing av skog.
- o) Ha auka bruk av tre og biomasse frå skogen og eit grønt industriløft.
- p) Auke støtta til nedkjemping av røte.
- q) Forby flatehogst. Løyve pengar til omstillingshogst for produksjonsskog.
- r) Ta ut meir sitkagran frå norsk flora og fjerne kravet om nyplanting av henne der ho blir teken ut.
- s) Ha eit forbod mot hogging av eldre døde trestammar (gadd), fordi desse trea er ein svært viktig faktor for biologisk mangfald og er biotopar for mange truga insekt, lav og sopp. Det same gjeld vern av same typen tre som ligg på bakken med (læger).
- t) At søknader om skogsbilvegar alltid skal behandlast etter plan- og bygningslova, og at det alltid skal leggjast fram ei uavhengig konsekvensutgreiing før søknader blir behandla.



## Treforedling, prosessindustri og forsvarsindustri

### RAUDT VIL:

- a) Opprette eit statleg industrilokomotiv innanfor treforedling for å ta igjen det investeringsforspranget nabolanda våre har.
- b) Vurdere strategiske statlege oppkjøp i viktige treforedlingsbedrifter som Borregaard og Norske Skog.
- c) At Skog22 må følgjast opp med politiske vedtak slik at verdikjeda skog og tre blir eit strategisk satsingsområde i norsk næringspolitikk.
- d) Sikre rammevilkåra for kraftforedlende industri med langsiktige kraftkontraktar, fritak for elavgift og redusert nettleige.
- e) Ha mål om nullutslepp i prosessindustrien, med statleg støtte til prosjekt som utviklar og tek i bruk ny teknologi.
- f) Stimulere til auka produksjon av norsk juletre og pyntegrøntproduksjon.
- g) Ha ein høg sjølvforsyningsgrad av produksjon og vedlikehald av forsvarsmateriell. Av tryggleiks- og beredskapsomsyn er det viktig at Forsvaret rår over størstedelen av den tekniske kompetansen.
- h) Halde oppe ein strategisk offentlig eigarskap i forsvarsindustrien og eit tett samarbeid med Forsvaret, fordi det er av avgjerande betydning for tryggleiken vår.
- i) At norsk forsvarsindustri søker samarbeid om produksjon av forsvarsmateriell med dei nordiske naboane våre.

## Nye industriprosjekter

Vi treng både nye energikjelder og nye arbeidsplassar når vi går frå ein fossil til ein fornybar kvardag. Noreg har alle moglegheiter til å løyse desse problemstillingane samtidig. Gjennom forskning og ny teknologi kan vi vere med på å bidra til at verda går i fornybar retning, vi kan sikre norske arbeidsplassar, og vi kan bruke teknologien til å sikre at eigen kraftproduksjon og utbygging skjer på ein minst mogleg naturinngripande måte.

### RAUDT VIL:

- a) Sikre ei langsiktig føreseieleg finansiering av pilotering og utrulling av karbonfangst- og karbonlagringsteknologi som er tilknytt produksjonsutslepp på land, som avfallshandtering, sementproduksjon, aluminiumsproduksjon og lagring i Nordsjøen.
- b) Setje i gang eit statleg pilotprosjekt for elektrisitetsproduksjon frå djup geotermisk energi, basert på geologisk kunnskap og boreteknologi frå petroleumssektoren.
- c) Satse på nye energibærarar som hydrogen og ammoniakk og leggje til rette for utbygging av infrastruktur og distribusjon.
- d) Opprette eit eige forskingsprogram for auka ressursutnytting av biprodukt i eksisterande industri
- e) Ha offentlig finansiert forskning på og investering i teknologiske løysingar for avfallsreduksjon, resirkulering og minimering av behov for avfallsdeponi og for eksisterande industri med store avfallsproblem.
- f) Byggje opp eller gjenreise norsk industri innanfor forbruksvarer, småelektronikk og heimeteknologi, eventuelt i strategisk samarbeid med naboland.

## Gruvedrift og mineraler

### RAUDT VIL:

- a) Etablere eit statleg gruveselskap.
- b) Styrkje Noregs geologiske undersøkingar.
- c) Sikre grunnrente frå gruverdrift.
- d) Auke mineralavgifta og innføre avgift på gruveavgang.
- e) Sikre at avfall som inneheld miljøgifter, blir handtert på ein forsvarleg måte, og at forureina grunn blir reinsa.
- f) Redusere avfall frå nye gruver og innføre eit sett med avgifter og regelverk for mineralindustrien som fører til alternativ bruk av overskotsmassar, for å fjerne behovet for ytre deponi. Restmassar skal prioriterast til produksjons-, bygg- eller anleggsformål framfor bruk av nye råvarer.
- g) Innføre eit forbod mot å dumpe gruveavfall i fjordar, våtmarksområde og vassdrag.
- h) Stille krav til driftsmåte for gruverdrift for å redusere inngrepa, redusere avfallsmengda og lette rehabiliteringa av gruveområda. Det skal stillast krav til underjorddrift i staden for dagbrot der det er praktisk mogleg.
- i) Innføre eit forbod mot gruverdrift på havbotnen.



# Olje og gass

Olje- og gassindustrien har gitt Noreg stor rikdom i form av eksportinntekter, skatteinntekter, arbeidsplassar, teknologiutvikling og ein enorm finansformue som er plassert i oljefondet (Statens pensjonsfond utland). Forbruket av mellom anna slike ikkje-fornybare ressursar har òg gitt menneske nyttige materielle gode og ein omfattande lette i arbeid som før sleit ut menneskekroppen. Kunnskapen til oljearbeidarane, kompetanse og kampkraft har vore avgjerande for å bygge norsk industri. Når dei globale klimagassutsleppa skal reduserast ned mot null dei neste 30 åra, vil det påverke vår viktigaste næring og heile den norske økonomien og særleg lokalsamfunn som er bygd opp rundt aktiviteten på norsk sokkel. Utan ei planmessig og rettferdig oppbygging av ny industri vil vi stå i fare for å miste både arbeidsplassar, kompetansemiljø og kunnskap som fellesskapet er avhengig av. Alternativet er ikkje å halde fram som før, men å vente på ei marknadsstyrt krasjlanding den dagen globale klimaavtalar og karbonavgifter verkeleg får effekt.

## Vegen ut av oljealderen

Dagens oljearbeidarar skal vere med på å bygge klimaløysingane for morgondagen. Derfor har vi ikkje råd til å la dei gå arbeidslause. Raudt ser behovet for ein statleg innsats når produksjonen av olje og gass vil bli vesentleg redusert dei neste åra. Det var staten som bygde opp det norske oljeeventyret, og det bør vere staten som tek ansvaret for å trappe det ned på ein sosialt rettferdig måte.

På kort sikt er det behov for eit investeringsprogram for leverandørindustrien, som er den avgjerande nøkkelen for å verne arbeidsplassar langs kysten. Samtidig må vi bygge ut andre eksisterande industrigreiner, til dømes næringsmiddelindustri, treforedling, kraftkrevjande industri og liknande. På mellomlang sikt må det etablerast heilt nye industrigreiner på skuldrene av kompetansen i dagens olje- og leverandørindustri.

### RAUDT VIL:

- a) At nedtrappinga av olje- og gassnæringa skal skje planmessig og demokratisk styrt for å hindre tap av arbeidsplassar. Opne for å stengje oljefelt i sårbare område eller med marginal lønnsemd.
- b) Ha eit statleg investeringsprogram som er retta mot leverandørindustrien for på kort sikt å erstatte oppdrag som følgje av stopp i nye utbyggingar på sokkelen. Innhaldet i programmet skal meislast ut av staten, industrien og fagrørsla for å sikre at samfunnsnyttige investeringar blir kopla med det faktiske behovet for arbeid og oppdrag.
- c) Ta Equinor av børss, avvikle utanlandssatsinga i olje- og gassprosjekt og gjere selskapet til eit industrilokomotiv for samfunnsbygging i heile Noreg.
- d) At staten i dialog med fagrørsla utviklar eit heilskapleg omskulerings- og etterutdanningstilbod til arbeidarar i bedrifter og næringar som er i omstilling slik at arbeidarane blir kompenserte for utdanning og blir sikra inntekt og rettar. Staten skal kartlegge kompetansebehovet i ei grøn omstilling og moglegheiter for overføring frå petroleumssektoren. Gjennom den aktive næringspolitikken som vi har skissert i kapittel 16, «Industri», skal det skapast berekraftige arbeidsplassar i heile landet, slik at kompetansane i petroleumsindustrien blir overførte til andre næringar. Utdanningstilbodet til dagens elevar og studentar skal formast slik at alle kan utvikle kompetanse for å finne arbeid i eksisterande og nye berekraftige næringar.

## Planlagd nedtrapping av olje- og gassnæringa

### RAUDT VIL:

- a) At ingen nye leiteløype blir innvilga på norsk sokkel, heller ikkje gjennom TFO-ordninga (tildeling i førehandsdefinerte område). Trekkje tilbake løype frå tidlegare konsesjonsrundar som ikkje har blitt bygde ut.
- b) At berre utbyggingar som er vedtekne og sette i gang, skal gjennomførast. Alle andre uoppdaga ressursar, funn og funn i felt skal halde fram med å vere urørte.
- c) Avslutte geologisk kartlegging og seismikkskyting som har som formål å starte ny leiteaktivitet på sokkelen.
- d) Ha varig vern og petroleumsfrie område utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, Mørebankane, Skagerrak, havområda rundt Jan Mayen og polarfronten. Vidare stanse petroleumsaktiviteten ved Trænarevet.
- e) At det ikkje skal vere noka petroleumsverksemd innanfor iskantsona, definert ut frå føre-var-prinsippet og tilrådingar frå staten sine eigne faginstitusjonar til området innanfor grensa med isfrekvens på 0,5 prosent i april 2019.
- f) Avvikle leiterufusjonsordninga og opphøyrrefusjonsordninga, fjerne friinntekta og auke avskrivingstida for investeringar i olje og gass.
- g) Ha auka demokratisk styring av petroleumsverksemda ved å senke terskelen for kva planar for utvikling og drift (PUD) som skal behandlast av Stortinget.



## Ei betre oljenæring

### RAUDT VIL:

- a) Satse på karbonfangst og -lagring som løysing for å kutte utslepp i olje- og gassindustrien.
- b) Seie nei til elektrifisering av sokkelen med kraft frå land eller havvind.
- c) Styrkje oljevernberedskapen og ha strengare reaksjonar på ulovlege utslepp frå oljeselskapa.
- d) Sikre forhandlingsmakta til leverandørindustrien i møte med oljeselskapa, ikkje minst Equinor.
- e) Stoppe snikflyttinga av Equinor frå Stavanger til Fornebu og sørgje for at olje- og gassverksemda kjem heile landet til gode, også i den avsluttande fasen.
- f) Sikre at tilsette på fleirbruksfartøy blir omfatta av den norske arbeidsmiljølova.
- g) Tette igjen hòla i reguleringa av arbeidstid på sokkelen.
- h) Halde ved like og forbetre felt som allereie er i drift, ved å investere i betre miljøteknologi. Ha planmessig og miljøsikker plugging av oljebrønner.
- i) At skyting av seismikk skal ta omsyn til sjøpattedyr og alle andre havlevande dyr. Sjøpattedyr skal derfor inkludert i dagens seismikkrettlegg.
- j) Innføre ei nasjonal erstatningsordning for oljepionerane, og også for offera og dei etterlatne etter Kielland-katastrofen.
- k) Regulere utbygginga av oljeinstallasjonar på ein måte som avgrensar innleige og aukar grunnbemanninga på verfta.



# Kraft

I over hundre år har vasskrafta har vore ein av dei viktigaste berebjelkane for norsk industriutvikling og gitt fornybar kraft til hus og heimar i heile landet. Dei naturgitte ressursane i fossefall og elvar har gjennom den kraftforedlende industrien blitt til metall og industriprodukt som blir eksporterte ut i verda. Så lenge vi forvaltar vasskrafta rett, er dette ein industri der det som i andre delar av verda blir produsert med store klimagassutslepp, kan produserast her heime med låge utslepp. For Raudt er det viktig klimapolitikk å unngå krafteksport som fører med seg effekttap og samtidig slår beina under den grønne industrien vi er avhengig av når oljesektoren skal trappast ned.

Straumkrise viste for alvor svakheitene ved at det norske kraftsystemet er underlagt EUs marknadsreglar. Prissmitte frå kontinentet slår beina under det viktigaste konkurransefortrinnet for industri. Raudt er motstandar av at Noreg skal innlemmast vidare i EUs kraftmarknad, og seier nei til fjerde energimarknadspakke. Straum er ikkje ei vare som alle andre, men ein sentral del av infrastrukturen i samfunnet. Derfor vil Raudt ha ein makspris på straum som sikrar norske forbrukarar og norsk næringsliv kraft til låge, føreseielege prisar.

I dag har Noreg stort overskot på kraft. Dersom vi skal halde orden på kraftbalansen i framtida, må vi først og fremst få betre styring på krafta. Meiningslause prosjekt som elektrifisering av sokkelen med straum frå land må avlysast, og det må satsast storstila på energisparing og energieffektivisering. I tillegg må vi oppgradere dagens vasskraftverk og byggje ut noko solkraft og bergvarme. Raudt vil òg arbeide for meir forskning på og utvikling av moderne kjernekraftverk i norsk samanheng.

All kraftproduksjon fører med seg naturinngrep, og utbygginga av vass- og vindkrafta har allereie lagt stort beslag på natur og økosystem. Forvaltninga av kraftressursane må derfor skje med strenge miljøkrav, og Noreg må behalde sjølvrådetretten over desse ressursane.

## Trygge, låge straumprisar over heile landet

### RAUDT VIL:

- a) Innføre ein makspris på straum, basert på produksjonskostnadene, med nødvendige påslag. Det må innførast eit topprissystem som gjer luksusforbruk dyrt.
- b) Seie nei til bygging av nye straumkablar til utlandet, også i form av hybridkablar til havvindanlegg.
- c) Innføre ein mekanisme for eksportavgrensingar på eksisterande kablar til Danmark, Nederland, England og Tyskland.
- d) Seie nei til EUs fjerde energimarknadspakke og melde Noreg ut av EUs energibyrå Acer.
- e) Innføre eit nytt system for prioritering av kraft til industri og anna næringsliv, som gjer slutt på «førstemann til mølla»-prinsippet som blir følgt i dag.
- f) Ha full stans i nye datasenter, utover etablering av offentleg skylagring, fram til eit nytt konsesjonssystem for datasenter er på plass. Forby etablering av sener for kryptovalutaproduksjon og avvike dei som allereie finst.
- g) At kommunane der krafta blir produsert, gjennom dagens kraftinntektssystem skal behalde sin del av verdiskapinga.
- h) Sikre veto retten til kommunen mot nye kraftutbyggingar.
- i) Avskaffe den fiktive straummarknaden. Forbrukarane må kjøpe straum frå offentleg eigde kraftselskap.
- j) Nettleiga må jamnast ut over heile landet, slik at kvar du bur, ikkje avgjer kva du må betale.
- k) Endre energilova slik at vasskraft og andre fornybare energikjelder på nytt blir definert som profittfrie område og ein samfunnsressurs – ikkje ei forretningsmessig vare.
- l) Erstatte luftspenn med jord- og sjøkabel som naturvennleg hovudalternativ der det er nødvendig å forsterke eller byggje ut linjenettet.

## Kraftproduksjon

### RAUDT VIL:

- a) Satse stort på solkraft i samband med eksisterande infrastruktur og bygningsmasse. Potensialet for solkraft skal greiast ut og utnyttast ved alle nybygg og rehabiliteringar.
- b) Slå ring om heimfallsretten og stanse tilgangen til at private kan vere minoritetsigarar i offentlege eigde selskap som eig vassfall og kraftverk.
- c) Forske vidare på moglegheita for å utnytte geotermisk kraft der det ikkje inneber store naturinngrep, til dømes på sokkelen i Noreg.
- d) Utvide heimfallsretten til å omfatte alle kraftverk over 0,5 MW.
- e) Krevje ein sesongbestemt minstestasstand i kraftmagasina. Revidere gamle vasskraftkonsesjonar for å setje restriksjonar på senkingsfart. Stille krav til minstevassføring og omfang av effektkøyring.



- f) Endre skattlegginga av vasskraftselskap slik at det kan gjennomførast investeringar i oppgradering og effektivisering av kraftproduksjonen utan miljøydeleggingar. Skattesystemet skal sørge for at ein unngår at utbyggjarane legg seg rett under grensa for skattlegging i staden for å produsere mest mogleg kraft når dei først tek seg til rette i naturen vår.
- g) Vidareføre Statkraft og Statnett som heileigde statlege einingar. Dei skal ikkje lenger drive etter forretningsmessige prinsipp, men forvalte energien som samfunnsressurs og gjere meir arbeid i eigen regi. All vidare kraftutbygging i privat regi skal underleggjast konsesjonslovene og tilkomme staten når konsesjonstida er over.
- h) Arbeide for forskning på og utgreiing av kjernekraftverk i norsk samanheng. Samtidig anerkjenner vi at utbygging av kjernekraft ikkje kan komme tidsnok til å vere ei klimaløysing for Noreg på kort eller mellomlang sikt.
- i) Føresetnaden for norsk kjernekraft må vere statleg eigarskap. Noreg skal bidra til at atomkraftverket på Kolahalvøya blir stengt på ein sikker måte. Ei kjernekraftsatsing i Noreg skal ikkje støtte økonomisk og praktisk opp om atomvåpenindustri internasjonalt.
- j) Innføre ei «rettshjelpsordning» for å avlaste små kommunar, reinbeitedistrikt og andre som må handtere store kraftutbyggingar eller andre nasjonale utbyggingsprosjekt.
- k) Seie nei til vindkraft på land, i fjøra og til havs.
- l) Støtte forskning og utprøving av energiproduksjon frå bølgekraft og tidvatn.
- m) Stanse elektrifisering av Melkøya og utbygging av kraftlinjer mellom Skaidi, Melkøya og Varangerbotn. Krevje at Equinor i staden etablerer karbonfangst og -lagring på Melkøya snarast mogleg.
- n) Sikre trygg, miljøforsvarleg opprydding og lagring av det radioaktive avfallet vårt.

## Energieffektivisering

Klimaendringane kjem av utslipp frå bruk av fossile energikjelder, men samtidig kan ikkje løysinga vere å byte til fornybar energi som blir produsert med store naturinngrep. Vi må først og fremst redusere energiforbruket, fordi den mest miljøvennlege energien er den som ikkje blir brukt. Raudt ønskjer ei nasjonal satsing på redusert energibehov og -forbruk, energieffektivisering, energisparing og opprusting av eksisterande kraftverk med statlege tilskot.

### RAUDT VIL:

- a) Ha ein plan for storstila energieffektivisering i bygg, med mål om å kutte 13 TWh elektrisitetsbruk innan 2030 og 27 TWh elektrisitetsbruk innan 2050.
- b) At det blir lagt til rette for energieffektivisering i industrien som sparar 3 TWh elektrisitet til 2030 og 6 TWh elektrisitet til 2050.
- c) Endre mandatet til Enova slik at energieffektivisering blir prioritert høgare. Mellom anna bør Enova få i oppgåve å sikre at folk med låg til middels inntekt har råd til enkle energieffektiviseringstiltak heime.
- d) Vidare auke den statlege innsatsen for at grunnvarme blir brukt for alle nye større bustadbyggjeprojekt der det er aktuelt.
- e) Differensiere elavgifta for hushald ved å senke avgifta for basisforbruk og auke avgifta til luksusforbruk.
- f) Bergvarme og andre varmepumper blir ei prioritert kjelde til oppvarming. Det offentlege må gå føre i installering av dette, til dømes på skular og i kulturbygg.
- g) Det blir innført betre støtteordningar til varmepumper. Støtte til lågterskeltak som luft-til-luft-varmepumper må gjeninnførast.
- h) At plan- og bygningslova må stille strenge krav til energibruk i bygg. Passivhus og nullenergihus må vere standarden i større byggjeprojekt.
- i) At staten skal ta ei aktiv rolle i effektiviseringa av bygg, ikkje berre dele ut støtte og tilskot.
- j) At det før det blir inngått nye kraftavtalar med kraftføredlande industri, må finnast ein forpliktande plan for energieffektivisering.



# Varehandel

Varehandelen står for ei stor sysselsetjing, og desentralisert handel er svært viktig for levedyktige lokalsamfunn i heile landet. Høvet til å få hylleplass i daglegvarebutikkane er av sentral verdi for viktige delar av norsk industri, som næringsmiddelindustrien og andre produsentar av daglegvarer og forbruksvarer.

Netthandelen inneber ei stor endring av varehandelen. Omstruktureringa må skje slik at vilkåret til dei tilsette ikkje blir svekt, og at eventuelt overflødige blir sikra anna meningsfylt arbeid. Denne utviklinga er driven av teknologi, men er forsterka av dei påståtte stordriftsfordelane konsern som Amazon har. Påståtte fordi viktige fordelar ikkje kjem av stordrift, men er maktrabattar i innkjøp og skattefordelar som internasjonale konsern har samanlikna med lokale bedrifter, mellom anna på grunn av bruk av skatteparadis – i tillegg til at dei er fagforeiningsfiendtlege og driv ei grov utbyting og underbetaling av dei tilsette.

Mykje av handelen er kontrollert av få aktørar. Daglegvarer er eit ekstremt døme på det. Tre aktørar, Rema, Coop og Norgesgruppen, kontrollerer marknaden. Innkjøpssystemet deira med svært store rabattar til leverandørar gjer det så godt som umogleg å etablere butikkar utan å knyte seg til ei av kjedene. Rabattane som er knytte til dei største aktørane, gjer lokal produksjon og tilgang til marknaden vanskeleg. Kjøpesenter fungerer svært negativt for annan handel. Dei mest attraktive kjedene, som Vinmonopolet, blir lokka til sentrum med svært rimelege leigekontraktar som delvis blir finansierte av mindre butikkar. Avtalestrukturen til kjøpesentera, der kontraktane normalt blir fornya kvart femte år, fungerer som stengsel for open debatt om korleis sentera fungerer. Kritiserer ein sentera, risikerer ein å bli stengd ute. Problema blir forsterka ved at slike rabattar blir haldne hemmelege. Dette skjuler korleis makt blir brukt, og det bidreg til konsentrasjon. I konkurranse må det normalt vere eit minstekrav at ein kjenner alternative prisar. Open, kontrollerbar prising bør vere sjølv sagt mellom aktørane og leverandørane for handelen.

## RAUDT VIL:

- a) Sikre norske bønder med sesongproduksjon gode og faste sals- og leveringsavtalar med kjedene.
- b) Bryte opp dei største aktørane i daglegvarehandelen.
- c) Stanse at dei store blir endå større gjennom oppkjøp, innføre reglar som stansar dette og dessutan avtalar som i praksis inneber oppkjøp gjennom at aktørar får auka kontroll og makt.
- d) At det blir innført eigarskapsavgrensingar for kommersielle selskap i daglegvarehandelen, for å avgrense uheldig maktkonsentrasjon i matsystemet.
- e) Ha full openheit om innkjøpsvilkår og prisar mellom industri og handel.
- f) Sikre openheit om avtalevilkåra til kjøpesenter.
- g) Arbeide for å opprette eit felles innkjøps- og distribusjonsselskap som kan forhandle felles rabattar som er tilgjengelege for alle butikkar, også butikkar utanfor kjedene sin kontroll. Selskapet skal koordinere distribusjon med direktedistribusjon frå produsent og samdistribusjon der dette er miljømessig gunstig.
- h) At så lenge eit slikt felles system ikkje er etablert, sikre retten produsentane har til å bruke eigendistribusjon dersom dei meiner det er formålstenleg.
- i) Sikre innkjøpsvilkår som gjer det mogleg for frittståande kjøpmenn å få innkjøp og distribusjon til konkurransedyktig pris.
- j) Støtte arbeidet for å gjere lov om god handelsskikk effektiv. Lova er eit viktig, men ikkje tilstrekkeleg, skritt for å sikre ein betre maktbalanse mellom varehandel og industri.
- k) Arbeide for å avvikle maktrabattar både produsentane imellom og mellom produsentar og handel.
- l) Støtte arbeidet til fagrørsla for å gi dei tilsette i franchise- og kjøpesentera innverknad på korleis kjeder og sentrum blir drivne.
- m) Styrkje Daglegvaretilsynet sitt og Konkurransetilsynet sitt arbeid mot matvarekartella.
- n) Støtte arbeidet for å innføre ny lov om etikkinformasjon og openheit i næringslivet, der større selskap må offentliggjere leverandørlistar og produksjonsstader. Risiko for moglege menneskerettsbrot skal kartleggjast, og det skal innførast tiltak for å hindre slike brot.
- o) Gjeninnføre regulering av opningstider i varehandelen, i tillegg til heilagdagslov.
- p) Legge til rette for direkte handel mellom matprodusentar og forbrukarar.
- q) Bruke eigarskapen til staten i Vinmonopolet strategisk for å fremje sentrumsutvikling der det er formålstenleg.
- r) Gi kommunane høve til å krevje inn parkeringsavgifter på kjøpesenter og handelsparkar.



# Fiskeri

Fisken i havet er ein felles ressurs og har vore grunnlaget for busetjinga langs kysten i tusenvis av år. Havet som allmenning er under hardt press. Kjøp og sal av kvotar og konsesjonar har gitt privat rikdom til nokre få reiarar og fiskeriselskap, medan fiskevær og fjordbygder har opplevd fråflytting og krise. Både store torskekvotar til trålflåten og ved strukturering av kystflåten har det viktigaste fiskeslaget, torsk, blitt teke frå kystfiskarane langs heile kysten. Langs kysten i Nord-Noreg har store torskekvotar til trålflåten og strukturering av kystflåten ført til at fiskeressursane er tekne frå lokalbefolkninga. I dag blir altfor lite av fangsten frå trålflåten teken i land for foredling av norske fiskeribedrifter. Saman med jordbruket er fiskeria og dei marine ressursane det viktigaste grunnlaget for mattryggleiken og forsyningsgraden for den norske befolkninga.

Godt internasjonalt samarbeid om felles fiskeriforvaltning er grunnleggjande for verdiskaping og konkurransekraft i den norske fiskerinæringa. Noreg må halde fram arbeidet i tråd med den internasjonale erklæringa mot fiskerikriminalitet. Norsk fiskeriforskning er verdsléiande og må framleis vere ei drivkraft for vidare utvikling av fiskeria med omsyn til både god ressursforvaltning og føre var-prinsipp for berekraftig hausting frå havet. I ei tid då kommersielle interesser pressar på for mineralindustri på havbotnen og etablering av store vindturbinar til havs, er det viktig at Havforskningsinstituttet får auka midlar for å kunne drive uavhengig forskning på miljøbelastningane rundt dette.

Den opphavlege grunngevinga for å setje av 30 prosent av norsk totalkvote på torsk til trålarane var at dette skulle sikre meir heilårige arbeidsplassar og leveransar til landbasert produksjon i Noreg. Mesteparten av fangsten frå trålarane blir i dag teken i land anten rundfryst og send til utlandet for foredling, eller produsert om bord i fabrikkskip.

Raudt ønskjer ein tilpassa differensiert fiskeflåte. Fiskeria skal vere berekraftige og miljø- og kvalitetsmedvitne. Fiskeriforvaltninga må leggje større vekt på å redusere karbonavtrykk ved fangst av fisk. Mangel på handheving og oppfølging av fiskerilovgivinga har ført til manglande levering og har gjort det mogleg for eigarane å utnytte utanlandske arbeidadar og presse ned lønn og arbeidsvilkår. I mange tilfelle er det påvist grov sosial dumping. Ustabil levering har ført til stadig større grad av mellombels arbeidskraft gjennom bemanningsselskap og låg organisasjonsgrad.

Får denne utviklinga halde fram, vil reiarane og investorane bli endå rikare, medan folk som bur langs kysten, mistar arbeid og inntekt. Dette må reverserast.

På grunn av prisen på kvotane er det vanskeleg for unge fiskarar å starte opp som yrkesfiskarar på eigen båt. Alle kvotar bør fyllast eller delvis fyllast for å kunne behaldast.

## RAUDT VIL:

- a) Grunnlovsfeste at dei viltlevande ressursane i havet høyrer til «fellesskapet» og skal komme lokalbefolkninga til gode.
- b) Fjerne eller redusere EUs kvotedel.
- c) Handheve deltakarlova slik at berre aktive fiskarar kan eige fiskefartøy med fiskerettar. Omsetninga av fiskekvotar blir stoppa. Staten fordeler kvotane gratis, og kvotane går tilbake til staten når fiskaren sluttar som fiskar.
- d) Krevje at leverings- og aktivitetsplikta til landanlegg blir innfridd, eller at kvoten blir refordelt.
- e) Arbeide for at torsketrålkonsesjonane blir avvikla og dei tilhøyrande torske- og hysekvotane blir omfordelte til kystflåten. Vidare innføre eit forbod mot snurrevadfiske innanfor grunnlinja.
- f) Avvikle heimslengdeordninga. Regulere fiskebåtar og kvotar etter faktisk lengd.
- g) Betre forvaltninga av fjordfiskebestandar. Halde oppe krav til fartøystorleik som blir får tilgang til fiske innanfor fjordlinjene. Lysfiske etter brisling skal forbydast i dei inste fjordarmene.
- h) Hindre samanslåing av kvotar, også for båtar under 15 meter. Fisk frå kystflåten dannar grunnlaget for verdiskaping i mange kystsamfunn.
- i) Innføre periodisering av kvotar for å mogleggjere heilårsdrift på fiskemottaka langs kysten.
- j) Arbeide for at staten om nødvendig skal bidra til å byggje opp og halde oppe mottaks- og foredlingsanlegg for kystflåten.
- k) Betre arbeidsforholda for sjøfolk og tilsette i landanlegg.
- l) Sikre retten fiskarane har til prisforhandling, og at fiskesalslaga har einerett til å fastsetje minstepris på fisken.
- m) Lette tilgangen til å erverve fiskekvotar for unge som vil bli yrkesfiskarar.
- n) Krevje revisjonsplikt for fanga og levert fangst målt opp mot foredla produkt.
- o) Innføre totalforbod mot utførsel av fisk som er teken av turistar.



- p) Innføre turistfiskekort for sjøfiske.
- q) Styrkje nasjonal kontroll og regulering og hindre overfiske gjennom skjerpa kontroll på landanlegga. Kystvakta må styrkjast for å drive auka kontroll av reiskapar og utkast. Overvakingsflya kan hindre utkast og sikre at andre land ikkje fiskar i våre område.
- r) Innføre eit generelt forbod mot seismikkskyting med luftkanonar. Olje- og offshoreinstallasjonar skal ikkje finnast der det forhindrar fiske og fangst eller trugar livet i havet.
- s) At opning av fangst på nye artar skal vere basert på uavhengig forskning og føre-var-prinsippet.
- t) At hummarbestanden skal fredast mot fiskeri i ti år fordi han er på eit historisk lågt nivå.
- u) Jobbe for overgang til null- og lågutsleppsløysingar i fiskeflåten.
- v) Innføre forbod mot botntråling i sårbare område.
- w) At botntråling etter all kvitfisk blir forbode.

## Eit miljøvennleg fiskeoppdrett

Lakseoppdrett i opne merdar i sjøen har blitt ein stor industri som er den nest viktigaste eksportbransjen for landet. Grunnlaget blei lagt av lokale eldsjeler, oftast med bakgrunn i fiske eller jordbruk. Dei fleste anlegg er no tekne over av store konsern, nokre med norske og nokre med utanlandske eigarar. Dei fleste er børsnoterte selskap som har milliardinntekter årleg.

Oppdrettsnæringa har bidrege til at fleire kystsamfunn framleis er levedyktige og har ei positiv folketalsutvikling. Ho har viktige arbeidsplassar med dyktige tilsette. I slakteri og foredlingsanlegg er ein vesentleg del av dei tilsette mellombels tilsette arbeidsinnvandrarar gjennom bemanningsbyrå.

Ulempene har etter kvart vist seg å vere store. Dei opne oppdrettsmerdane utan krav til reinsing eller oppsamling av gjødsel og overskotsfôr skaper stor forureining som fordriv lokale fiskeartar og dei lokale fiskeria på villfisk. Rømming har ført til at oppdrettsfisk har gytt i elvane, noko som kan vatne ut dei unike elvestammane. Lakselus er årsak til mykje død på oppdrettslaks. Kampmiddel mot lakselus påfører òg stor skade på lokale skaldyr, som reke, krabbe og skjel. Det blir brukt titals millionar reinsefisk kvart år, og ein kan ikkje gjere greie for kva som skjer med dei. Dette er miljøkriminalitet og uakseptabel fiskevelferd og kan ikkje halde fram. Også omfattande smitte av virusjukdommar fører til stor døying og behov for stenging av anlegg og slakting av mange millionar laks.

Avhengnaden til næringa av marint fôr er redusert. No fôrar ein laksen med vegetabilsk soya og raps som blir importert. Desse fôr-råstoffa blir til dels dyrka på tidlegare urskogland.

### RAUDT VIL:

- a) Redusere det totale talet oppdrettsfiskar kraftig og skjerpe krava til fiskevelferd vesentleg.
- b) At nye løyve til fiskeoppdrett skal ha krav som tilfredsstillar at merdane (lukka merdar) er rømmingssikre, forureiningsfrie, gir full sjukdomskontroll og høg fiskevelferd, og at fisken er lusefri. Setje ein frist for når all fiskeoppdrett skal i merdar som tilfredsstillar desse krava. Det bør utarbeidast ein overgangsplan der konsesjonseigarar blir premiere for tidleg overgang til lukka anlegg.
- c) Setje eit tak på talet på fisk i kvar merd. Mengda biomasse må reduserast og bli meir berekraftig.
- d) Avvikle den private omsetninga av oppdrettsløyve med overgangsordningar. Løyva gir rett til å utnytte delar av den blå allmenningen, som er fellesskapet sin eigedom.
- e) At omsynet til bevaring av viltlevande marine artar skal gå føre ønsket om å bruke lokalitetar til oppdrett. Opne merdar for oppdrett av torsk må forbydast fordi gyting frå oppdrettstorsk er ein trussel mot kysttorsken.
- f) Føre vidare og auke grunnrenteskatten på oppdrettsnæringa. Lokalsamfunna ber dei største byrdene av oppdrettsnæringa, og oppdrettskommunane skal få auka inntektene sine frå ein slik skatt samanlikna med dagens ordning.
- g) Forby bruk av kjemiske middel som blir overførte til vill fisk og skader kreps- og skaldyr i fiskefôr. Marint fôr skal reinsast for bioakkumulerande stoff. Det skal stimulerast til utvikling av og overgang til vegetabilsk fôrråstoff som ikkje er basert på palmeolje eller andre monotropar med skadeleg verknad.
- h) Knyte all oppdrettslaks til lokalitet og eigar ved at han skal kunne sporast (med til dømes skjelprøver og DNA-testing).
- i) At trafikklyssystemet skal stille krav til døying i tillegg til lusetal. Grøn status blir berre gitt til løyve som kan dokumentere mindre enn 5 prosent døying frå utsett og til slakting. Ved meir enn 20 prosent døying skal produksjonen reduserast vesentleg.
- j) Forby bruk av leppefisk/reinsefisk. Vidare stanse bruken av termisk avlusing og andre avlusingsmetodar som utfordrar fiskevelferda.



- k) At all kjemisk behandling mot sjukdom og lus skal gå føre seg i lukka einingar, og at behandlingsvatnet skal inaktiverast og sleppast ut i område som er spesielt utpeika til dette. Dumping av behandlingsvatn skal ikkje skje i gyteområde, gytefelt eller rekefelt.
- l) Styrkje dei sanksjonsmoglegheitene Mattilsynet, Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet har overfor oppdrettsproduksjon som ikkje er i tråd med krav til fiskevelferd og miljø. Vidare leggje til rette for større del lokal foredling av oppdrettsfisk.
- m) Påleggje næringa å leggje til rette for utnytting av slam og andre overskotsressursar frå havbruk til produksjon av biogass, fosfor og andre produkt. EU-regelverk må ikkje setje stoppar for meir berekraftig utnytting.
- n) At totalmengda fisk i merdane blir redusert ved at dei som har høge tapstal, får trekk i tillaten produksjon. Tapstal skal vere ein faktor i det såkalla trafikklyssystemet.
- o) Gi Mattilsynet ein klar lovheimel til å frådømme oppdrettarar retten til å halde dyr dersom tapstala er for høge.
- p) At nye oppdrettskonsesjonar skal tildelast tidsavgrensa i 20 år, og etter utløp av konsesjonstida skal løyvet tilbakeførast til staten eller gå gjennom ei ny konsesjonsbehandling.
- q) At det blir utarbeidd strengare krav til innhaldet i fôr som skal hindre tilføring av skadelege stoff til oppdrettsfisk som deretter kan overførast til menneske. Prosentdelen tilført fôr som kan brukast til menneskemat direkte, skal ha ei maksgrense.
- r) At oppdrett av fisk og andre marine artar i landanlegg for heile livsløpet til arten skal ha same krav som til lukka anlegg i sjø. Areal til slike anlegg skal tildelast etter strenge kriterium i plan- og bygningslova, jordlova, naturmangfaldlova, forureiningslova, minerallova m.m.
- s) At for alle oppdrettsanlegg og tilhøyrande installasjonar i sjø og på land, skal omsynet til eit heilskapleg kystmiljø og naturforhold vektleggjast sterkt. Andre næringar og lokalmiljøet skal involverast sterkt ved konsesjonsbehandling.
- t) At eigarar av oppdrettsanlegg blir haldne økonomisk ansvarlege ved rømming.

## Sameksistens på havet

Fiskarane har i lang tid opplevd stor og aukande konkurranse om areal langs kysten og til havs. Dersom dei nye marine satsingane ikkje byggjer på tilstrekkeleg god kunnskap, kan utviklinga bli ein trussel mot både havmiljøet og norsk fiskerinæring.

### RAUDT VIL:

- a) At det skal utarbeidast ei ny stortingsmelding om arealbruk og sameksistens i norske havområde.
- b) At det ikkje skal finnast nye marine satsingar der det forhindrar fiske og fangst eller trugar livet i havet.
- c) At fiskeplassar skal ha fortrinnsrett, og gyteplassar skal vernast.
- d) At all ny aktivitet som er planlagt å skje på havet, skal sjåast i lys av marin verneplan og må ikkje gå ut over sårbar og viktig natur til havs eller langs kysten.



# Jordbruk

Det beste utgangspunktet for å byggje opp den totale beredskapen for det norske samfunnet er eit velfungerande nett av lokalsamfunn, med alle nødvendige funksjonar. På same måten er det beste utgangspunktet for å byggje opp matvareberedskapen for befolkninga vår ein løpande matproduksjon der dei dyktige bøndene våre kan utnytte mest mogleg av dei lokale jordressursane til å produsere mat og kulturlandskap i eit æveperspektiv.

Noreg har dårlegast matvareberedskap i Europa. Sjølvforsyninga vår er under 40 prosent. Jord blir bygd ned eller går ut av drift. Bønder legg ned matproduksjonen sin kvar dag. «Effektiviseringa» har svekt sjølvforsyninga med auka import av kraftfôrråvarer og auka bruk av kunstgjødsel. Samtidig har meir jord gått av bruk. Den rådande landbrukspolitikken har gjort norske bønder til gjeldsslavar. Denne utviklinga vil Raudt snu.

Samfunnsoppdraget til jordbruket skal vere å produsere nok og trygg mat, basert på lokale ressursar, og auke sjølvforsyninga, gjennom å utnytte jordbruksarealet til planteproduksjon.

I tillegg til matproduksjon sikrar landbruket spreidd busettjing, levande lokalsamfunn, grunnlag for verdiskaping i mange andre yrke, lokal identitet, dugnadsånd og beredskap.

Ein føresetnad for å sikre matvareberedskapen og auke sjølvforsyninga er at inntektene til bøndene blir jamstilte med andre grupper, økonomisk og sosialt.

Driveplikta på jorda skal handhevast, og omsetning av mjølkekvotar skal avviklast.

Dei store daglegvarekjedene aukar milliardinntektene sine samtidig som økonomien til bøndene blir svekt. Makta til daglegvarekjedene har styrkt seg på kostnad av matprodusentar og forbrukarar. Raudt krev sterk statleg regulering av daglegvarekjedene for å sikre interessene til forbrukarane. Bøndene skal ha ein større del av utsalssprisen i butikken.

## Matvareberedskap og sjølvforsyning

### RAUDT VIL:

- a) At landbrukspolitikken skal byggje på at heile landet skal vere busett, og at det av den grunn skal vere landbruk over heile landet.
- b) At lokal, løpande matproduksjon skal danne grunnlaget for oppbygging av matvareberedskapen.
- c) At sjølvforsyningsgraden vår, korrigert for importerte kraftfôrråvarer, skal aukast til 50 prosent i 2030, og til 60 prosent i 2035. Det viktigaste elementet vil vere å auke planteproduksjonen i Noreg, direkte til menneskemat, men også utnytte drøvtyggjarane (storfe, rein, sau og geit) si unike evne til å gjere om gras til mjølk og kjøt.
- d) At målet for matproduksjonen i Noreg skal vere den innanlandske marknaden. Det skal vere eit mål å bli 100 prosent sjølvforsynte av dei produkta vi kan produsere i Noreg. Importen av matvarer skal tilpassast dette målet.
- e) Opprette kornlager for minst 24 månaders matbehov. Frø og andre innsatsfaktorar må også vere til stades i beredskapslagera.
- f) At familielandbruket framleis skal vere grunnstammen i norsk landbruk. Ei blanding av små, mellomstore og store bruk er den rette måten å utnytte ressursane og eit mangfaldig norsk landbruk på. Gardsbruk skal ikkje organiserast som aksjeselskap.
- g) At landbrukssamvirka framleis skal vere marknadsregulator, og at dei mellom anna skal oppfylle hente- og leveringsplikta i heile landet. Marknadsordningane i landbruket er nødvendige for å balansere produksjon og etterspurnad.
- h) Det skal etablerast ein marknadsregulator for grøntnæringa, med henteplikt, for å etablere og sikre føreseielegheit for avsetning av produkta frå og over heile landet.
- i) Innføre småbrukstilskot til alle produksjonar i jordbruksavtalen etter mal for småbrukstilskot til kumjølkbønder.
- j) Styrkje norsk produksjon av kraftfôr.
- k) At ny prisordning for mjølk får verke ein periode, og at det deretter blir gjort ei vurdering av henne.
- l) At dei konkurransepolitiske tiltaka på mjølk framover blir finansierte over statsbudsjettet og ikkje gjennom dagens forbrukaravgift.
- m) Styrkje beredskapssamarbeidet mellom landbruksnæringa og styresmaktene for å sikre heile befolkninga mat i tilfelle krisesituasjonar.
- n) Føre vidare og utvide beredskapstilskotet til næringsmiddelbedrifter i nord.



## Mål for inntekt

### RAUDT VIL:

- a) At inntektene i jordbruket skal jamstillast med andre grupper i samfunnet, basert på mest mogleg reelt talgrunnlag. Inntekta skal målast ved resultatmålet «vederlag til arbeid».
- b) At inntektene i jordbruket skal jamstillast internt i næringa, mellom produksjonar, distrikt og bruksstorleikar.
- c) At normeringa av jordbruksinntektene, som blei innførte i 2024, skal avviklast.
- d) At det i jordbruksoppgjera skal givast ei avkastning på eigenkapitalen i jordbruket, tilsvarende minst utlånsrenta til banken.
- e) At jordbruket skal nytte same timetal som dei fleste andre grupper, 1700, i talgrunnlaget.
- f) At det skal brukast tak og trappetrinn på tilskot og produksjonsregulering.
- g) At jamstillinga òg tyder at minstesatsen i lønnsstøffane for innleigd arbeidskraft skal hevast.
- h) At gjennomføring av lausdriftskravet i vesentleg grad må finansierast av staten.
- i) Utnytte arealressursane best mogleg gjennom den såkalla kanaliseringspolitikken. Korn og grønnsaker skal produserast på dei areala som er best eigna til det, og skal i størst mogleg grad brukast direkte som menneskemat. Andre arealressursar skal brukast til gras til storfe, sau og geit.
- j) Jobbe for at den fysiske og psykiske helsa til bonden blir teken hand om, mellom anna gjennom å styrkje avlørsarordningane.

## Bruk av jord

### RAUDT VIL:

- a) At jordbruksarealet i Noreg skal utnyttast optimalt til planteproduksjon. Vi skal styrkje jordvernet, nedbygging av jordbruksareal skal reduserast til eit minimum, og areal som er gått ut av drift, skal reetablerast.
- b) Stimulere til optimal bruk av jorda, rett planteval, og kompensere for driftsulemper. Areal- og kulturlandskapstilskotet skal riggast etter ideen bak det teigbaserte tilskotet.
- c) At bu- og driveplikta skal handhevast strengt. Arealgrensa for å søkje konsesjon skal vere 10 dekar.
- d) Stimulere til auka beitebruk og seterdrift.

## Produksjonsregulering

### RAUDT VIL:

- a) Utnytte produksjonsressursane best mogleg for å oppnå inntektsjamstilling. Produksjonen må regulerast slik at overproduksjon blir hindra. Oppgåva skal i hovudsak gjennomførast av avtalepartane i jordbruksoppgjeret.
- b) At aktuelle reguleringsordningar som skal brukast, kan vere kvotar eller konsesjonsgrenser.
- c) At ordninga for omsetning av mjølkekvotar gjennom kjøp, sal, og leige må avviklast over ein tiårsperiode. Kvoteordninga skal behaldast, og kvotestorleiken skal baserast på grovfôrgrunnlaget for kvart enkelt bruk.

## Redusere matsvinnet

### RAUDT VIL:

- a) At alle ledd i verdikjeda frå jord til bord tek større ansvar for å redusere matsvinnet. Dette gjeld særleg hushald, matindustrien, daglegvarekjedene og jordbruket.
- b) At standardar og kvalitetskrav som forhindrar omsetning av mat med «feil» form eller storleik stansar.

## Måloppnåing

### RAUDT VIL:

- a) At faglaga i jordbruket, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag skal ha forhandlingsrett med staten, for å sikre yrkesutøvarane i jordbruket sine sosiale og økonomiske kår. Jordbruket skal òg gjennomføre måla til Stortinget.
- b) At Stortinget har ansvaret for jordbrukspolitikken i Noreg og kva retning han skal ha. Dette tilseier at framforhandla jordbruksavtalar skal oppfylle dei vedtekne måla til Stortinget.

## Importvern

Slik som alle andre land må Noreg ha matsuverenitet og sjølv bestemme vår eigen mat- og landbrukspolitikk, slik at han blir økologisk, sosialt og økonomisk tilpassa våre spesielle, naturgitte vilkår.

### RAUDT VIL:

- a) At Noreg gjennom matsuverenitet sjølv skal bestemme eigen mat- og landbrukspolitikk, som økologisk, sosialt og økonomisk skal tilpassast dei spesielle naturgitte vilkåra våre.
- b) At importvernet skal styrkjast. Målet er å auke norsk matproduksjon, basert på norske ressursar.
- c) At Noreg skal seie opp EØS-avtalen, inkludert veterinæravtalen, og redusere importkvotane frå EU.



- d) At Noreg skal redusere importkvotane for kjøt og ikkje importere grønsaker og frukt når tilsvarande norske produkt er i sesong.
- e) At Noreg på sikt ikkje skal importere kjøt, egg, potet, grønsaker, frukt, mjølk og meieriprodukt som vi kan produsere sjølv. Ei importavgift på inntil 40 prosent bør vurderast for desse varene.
- f) Ha ei effektiv importregulering av varer som påverkar vidareføring av norsk mjølkeproduksjon..

## Klima- og miljøvennleg landbruk

Landbruket må drivast klimavennleg og må sikre naturmangfaldet og kulturlandskapet for framtida. Reduserte klimautslepp frå landbruket må ikkje gå ut over bruken av naturressursar og eit landbruk med god dyrevelferd.

### RAUDT VIL:

- a) At landbruket skal vere klima- og ressurstilpassa for å kunne sikre mattryggleik, beredskap, og solidaritet overfor andre land sin eigen matsuverenitet.
- b) At landbruket blir drive klimavennleg og sikrar naturmangfaldet og kulturlandskapet for framtida. Reduserte klimautslepp frå landbruket må ikkje gå ut over bruken av naturressursar og eit landbruk med god dyrevelferd.
- c) At vi skal ha god arealutnytting og maksimal karbonbinding i jorda.
- d) Halde oppe det artsrike kulturlandskapet og sikre det for framtidige generasjonar, mellom anna ved å utarbeide skjøtelsesplanar.
- e) Kutte moms på norskprodusert frukt, grønt og vegetarprodukt for å stimulere til auka forbruk av dette.
- f) Leggje vekt på ressursutnytting og bruk av heile dyret.
- g) Sikre tilstrekkelege midlar over jordbruksavtalen til ei storstila satsing på norske proteinvekstar.
- h) Styrkje klima- og miljøprofilen i jordbruksoppgjeret for å bidra til reduserte klimagassutslepp og redusert forureining frå jordbruket.
- i) Innføre støtteordningar for elektriske maskiner i jordbruket.
- j) Leggje til rette for auka biogassproduksjon med husdyrgjødsel og fiskeriavfall som innsatsfaktorar, og auke kunnskapen om oppgradering og bruk av biorest som gjødsel.
- k) Styrkje tilskotsordningane til økologisk produksjon, og støtte forskning og forsøk som kan redusere bruk av kunstgjødsel og plantevernmiddel også i konvensjonell produksjon.
- l) At fritaket i CO<sub>2</sub>-avgifta på naturgass som blir brukt i veksthusnæringa, skal avviklast så raskt som mogleg.
- m) Arbeide for at landbruket blir mindre avhengig av kjemiske innsatsfaktorar som sprøytemiddel og mineralgjødsel
- n) Sikre ladeinfrastruktur for elmaskiner og biodrivstoff (biogass), i næringa, men spesielt for transport av mjølk, dyr, fôr og varer, der dette er ei utfordring i dag.
- o) Industriell hamp burde bli lovleg å dyrke i Noreg av miljø- og klimamessige grunnar.

## Genetisk mangfald

Raudt meiner at matplantene er fellesskapet sin eigedom. Raudt ønskjer ei patentlovgiving og ein praksis som skjerpar krava til å få patent på delar av biologisk materiale eller prosessar som regulerer biologisk materiale. Raudt er imot utviklinga som går i retning av at nokre få multinasjonale selskap har eksklusive rettar til dei viktigaste matplantene våre, viktige gen og anna arvemateriale. Raudt støttar føre-var-prinsippet når det gjeld genmodifiserte organismar (GMO), og at ein ikkje skal spreie GMO i naturen før ein veit nok om helse- og miljøeffektane. Noreg har ansvar for å ta vare på biologisk mangfald i plante- og dyrepopulasjonar i landbruket og i det landbrukspåverka landskapet. Raudt meiner at beitenæringane (husdyr og tamrein) må sikrast tilgang til å nytte utmarksressursane. Mykje av det biologiske mangfaldet er avhengig av balansert skjøtsel gjennom beiting med tilpassa beitetrykk.

### RAUDT VIL:

- a) At Noreg skal ta ansvar for å sikre dei bevaringsverdige husdyrrasane våre.
- b) At ein ikkje skal kunne ta patent på levande organismar, og at bønder skal ha retten til å samle inn og så frø frå eiga avling.
- c) Arbeide for ei tydelegare merking av GMO-produkt.



# Kvinnekamp

Strukturell forskjellsbehandling basert på kjønn skaper ei skeivfordeling av makt i samfunnet. Patriarkalske strukturar i dagens mannsdominerte samfunn står i vegen for alle sin fridom. Marknadsliberalisme, kulturelle normer og kjønnsroller bidreg til å skape ulikskap og kvinneundertrykking. For å oppnå full kvinnefrigjering må samfunnet endrast grunnleggjande.

Kvinneundertrykkinga er altgjennomtrengjande i samfunnet vi lever i, og kjem til uttrykk i alle fasane og rollene i livet – på skulen, i arbeidslivet og i heimen. Patriarkalske strukturar og kulturar rammar kvinner frå alle land og klassar. Dagens kjønnsdelte samfunn skaper òg utfordringar for menn. Kamp mot patriarkalske strukturar vil bidra til at kjønnsrollene blir mindre rigide for alle.

Kvinnefrigjering føreset at alle har rett og høve til å leve eit liv som økonomisk sjølvstendige personar med kontroll over eige liv og eigen kropp og seksualitet, utan frykt for vald og overgrep. Kvinner kjempar for frigjering over heile verda. Kvinnekampen har ført til at posisjonen til kvinnene har blitt betre på nokre område, men tilkjempa rettar, til dømes abortrettar, er under kontinuerleg angrep. Menn som gruppe tener framleis meir, har større formue og høgare pensjon enn kvinner. Kvinnedominerte yrke i offentleg sektor er utsette for kommersialisering. Det at menn utøver vald og overgrep mot kvinner, er eit stort samfunnsproblem. Organisering av kvinner er både eit mål og eit middel. Organisering av kvinner og kvinnekamp har forandra verda, og historia viser verdien av særeigen kvinneorganisering. Kvinnerørsla har spelt og spelar framleis ei avgjerande rolle for likestilling og kvinnefrigjering i Noreg. Den organiserte kvinnerørsla kjempar for rettane til alle kvinner. Vi støttar ein feminisme som kan skape fridom for alle, ein som er solidarisk, antikapitalistisk og antirasistisk.

## Økonomisk sjølvstende

Det går føre seg ei systematisk nedvurdering av jobben som blir gjort i kvinnedominerte yrke. Kvinner tener framleis mindre enn menn, også når vi berre ser på lønnsforskjellar mellom dei som jobbar heiltid. Dei som har ein partnar, blir avhengig av inntekta til partnaren, og andre slit med å få endane til å møtast. Ulikskapane følgjer kvinner heile livet. Frigjeringa og valmoglegheitene til kvinner føreset ein sterk offentleg sektor med gode velferdsordningar. Kampen for ei lønn å leve av og ei arbeidstid å leve med er viktig for at kvinner skal kunne leve økonomisk sjølvstendige liv. Mange av tiltaka i andre kapittel vil derfor også styrkje stillinga til kvinner.

### RAUDT VIL:

- a) Støtte kampen for å heve lønna til kvinner og oppnå likelønn i samarbeid med fagrørsla og kvinnerørsla.
- b) Sikre at gravide og kvinner i reproduktiv alder ikkje blir diskriminerte i arbeidslivet.
- c) Auke overgangsstøtaden for einslege forsørgjarar og sikre retten mottakarane har til eit utdanningstilbod.
- d) Auke den statlege støtta til kvinneorganisasjonar.
- e) Handheve den lovfesta retten til heiltid.
- f) Innføre ei sambuarlov som sikrar økonomisk tryggleik ved samlivsbrot mellom sambuarar.
- g) Ha ammerom på alle større arbeidsplassar og offentlege bygningar.
- h) Ha ein likelønnsrett for låglønnsyrke i offentleg sektor. Ordninga må gjennomførast i samarbeid med partane.

## Vald, valdtekt og seksuell trakassering

Vald, valdtekt og seksuell trakassering er eit samfunnsproblem som må behandlast deretter.

Valden til menn mot kvinner er eit globalt fenomen og er til hinder for retten til liv, helse, sjølvstende og fridom for kvinner. Éi av tre kvinner i verda opplever fysisk eller seksuell vald i løpet av livet. Det er ikkje noko som berre går føre seg langt unna, men også i Noreg. Rundt 150 000 personar, i all hovudsak kvinner, blir utsette for vald i nære relasjonar i Noreg kvart år. Transkvinner er særleg utsette for seksualisert vald, utan at det blir registrert i norske statistikkar. Den einaste typen drap som ikkje går ned i Noreg, er det som blir kalla partnardrap. Dette utgjer ein firedel av alle drap i Noreg.

Noreg har fleire gonger fått oppmoding frå FN om å styrkje innsatsen overfor samiske valdsutsette. Halvparten av samiske kvinner blir i løpet av livet utsette for psykisk, fysisk eller seksuell vald.



#### **RAUDT VIL:**

- a) Auke kunnskapen om vald mot kvinner og skeive hos politiet, helsevesenet, rettsvesenet og Nav. Vidare gi grundig opplæring i rettsvesenet og arbeidslivet om kva som er seksuelle overgrep, og konsekvensane av det
- b) Ha nok politiressursar på saker om vald i nære relasjonar og valdtekt og dessutan styrkje eksisterande tiltak, som SARA og RISK, over heile landet.
- c) Ha nok ressursar til å handheve besøksforbod, slik at valdsutsette får reelt vern. Valdsalarm skal vere gratis og lett tilgjengeleg. Som hovudregel skal det brukast omvend valdsalarm.
- d) Arbeide for at krisesentera blir sikra tilstrekkelege økonomiske rammer ved statleg finansiering. Alle må sikrast eit krisesentertilbod tilstrekkeleg nær bustaden sin. Samisk krise- og incestsenter må etablerast igjen.
- e) At all seksuell kontakt skal vere frivillig, og at definisjonen av valdtekt må skjerpast i lova slik at seksuell omgang føreset oppriktig og informert samtykke, ei samtykkelov.
- f) Handheve utlendingslova slik at kjønnsbasert forfølgning gir rett til asyl.
- g) Fjerne femårsregelen ved familiesameining og avskaffe gebyra for å søkje sjølvstendig opphaldsløyve.
- h) Arbeide for hjelpetiltak for menneske som er kjønnslemlesta eller blir utsette for kjønnslemlesting i Noreg. Det skal omfatte tilbod om medisinsk, sosial og psykologisk oppfølging både til offer og familie.
- i) Sikre god opplæring om grensesetjing, kjønnsroller, seksuell trakassering og valdtekt både i fellesskulen og i utdanning av yrkesgrupper som lærarar, politi og barne- og ungdomsarbeidarar.
- j) Sikre at hjelpetiltak, institusjonar og andre som jobbar med valdsutsette, ved behov kan tilby hjelp, tenester og informasjon på fleire språk enn norsk.
- k) Alle valdsutøvarar skal få tilbod om «Alternativ mot vald»-kurs eller tilsvarande. Staten skal gi tilstrekkelege midlar til kommunane slik at dette blir eit likeverdig tilbod i heile landet.
- l) Innsatsen mot vald i nære relasjonar må styrkjast, og ettervern og oppfølging av valdsutsette må styrkjast med statleg finansierte midlar.
- m) Arbeide mot tvangsekteskap og sosial kontroll.
- n) Det må vere automatikk i separat mekling hos familievernkontoret når det gjeld forhold som har vore prega av vald.
- o) Det blir oppretta fleire plassar og/eller blir sikra at det finst eigne plassar på krisesenter for kvinner med rusproblem.
- p) Sjå til at personar som oppheld seg på krisesenter, har eigna bustad etter opphald og ikkje blir tvinga til å flytte heim til valdsutøvar.

## **Kvinnekroppen skal ikkje vere til sals**

#### **RAUDT VIL:**

- a) Arbeide for at pornografi ikkje dannar grunnlaget for den seksuelle opplæringa til barn og ungdom. Vidare betre seksualundervisninga i skulen og haldningskampanjar for å fremje eit sunt, mangfaldig og ikkje-moraliserande syn på seksualitet.
- b) Arbeide for at pornoparagrafen i straffelova blir handheva.
- c) Forby strippeklubbar. Verksemdar som organiserer stripping, skal ikkje få skjenkeløyve.
- d) Handheve og styrkje sexkjøpslova som kriminaliserer kjøp av seksuelle tenester. Hallikparagrafen blir endra til berre å ramme faktiske hallikar.
- e) Styrkje exit-program som hjelper menneske ut av prostitusjon. Utanlandske i prostitusjon får opphaldsløyve eller hjelp til trygg retur og reetablering i heimlandet. Dei som i løpet av ein refleksjonsperiode vel å politimelde og stiller til avhør der dei forklarar seg om bakmenn, skal bli innvilga mellombels opphald ut over refleksjonsperioden, uavhengig av vidare etterforskning og om det blir teke ut tiltale. ROSA-prosjektet mot menneskehandel skal vidareførast og styrkjast.
- f) Arbeide for vidareføring av forbodet mot alle former for surrogati. Det blir forbode for nordmenn å nytte surrogati i utlandet.
- g) Behalde den seksuelle lågaldren på 16 år for å verne barn og ungdommar mot grooming og overgrep frå vaksne.
- h) Innføre nasjonalt nettpornofilter på alle offentlege nettverk.

## **Reproduktive rettar og kvinnehelse**

Raudt ønskjer å sprengje rammene for dei tronge kjønnsrollene slik at alle kan leve ut identiteten sin, seksualiteten sin og kjønnsuttrykket sitt utan fare for å bli diskriminert eller trakassert. Alle former for seksualisert vald må kriminaliserast. Ingenting kan rettferdiggjere kvinneundertrykkjande praksisar. Kroppsleg autonomi er ein av dei mest grunnleggjande fridomane vi har. Derfor kjempar Raudt for endå større råderett over eigen kropp og seksualitet og mot kommersialisering av kroppen. Raudt jobbar for eit samfunn der alle menneske kan leve frie liv, uavhengig av kjønn, seksuell orientering og kjønnsidentitet. Sjølvbestemt abort gir ikkje fleire abortar – det gir først og fremst tryggare abortar. Vi meiner at kvinna kjenner sin eigen situasjon best og er best i stand til å vurdere om svangerskapet bør avsluttast eller ikkje. Nemndene er restar frå ei tid der kvinnene ikkje blei vurderte som myndige nok til å bestemme over kroppen sin og livet sitt. Vi vil fjerne nemndene, styrkje sjølvrådet og sikre rett medisinsk oppfølging.

**RAUDT VIL:**

- a) Abort skal vere lovleg og sjølvbestemt. Så lenge abort kan gjennomførast, skal det vere kvinna, jenta eller den gravide sitt eige val, og nemndbehandling skal fjernast. Ved alle abortar skal kvinna få rett til rettleiing frå helsepersonell ved behov eller etter ønske.
- b) Sikre rett til oppfølging for alle som ønskjer det, også ved spontanabort.
- c) All den tid det finst abortnemnder, skal dei bestå av medisinsk personell og ikkje juristar. Kvinner som møter i abortnemnd, skal ha rett til gratis juridisk hjelp.
- d) Reversere innskrenkingar i abortrettane til kvinner, som fostertalsreduksjon.
- e) Gi rett til medisinsk abort ved helsestasjon eller lokalt legesenter med oppfølging frå primærhelseteneste.
- f) Støtte retten kvinnene har til abort og prevensjon over heile verda, og gi kvinner frå land der abort er kriminalisert, rett til å ta abort i Noreg.
- g) Sikre endå færre seinabortar ved at kvinna får tilgang til tidleg ultralyd og NIPT-test og god svangerskapsoppfølging, og at sårbare kvinner får den støtta dei treng.
- h) At kvinner som ønskjer tidleg abort ved gynekologisk avdeling eller poliklinikk med oppfølging i spesialisthelsetenesta, skal få høve til det. Dei gynekologiske avdelingane må få kapasitet slik at kvinner som ikkje ønskjer tidleg abort heime, kan få vere på sjukehuset.
- i) Fjerne reservasjonsretten for helsepersonell i abortlova.
- j) Berre den gravide kvinna kan avgjere om svangerskapet skal avbrytast eller fullførast.
- k) Gi alle tilgang til gratis prevensjon.
- l) At subsidieordninga til staten for prevensjon blir utvida slik at unge under 16 år inngår i denne ordninga. Helsesjukepleiarar og jordmødrer må få utvida føreskrivingsrett slik at dei kan skrive ut prevensjon til unge under 16 år.
- m) Fjerne eigendelen på sterilisering.
- n) Styrkje helsestasjonane slik at retningslinjene frå Helsedirektoratet for svangerskaps- og barselomsorg kan følgjast i alle kommunar og bydelar.
- o) Arbeide for førebyggjande tiltak mot eteforstyrningar. Alle helseregionar skal styrkje spesialkompetansen for behandling av eteforstyrring.
- p) Sei nei til kommersiell eggdonasjon.
- q) Ha gratis bind, tampongar, tøybind og menskoppar.



# Bustad

Bustadpolitikken bør innrettast slik at alle har ein god stad å bu, og bustad skal ikkje først og fremst vere ei vare i ein marknad. Den liberaliserte bustadmarknaden skaper og forsterkar økonomiske forskjellar. For ungdom, einslege, låglønte eller mellombels tilsette er det nesten umogleg å kjøpe seg eigen bustad i pressområda. Samtidig har bustader blitt eit lukrativt spekulasjonsobjekt for dei som har mykje pengar. Dette er urettferdig og krev andre politiske løysingar enn den marknaden kan tilby. Det er nødvendig med ein bustadpolitikk som tek tilbake kontrollen frå dagens ustabile marknad.

## Ikkje-kommersielle bustader

Raudt vil byggje ut ein ikkje-kommersiell bustadsektor. Målet må vere å gi alle moglegheit for å skaffe seg bustad til ein overkommeleg pris, sikre ein inkluderande bustadpolitikk som jamnar ut økonomiske og geografiske forskjellar, og dessutan stanse spekulasjonen som fører til gjeldsvekst i private hushald.

Bustadene i ein slik sektor skal forvaltast ideelt, ikkje kommersielt. Bustadene kan vere organiserte som eige- og leigebustader, som kollektiv eigarskap, som burettslag, som ordinære kommunale bustader, gjennom stiftingar eller på andre ideelle måtar. Nøkkelen er at det blir sikra omsetningskontroll og eit gjennomsiiktig system, slik at eventuell gevinst går til fellesskapet, og at ein unngår pengar «under bordet», og dessutan at ein unngår diskriminering og usakleg forskjellsbehandling mellom dei som ønskjer bustad.

### RAUDT VIL:

- a) Endre lovverket slik at dei ulike måtane å organisere ikkje-kommersielle bustader på, eksplisitt er omfatta av lova.
- b) Gjere finansiering av ikkje-kommersielle bustader til ei av hovudoppgåvene til Husbanken.
- c) Lånerammene Husbanken disponerer, må aukast for å spegle det utvida mandatet.
- d) Sikre kommunane rimeleg finansiering til storstila utbygging og kjøp av kommunale leigebustader.
- e) At kommunar skal kunne påleggje ein vesentleg del og ulike typar ikkje-kommersielle bustader ved privat utbygging gjennom reguleringsplanar, rekkjefølgjeregjar og utbyggingsavtalar.
- f) Bruke den kommunale og statlege tomtereserven til å byggje ikkje-kommersielle bustader. Her står Bane NOR Eigedom i ei særstilling, men mellom andre Forsvarsbygg, Statsbygg og Statnett er òg svært aktuelle. Porteføljen til alle departement, verksemdar og føretak må gåast gjennom for å finne aktuelle tomter over heile landet.
- g) Gi kommunar ein heimfallsrett når statleg eigde tomter ikkje lenger blir brukte til formålet dei blei erverva for.
- h) Endre ekspropriasjonsreglane slik at kommunar kan erverve tomter til ikkje-kommersiell bustadbygging basert på den noverande verdien av tomta, framfor verdien etter regulering til bustadbygging.
- i) Kutte i dokumentavgifta. Som eit minimum bør ansvaret for avgifta flyttast frå kjøpar til seljar og avgifta gjerast progressiv.
- j) Ved privat utbygging av bustadprosjekt med fleire bueiningar skal burettslag vere den normale eigar-/driftsforma. Det skal kunne bestemast at ein viss del av bustadene skal disponerast/fordelast av den kommunale bustadetaten.

## Leigemarknaden

### RAUDT VIL:

- a) Ta tilbake kontrollen over prisane i leigemarknaden gjennom offentlig regulering av prisane i pressområde. Setje eit tak på kor mykje leigepriane kan auke kvart år.
- b) Endre husleigelova til fordel for leigetakarar: Tidsubestemte leigeavtalar må gjerast til reell hovudregel, minste tillatne kontraktslengd elles må aukast frå 3 til 5 år, oppseiingsmoglegheita til leigetakaren må alltid gjelde, leigetakaren må få førerett ved fornying av kontraktar, og det må innførast eit forbod mot å diskriminere folk som er avhengige av offentlege ytingar.
- c) Greie ut eit system der skattefritak blir delt mellom leigetakaren og utleigaren, som erstatning for dagens system der heile skattefrådraget for lånet fell til utleigaren.
- d) Innføre eit forbod mot å hente ut utbytte frå kommunale bustader, og dessutan avvikle systemet for gjengs (marknadsbasert) leige på kommunale bustader og omsorgsbustader.
- e) Gjere det straffbart å ikkje la leigebuarar få forkjopsrett når leigegardar blir selde, slik dei etter lova har krav på, og dessutan utvide forkjopsretten til også å gjelde når enkeltstående leigebustader blir selde.
- f) Regulere store, kommersielle utleigeaktørar strengt.
- g) At det blir etablert organ for bebuarmedverknad i alle bustadkompleks, både private og kommunale, og bebuarar skal ha representasjon i styrande organ i alle større selskap og einingar som driftar leigebustader.
- h) Korttidsutleige, både gjennom plattformsselskap som AirBnB og på andre måtar, må avgrensast. For seksjonerte leilegheiter må øvre grense senkast frå 90 til 50 døgn i året. Lovbrot frå utleigaren må føre til straffansvar. Kommunar må få høve til sjølve å regulere korttidsleige strengare der lokale forhold gjer det nødvendig.



- i) Opprette bustadombod i dei større byane og innføre eit eige husleigetilsyn etter modell av Arbeidstilsynet. Det nye organet må ha reelle sanksjonsmoglegheiter overfor utleigarar som bryt lova.
- j) Innføre strengare kvalitetskrav for utleigebustader for å verne leigetakarar mot dårlege buforhold.
- k) Sikre at dei kommunale bustadene som blir leigde ut, har forsvarleg standard.

## Planlegging, klima og miljø

### RAUDT VIL:

- a) Utforme transport- og arealpolitikken slik at han hindrar byspreiing, og dessutan sparar energi og natur. Stadig større bu- og arbeidsmarknadsregionar skal ikkje lenger vere eit mål ved statleg planlegging. Arbeidsplassar må i staden planleggjast der folk bur.
- b) At store offentlege arbeidsplassar, som sjukehus, blir plasserte med god tilgang til kollektivtransport der det er mogleg, og med plassering som bidreg til by- og distriktutvikling. Det må så langt det er mogleg, gjelde eit tilsvarende krav til store private aktørar.
- c) Gjennomgå plan- og bygningslova med mål om raskare reguleringsprosessar til bustadformål. Det må ikkje skje på kostnad av myndet til lokalpolitikarar. Innbyggjarar må sikrast langt større moglegheit til reell medverknad.
- d) Sikre allsidig og menneskevennleg arkitektur og byutvikling, som prioriterer kollektive løysingar. Ny utbygging må ta omsyn til preferansane til innbyggjarane og bør normalt tilpassast til det eksisterande kulturmiljøet.
- e) Sikre at nødvendig infrastruktur og offentlege tilbod – som skule, barnehage, idrettsanlegg, parkar og friområde – er på plass i utbyggingsområde før innflytting. Utbygging må skje gang- og sykkelbasert.
- f) At alle nye vanlege bustader for folk i fast busituasjon skal ha ein minstandard på 50 m<sup>2</sup>. Mellombelse bustader for studentar og andre personar i mellombelse busituasjonar blir ikkje omfatta av eit slikt krav. Eittromsleilegheiter skal unngåast
- g) Innføre ein hovudregel om at det offentlege må rehabilitere og gjenbruke eksisterande bygningar framfor å rive og byggje nytt. Kommunar må få heimel til å avslå private søknader om riving når rehabilitering er mogleg og ønskjeleg.
- h) At det skal lagast systematiske planar for bevaring av eksisterande naturmiljø, grøntområde og jordbruksjord i og rundt byar og tettstader. Det same skal gjelde alle typar kulturminne.
- i) At staten skal ta hovudansvaret for å løyse miljø- og støyproblem for naboar når det eit resultat av statleg infrastruktur, som motorvegar og jernbane.
- j) Jobbe for å etablere lokale ombrukssentralar for bygg, anlegg og eigedomssektoren.

## Stans spekulasjonen

### RAUDT VIL:

- a) Gjeninnføre kommunal byggjekontroll for å oppnå færre feil og manglar. Alvorlege lov- og regelbrot må føre til straffansvar.
- b) Innskrenke moglegheita for hyblifisering (oppdeling av bueiningar). Seksjoneringslova må endrast slik at ho ikkje har forrang over planregulerte forhold.
- c) Gjere bustad mindre lønnsamt som investeringsobjekt ved å innføre eit tak på samla gjeld som gir rett til frådrag på skatten.
- d) At likningsverdien for sekundærbustader, med unntak av pendlarbustad, blir halden lik marknadsverdien. Det må opnast for høgare eigedomsskatt på heilårsbustader som blir brukte til korttidsutleige, «hytter i byen» og liknande.
- e) Innskrenke moglegheita for korttidsutleige av seksjonerte leilegheiter frå 90 til 60 døgn i året, for å forhindre at korttidsutleige fortrengrer ordinær utleige. Lovbrot må føre til straffansvar.
- f) Tilpasse bupliktordninga til dei store byane, til dømes ved at ho kan brukast for bestemte bustadtypar, eigar- og bruksformer, framfor berre i geografisk definerte område. Smotthol i bupliktordninga må tettast igjen.
- g) At planleggingskapasiteten og den reelle planlegginga må tilbake på kommunane sine hender. Utbyggjarar og eigedomsspekulantar skal ikkje leggje premissane for bustadutbygging.
- h) Hindre at folk blir utnytta i møte med nye bustadsalsmodellar som leige-til-eige, ved å sikre gode rettar for dei.

## Tilrettelagde bustader

### RAUDT VIL:

- a) At kommunane skal byggje og tilby eigna bustader til personar med nedsett funksjonsevne, der det er teke omsyn til eigne ønske, fysiske og psykiske behov og gode omgivelser. Sikre medråderett i eigen busituasjon.
- b) At bustøtteregulverket blir endra slik at nye uføre får bustøtte på nivå med tidlegare, og at unge uføre med garantert tilleggs pensjon kjem inn under inntektsgrensene til bustøtta.
- c) At fleire får moglegheit til å eige eigen bustad ved å ha tilgang til både bustøtte og startlån. Bustøtte skal kunne brukast til bustad ein eigar og til å finansiere leige til eige.
- d) At bustadtilpassingstilskotet må aukast. Alle kommunar må tilby ordninga. Heistilskotet må gjeninnførast.
- e) Sikre at det blir bygd eit tilstrekkeleg tal omsorgsbustader slik at det blir minimal ventetid mellom vedtak om tildeling og innflytting.



# Distriktpolitikk

Sterke krefter i samfunnet trekkjer i retning av sentralisering av kapital og makt. Sjølve måten kapitalismen verkar på, er sterkt sentraliserande, og jo meir regjeringa og stortingsfleirtalet slepper laus kapitalkreftene, dess sterkare verkar denne effekten. Derfor trengst det ein aktiv distriktpolitikk for å motverke sentraliseringa og sikre at folk kan leve og bu i heile landet.

Staten er ein pådrivar for sentralisering. Høgresida har ført ein politikk for meir sentralisering gjennom tvangssamanslåingar av kommunar, nedlegging av Nav-, skatte-, og lensmannskontor, sjukehusreformer, kutt i utdanningsinstitusjonar og svekking av Posten.

Raudt er imot marknadsorienterte reformer som sentraliserer og konsentrerer den økonomiske og politiske makta i Noreg på færre hender. I tillegg til å redusere lokaldemokratiet og tilgjenge til ei rekkje offentlege velferdstenester for innbyggjarane bidreg sentraliseringspolitikken òg til å svekke den infrastrukturen og dei tenestene som næringslivet er avhengig av for å kunne etablere seg.

Sterke og velfungerande lokalsamfunn er avgjerande for eit godt utvikla lokaldemokrati. Det inneber at innbyggjarane får ei reell moglegheit til å delta i avgjerder som gjeld kvardagen og livsvilkåra deira. Mange av velferdsgoda våre er forankra i kommunale tenester. Dei økonomiske tilbakeføringane frå staten til kommunane og fylkeskommunane er derfor avgjerande for å kunne realisere eit desentralisert og fullverdig velferds- og tenestetilbod. Til det trengst det ein styrkt kommuneøkonomi.

Skal ein dempe sentraliseringspresset eller ha håp om å snu det, må det skje gjennom politisk kamp. I Noreg har vi ein lang tradisjon for folkeleg mobilisering mot sentralisering – for spreidd busetjing, lokal utnytting av naturressursar og utbygging av nødvendig infrastruktur og velferdstenester over heile landet. Dette er avgjerande for å byggje sterke lokalsamfunn og etablere og halde oppe lokale verksemdar, gode tenester og arbeidsplassar.

## Levedyktige lokalsamfunn

Vi lever i eit land som er rikt på naturressursar som historisk har gitt grunnlag for arbeid og spreidd busetjing. Dette grunnar seg i at folk har ført kamp for lokal og nasjonal sjølvråderett og haustingsrett av desse verdiane. Naturressursane er utgangspunktet for utviklinga av det mangfaldet av arbeidsplassar som kan knytast opp mot alle delar av norsk verdiskaping. Folk har stor erfaring frå desse kampane – erfaringar som er uvurderlege i dagens og framtidige kampar for å utvide demokratiet, å utnytte heile folkets skaparkraft og å ta heile landet i bruk. Raudt ønskjer eit desentralisert Noreg med levande distrikt og ein allsidig arbeidsmarknad.

Dette føreset ein godt utbygd infrastruktur over heile landet (slik det er skildra i kapittel 14, «Samferdsel og kollektivtransport»).

### RAUDT VIL:

- a) At ingen kommunar eller fylke blir slåtte saman med tvang eller utan at det er godkjent gjennom folkeavstemming i kvar av dei ramma kommunane eller fylka.
- b) Fullfinansiere alle nye oppgåver som blir overførte til kommunane og fylkeskommunane, gjennom dei statlege tilbakeføringane.
- c) Auke den økonomiske støtta til bedriftsetablering og utvikling gjennom regionale utviklingsmidlar og kommunale næringsfond.
- d) Føre vidare differensiert arbeidsgivaravgift.
- e) Sikre gode helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester og utdanningstilbod over heile landet.
- f) Styrkje lokal og regional kontroll over midlar til forskning, innovasjon og næringsutvikling.
- g) Lage ein heilskapleg plan for flytting eller deling av fleire statlege institusjonar med mål om desentralisering. Slik flytting kan skje gradvis og må gjennomførast på måtar som tek vare på opparbeidd kompetanse og erfaring.
- h) At etableringa av nye offentlege institusjonar i så stor grad som mogleg må lokaliserast utanfor dei store byane.
- i) Heve pendlarfrådraget.
- j) Ha full offentlig utbygging av høghastigheits nettilgang og sikker mobildekning.
- k) Innføre nasjonale insentiv som stimulerer til storstila tilflytting til distriktskommunane.
- l) Kjempe for gode skuletilbod over heile landet.



## Styrkt satsing på nordområda

Nordområda blir stadig viktigare geopolitisk sett. Den beste måten å sikre norsk suverenitet i nord på er gjennom levande lokalsamfunn og livskraftig næringsliv. Den negative folketalsutviklinga i Nord-Noreg er ein trussel ikkje berre for landsdelen og lokalsamfunna i nord, men også for Noreg som nasjon. Raudt meiner det trengst ei ny satsing på å snu folketalsutviklinga i nord. I dag opplever Nord-Noreg at det er det offentlege som er pådrivar for fråflytting og sentralisering. Det offentlege må i staden gå føre i å sikre busetjing og næringsliv over heile landet.

Ei berekraftig forvaltning av dei enorme naturressursane i Nord-Noreg og Arktis er avgjerande både for å ta vare på naturen i nord og for å bidra til å bremse klimaendringane. Ei slik forvaltning føreset god dialog og tett samarbeid på tvers av landegrensene i Arktis. Raudt vil sikre norsk busetjing og suverenitet på Svalbard. Longyearbyen må halde fram med å vere eit livskraftig familiesamfunn, med fleire heilårs arbeidsplassar. Ei klimavennleg energiforsyning på Svalbard må tryggast for framtida, anten det skjer med fornybar energi på øya, landkabel eller gjennom gass- eller kolkraft med karbonfangst og -lagring. Slike prosjekt må ikkje gå ut over naturverdiane på Svalbard.

### RAUDT VIL:

- a) Opprette fossilfri kraftproduksjon på Svalbard.
- b) At naturressursane i nord i større grad skal behandlast lokalt og sørgje for fleire arbeidsplassar og auka verdiskaping i nord.
- c) Utvikle infrastruktur som hamner og vegtransport i nord for å sikre sysselsetjing og trygge norsk suverenitet ved at vi ikkje er avhengige av utanlandske investorar.
- d) At befolkninga på Svalbard skal kunne tilbydast fleire og meir omfattande helsetilbod enn dei har i dag.
- e) Støtte og utvikle eit mangfaldig og naturvennleg næringsliv i Finnmark, både med omsyn til fiske, berekraftig reiseliv og reindrift. Støtte og utvikle fleire digitale arbeidsplassar i fylket, og seie nei til naturødeleggjande kraftsluk som underminerer det vanlege næringslivet.



# Folkestyre og ytringsfridom

Kapitalismen er prega av ein stadig sterkare konsentrasjon av makt og verdiar. Privat eigarskap blir samla på få hender. Konsekvensen er ikkje berre ein stor og veksande ulikskap, men også at eit lite mindretal får enorm makt som er unndregen demokratisk styring og kontroll.

Denne utviklinga blir forsterka av ein globalisert økonomi som gir store teknologiselskap monopol og kontroll over sentral samfunnsmessig infrastruktur og tilgang på enormt mykje informasjon om den enkelte.

Dei skeive maktforholda under kapitalismen undergrev ein open og demokratisk debatt. Både i offentleg og privat sektor blir det altfor ofte sett på som illojalt å gå ut med fagleg usemje og informasjon, sjølv om viktige spørsmål som lønn og arbeidsforhold. Dette gir eigarar og leiing stor makt over den offentlege samtalen og gjer det svært vanskeleg å bygge makt nedanfrå og opp.

Samtidig som pengesetelen styrkjer si makt, blir verdien av røystesetelen svekt. Skiftande regjeringar har vore ivrige etter å flytte avgjerder frå folkevalde organ til føretaksstyre og direktørar, etatar, direktorat og departement eller kommersielle aktørar og overnasjonale organ. Rettsleggjering bidreg til å svekke handlingsrommet for dei folkevalde. Innanfor det offentlege blir makta sentralisert frå kommunar og fylkeskommunar til staten. Marknadsstyring av offentleg sektor og privatisering har gjort demokratisk styring av velferdsstaten vanskelegare. Den demokratiske kontrollen blir svekt.

For Raudt er det eit overordna mål å hegne om og overføre makt til demokratiske, folkevalde organ. Raudt vil arbeide for ei demokratisering av økonomien gjennom folkevalde organ og anna demokratisk samhandling. Sjølveigde bedrifter, kooperativ verksemd og ideelle organisasjonar er viktige faktorar i dette. Vi vil erstatte udemokratiske overnasjonale avtalar som EØS med eit forsterka internasjonalt samarbeid basert på frie og suverene statar.

## Eit fornya folkestyre

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje den folkevalde styringa av staten på kostnad for byråkratiet i departement og direktorat.
- b) Innføre lobbyregister på alle forvaltningsnivå. Styrkje karantenereglane for å stengje svingdøra mellom politikk og påverkingsbransjen.
- c) Kutte politikalønningane for å minske gapet mellom folk og dei folkevalde.
- d) Avvikle monarkiet og innføre republikk. Dette må skje etter ei folkerøysting.
- e) Halde fleire rådgivande folkeavstemmingar.
- f) Senke sperregrensa ved stortingsval og reversere underskriftreglane i vallova.
- g) Sikre god dekning i riksdekkjande radio og TV for alle landsomfattande parti som stiller lister i val.
- h) Føre vidare forbodet mot politisk TV-reklame, og stramme inn moglegheitene for politisk reklame i sosiale medium.
- i) Behalde arealfaktoren og dei 19 valkrinsane for å behalde geografisk fordeling av stortingsrepresentantar.
- j) At offentleglova skal gjelde for selskap (IKS, AS, KF, dotterselskap av KF og studentsamskipnader) med offentleg aksjemajoritet.
- k) Unngå at regjeringa og departementa set jobben med å lage lover ut på anbod.
- l) Jobbe for fullt innsyn i kommunikasjon mellom regjeringa eller departementa og utanforståande.
- m) Forby at anonyme givarar kan finansiere politiske parti. Alle personar som gir støtte til parti over ein viss sum, anten direkte eller via andre, skal registrerast og offentliggjervast.
- n) Forby bidrag til politiske parti frå enkeltpersonar eller selskap som er registrerte i andre land, til dømes Sveits.
- o) Styrkje innsyn, vedtaksstyresmakt og kontroll frå Stortinget over forvaltninga, medrekna regjeringa.
- p) Motarbeide suverenitetsavståing og krevje at suverenitet berre kan avståast med 3/4 fleirtal på Stortinget, i tråd med Grunnlova.
- q) Det skal innførast innbyggjarforslag på nasjonalt nivå. Ved oppslutning frå to prosent av innbyggjarane skal saka behandlast av Stortinget.



## Eit levande lokaldemokrati

### RAUDT VIL:

- a) Utvikle eit levande lokaldemokrati der innbyggjarane får reell moglegheit til å delta i avgjerder som gjeld kvardagen og livsvilkåra deira.
- b) Auke det demokratiske handlingsrommet frå kommunane og fylkeskommunane ved å styrkje økonomien deira.
- c) Styrkje kommunelova med ytterlegare offentlegheit, innsynsrett og politisk handlefridom.
- d) At oppgåver som krev stor grad av samordning mellom fleire kommunar, bør løysast gjennom interkommunalt samarbeid.
- e) Forsvare og vidareutvikle ein modell med tre forvaltningsnivå: kommune, fylke og stat.
- f) Utvikle prosessar der innbyggjarane kan ta del i budsjettbehandlinga, og styrkje innsynsretten til innbyggjarane.
- g) Unngå at viktige politiske avgjerder i kommunestyre og fylkesting blir flytta vekk frå folkevalde organ. At fleire delar av staten bør basere seg på demokratiske avgjerder, der brukarar, dei som blir påverka, og relevante interesseorganisasjonar blir trekte inn i forvaltningsapparatet.
- h) Reversere innskrenkingane i lokalstyret på Svalbard.

## Meir ytringsfridom

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje og utvide ytringsfridommen. Ytringsfridommen skal berre avgrensast når det er absolutt nødvendig, til dømes gjennom forbod mot hatytringar.
- b) Styrkje og utvide ytringsfridommen på arbeidsplassen for offentlig og privat tilsette, gjennom å auke moglegheita for at dei tilsette internt og offentlig kan ytre seg om leiingsavgjerder, arbeidsforhold og produksjon.
- c) Gjenopne skattelistene og inkludere opplysningar om reell inntekt og formue.
- d) Ha eit filosofi-, livssyns- og religionsfag som ikkje favoriserer nokon trusretningar.
- e) Styrkje innsynsretten gjennom offentleglova ved å innskrenke moglegheitene til å unnta enkeltdokument og samanstillingar frå offentleggjering. Alle instansar som er omfatta av lova, må ta i bruk søkbare digitale løysingar, med førehandspublisering av dokument, for å gjere innsynsretten reell.
- f) Gjere offentlege data, dokument og datasett gratis tilgjengelege for ikkje-kommersiell bruk.
- g) At statlege og kommunale stillingar i livssyns- og samtaleteneste må lysast ut utan å bli låste til eit trussamfunn.
- h) At offentlege tilskots- og finansieringsordningar til godkjende trus- og livssynssamfunn skal vere langsiktige og likebehandlande.

## Eit sterkare personvern

### RAUDT VIL:

- a) Ha strengare lover for datalagring. Sensitive opplysningar skal lagrast i Noreg og under norsk offentlig kontroll.
- b) Hindre at private aktørar får tilgang til personopplysningar frå internettleverandørar.
- c) Endre etterretningstenestelova slik at lova ikkje opnar for masseovervaking og tek omsyn til kjeldevernet og at befolkninga skal ha tillit til staten.
- d) Behalde kontantar som pliktig betalingsmiddel.
- e) Styrkje Datatilsynet som tilsynsorgan og ombod.



# Antirasisme

Rasisme er eit strukturelt problem i Noreg som må nedkjempast på alle samfunnsarenaer. Det er øydeleggjande både for dei som blir utsette for det, og for fellesskapet. Rasisme skaper forskjellar mellom folk og bidreg til å halde oppe og forsterke klasseskilja.

Strukturell rasisme er mekanismar som gjer at enkelte grupper kjem dårlegare ut enn andre på grunn av etnisitet eller opphav. Rasisme mot den samiske befolkninga og nasjonale minoritetar er strukturell rasisme i Noreg. Rasisme skaper både økonomiske og helsemessige problem. Innvandrarar og barn av innvandrarar er overrepresenterte blant fattige og arbeidsledige, og har oftare dårlege buforhold enn majoritetsbefolkninga. Sannsynet for å bli kalla inn til jobbintervju er lågare for personar som har såkalla utanlandsklingande namn.

Rasistiske førestillingar om «dei andre» forsterkar sosiale forskjellar. Rasisme har mellom anna blitt brukt som legitimering for grove overgrep og utnytting av menneske. Historiske skamplettar som plyndringa til kolonimaktene av ressursar, slavehandel og grov utnytting av urfolk og nasjonale minoritetar er døme på dette. Rasisme splittar arbeidarklassen og bidreg til at misnøya blir retta mot «dei andre» framfor den politiske og økonomiske eliten. Raudt ser kampen mot rasisme i samanheng med andre undertrykkjande mekanismar som kvinneundertrykking, imperialistiske krigar for profitt og dagens økonomiske system.

Høgreekstremismen i Noreg må nedkjempast. Terrorangrepa 22. juli 2011, drapet på Benjamin Hermansen i 2001 og terrorangrepet på Al-Noor-moskeen i Bærum i august 2019 viser at høgreekstrem vald og terror er ein trussel som må takast på alvor.

Kampen mot rasisme handlar òg om å jamne ut sosiale forskjellar gjennom særleg utdannings-, arbeidslivs-, bustad-, helse- og sosialpolitikken.

## RAUDT VIL:

- a) Jamleg kartleggje diskriminering og rasisme i arbeidslivet, bustadsektoren og organisasjonslivet for å setje i verk tiltak. Vidare sikre tiltak mot rasisme og diskriminering i tilsetjingsprosessar og rekruttering.
- b) At minoritetsorganisasjonar i større grad blir involverte i høyringar og politikkutforming og blir sikra ressursar.
- c) At lovverk mot hatytringar og hatkriminalitet blir handheva.
- d) At organisasjonar med ein praksis som fremjar rasistiske haldningar, ikkje skal få offentleg støtte.
- e) Stanse politiet sin bruk av etnisk profilering og sørgje for omfangsundersøkingar. Alle som blir stansa av politiet, skal få ei kvittering som viser stad, årsak og tidspunkt.
- f) At helsevesenet og eldreomsorga skal tilpassast til ein fleirkulturell befolkningsmasse, mellom anna ved å styrkje kunnskapen til helsepersonellet om fornorskingstraume, fleirspråklegheit og migrasjonshelse.
- g) Ha tiltak for at ungdommar som ikkje har foreldre med nettverk, også får moglegheit til å skaffe seg jobb, til dømes kommunale ordningar med sommarjobbar.
- h) At utdanninga av lærarar og barnehagelærarar inkluderer korleis lærarane skal handtere rasisme og aktivt arbeide mot rasisme.
- i) At læreplanar og relevant undervisningsmateriale skal inkludere opplæring om rasisme.
- j) Nasjonale styresmakter er ansvarlege for at det kontinuerleg blir utarbeidd støttmateriell for lærarar når det oppstår kriser som krigen i Gaza, slik at elevar kan få informasjon og snakke om det som skjer, i klasserommet.
- k) At handlingsplanar mot rasisme, muslimhat og antisemittisme som eit minimum må følgjast opp med konkrete tiltak, nok ressursar og klart definert ansvar for oppfølging og evaluering.
- l) At det blir gitt auka offentleg støtte til organisasjonar som jobbar mot rasisme.
- m) At politiet blir instruert til å stoppe rasisme og hatpropaganda som blir spreidd, frå sentrale byrom og møtestader.
- n) Mobilisere mot rasistiske markeringar.



# Urfolksrettar og nasjonale minoritetar

Det samiske folket er urfolket i Noreg. Noreg har òg fem nasjonale minoritetar: Kvenene, rom, romanifolket, skogfinnane og jødane, som har hatt tilhald i Noreg i lang tid og dermed har særleine rettार. Urfolket har rettार med grunnlag mellom anna i FN's menneskerettskonvensjon. Samisk språk, næringsliv, kultur og levemåte er under sterkt press. Samisk språk er sterkt svekt over det meste av Sápmi. Det står sterkt berre i dei samiske majoritetsområda i indre Finnmark. Dette er resultatet av statleg undertrykking og fornorskingspolitikk, som var offisiell norsk politikk overfor samane fram til slutten av 1960-åra. Seinverknadene av denne politikken er mellom anna at fleirtalet av samane i Noreg i dag veks opp utan å lære morsmålet sitt.

Reindrifta i heile Sápmi har hamna i ein svært kritisk situasjon. Særleg nedbygging og annan reduksjon av areala trugar denne næringa. Dette er ein sterk trussel mot heilt grunnleggjande delar av samiske rettार og er eit brot på dei anerkjende rettane som urfolk har. Vindkraftutbygging i trekk- og beiteområde for rein er den sterkast veksande trusselen no, men også kraftlinjebygging, hyttefelt og arealkrevjande bergverk og gruvedrift reduserer eksistenshøva for reindrifta og heile den samiske kulturen. Den veksande fiskeoppdrettsnæringa, den havgåande fiskeflåten og snurparane som går inn i fjordane, reduserer og trugar viktige sjøsamiske fiskemoglegheiter. Den sjøsamiske fiskarbonden har det historiske motstykket sitt i dálon (viddegardsbruk) i innlandet, basert på utmarkshausting og husdyrhald. Landbruket er ein viktig del av birgejupmi (sjølvberging) og har stor verdi for samisk busetjing.

Klimaendringane, som fører med seg endringar i vekstsesong, vegetasjon og beitegrunnlag, er òg trugande for tradisjonell reindrift og anna samisk naturbruks- og næringsverksemd.

Raudt vil ha eit samfunn der samiske rettार blir tekne vare på, og der samisk kultur får sin rettmessige plass. Tilrådingane frå Sannings- og forsoningskommisjonen må følgjast opp så raskt som mogleg. Men det er ikkje berre i Noreg at rettane og kulturen til urfolk har blitt undertrykt. Mange urfolk verda over lever under svært vanskelege forhold. Desse urfolka har krav på merksemda vår, internasjonalt og nasjonalt vern, hjelp til å halde oppe kulturen sin og dessutan solidariteten vår.

## Samisk råderett over naturressursane

### RAUDT VIL:

- a) Stanse vindkraftutbygging og nye kraftlinjer i område for reindrift, også der det er gitt konsesjon.
- b) Styrkje lokal kontroll over naturressursane i samiske område både på land og i sjøen, styrkje samisk medråderett og prinsippet om fri, informert førehandsgodkjenning ved inngrepssaker i samiske område.
- c) At rettane som er bestemte i Finnmarkslova, skal utvidast til å gjelde heile Sápmi.
- d) At reindriftslova skal styrkje vernet til reindrifta mot inngrep frå andre interesser.
- e) Styrkje samisk sjølvråderett og suvereniteten til Sametinget.
- f) Styrkje busetnad, næringar og kultur i dei utsette markesamiske og sjøsamiske områda frå Nordre Nordland til russegrensa.
- g) Bygge og sikre fiskemottak og gi støtte til foredling, kombinasjonsnæringar og småskaladrift.
- h) Arbeide for at det blir etablert ein ny grenseoverskridande reindriftskonvensjon mellom Noreg og andre land, med formål om meir heilskapleg og føreseieleg drift, betre ressursutnytting, mindre byråkrati, og betre samhald mellom reindriftssamar over landegrensene.
- i) Halde oppe samisk jordbruk og stimulere til meir fjordfiske og større grad av lokal vidareforedling og dyrking av grønnsaker, sanking og foredling av bær og andre naturgitte ressursar.
- j) Ta vare på naturmangfaldet i Sápmi.
- k) Gi dei kultur-, tradisjons- og språkberande næringane sjølaksefiske, fjordfiske og elvelaksefiske særleg vern.
- l) Følgje opp NOU 2008: 5 gjennom å førebu ei lovføresegn som lovfestar den retten sjøsamane og anna kystbefolkning har til å hauste dei marine ressursane basert på Noregs folkerettslege forpliktingar overfor samane som urfolk.
- m) Sørge for at samar har medråderett når det gjeld arealforvaltning i nord. Dette gjeld òg militære installasjonar som er med på å bruke areal.



## Samisk språk, kultur og utdanning

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje dei samiske språka gjennom å lovfeste retten til samiske læremiddel, styrkje rekrutteringa til og vidareutdanninga av samiske lærarar og vidareutvikle det samiske barnehagetilbodet.
- b) At det samiske folket skal ha fast representasjon i Nordisk råd.
- c) At det skal opprettast Samisk hus og samiske møteplassar og språkarenaer fleire stader i Noreg.
- d) At uavhengig av språkleg ståstad må samiske barn ha rett til samiskspråkleg opplæring i alle barnehagar i Sápmi.
- e) At fiskeoppdrett skal ut av gytefjordar og ut av område der det blir drive med sjølaksefiske.
- f) Auke støtta til litteratur på dei samiske språka, både originallitteratur og omsetjingar.
- g) Styrkje samiskopplæring i heile landet og at elevar som følgjer fjernundervisning får rett til hospitering.
- h) Dokumentere dei samiske språka slik at dei blir tilgjengelege for framtidige generasjonar.
- i) Opprette dokumentasjonssenter om konflikten ved utbygging av Alta-Kautokeino-vassdraget i Máze / Masi.
- g) Jobbe mot sports- og kulturvasking av undertrykkjande regime som undertrykkjer arbeidrarar.
- h) Støtte kvinnerørsla og andre sosiale rørsler som kjempar mot undertrykkjande regime i land som Iran, Afghanistan og Saudi-Arabia.
- i) Støtte kampen til demokratirørsla i land med autoritære regime.
- j) Støtte frigjeringsrørsler i det globale sør som kjempar mot kapitalisme og imperialisme.
- k) Støtte kampen til urbefolkninga mot norsk imperialisme. Støtte kampen til Mapuche mot Statkraft i Chile og Equinor i Argentina.
- l) Stoppe den uforsvarlege fracking-verksemda til Equinor i Argentina og USA.
- m) Støtte folk i Latin-Amerika som kjempar mot undertrykking, blokadar og USA-dominans.
- n) Jobbe for oppheving av USAs brutale sanksjonar mot av Cuba og gi støtte for å motverke lidinga denne blokaden bringar.
- o) Jobbe for oppheving av sanksjonane mot Venezuela.
- p) At Statkraft stoppar alle planar om utbygging på den heilage Pilmaquen-elva i Chile.
- q) Støtte kampen til demokratirørsla i land med autoritære regime.
- r) Jobbe for at Noreg pressar Tyrkia og krev full militær tilbaketrekking frå dei okkuperte områda i Syria.



## Bistandspolitikk

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje FN-samarbeidet og auke kjernestøtta slik at FN-systemet kan jobbe meir effektivt.
- b) At minst 1 prosent av brutto nasjonalinntekta (BNI) blir brukt til samfunnsutvikling i fattige land, med prosjekt som støttar opp om demokratisk organisering, og som gjerne kan kanalisert gjennom lokale sivilsamfunnsaktørar som fagrørsla, studentrørsla og urfolksorganisasjonar.
- c) At utgifter til flyktningarbeid i Noreg ikkje blir dekte over bistandsbudsjettet.
- d) Slette gjeld til utviklingsland.
- e) Arbeide for ein internasjonal uavhengig mekanisme under FN for å sikre ei rettferdig handtering av gjelda i land, som igjen sikrar velferd og menneskerettar for befolkninga i kriselandet.
- f) Avvikle dagens praksis med å gi næringslivsstøtte kamuflert som bistand, og arbeide for at midlane ikkje går til kommersielle aktørar innanfor offentleg tenesteyting.
- g) Jobbe for at utviklingsland med store gjeldsbyrder blir sikra klimafinansiering i form av bistand, ikkje lån, slik at ein ikkje legg dei økonomiske kostnadene ved det grøne skiftet på allereie gjeldstyngde utviklingsland.
- h) Jobbe for ein utviklingspolitikk som styrkjer fagrørsla, urfolk og folkelege organisasjonar i sør, og som fremjar demokratisk organisering, lokal ressursforvaltning og matproduksjon, tilgang til reint vatn og betre tilgang til gode helse- og utdanningstenester.
- i) Sikre rettferdig fordeling av vaksinar, medisinar og nødvendig medisinsk teknologi og arbeid for å fjerne hiv, tuberkulose og malaria som ein global folkehelsestrussel innan 2030.
- j) At fattigdomsreduksjon og nødhjelp til dei mest sårbare skal vere hovudformålet til norsk hjelpepolitikk.

## Solidaritet med Palestina

### RAUDT VIL:

- a) Støtte det palestinske folket sin kamp for fridom og sjølvråderett med rett for palestinske flyktningar til å vende heim i samsvar med FN-resolusjon 194. Samtidig må vi jobbe for at Noreg knytter til seg FN's apartheidkonvensjon, og at Palestina blir fullverdig medlem av FN.
- b) Trekkje det norske oljefondet ut av alle investeringar som direkte eller indirekte bidreg til framhaldet av okkupasjonen av Palestina som er brot på folkeretten og internasjonal lov.
- c) Stoppe alt sal av våpen som kan medverke til Israels krigsbrottsverk og brottsverk mot menneskeslekta.
- d) Jobbe for deinvesteringar og sanksjonar som økonomisk, akademisk og kulturell boikott av Israel.
- e) Krevje lauslating av palestinske fangar i israelske fengsel.
- f) Støtte det palestinske sivilsamfunnet, krevje at Israel byggjer opp att Gaza og fjernar terrorstemplinga av palestinske sivilorganisasjonar.
- g) Legge internasjonalt press for å oppheve den ulovlege blokaden av Gaza og stoppe Israels ulovlege busetjingspolitikk, okkupasjon og planar om å annektere palestinske område.
- h) Bidra til atterreisning av det palestinske samfunnet ved å samarbeide med lokale aktørar om vidare drift og atterreisning av utdanningsinstitusjonane, og dessutan tilby studentar moglegheit til å ta heile eller delar av utdanninga si i Noreg. At Noreg held fram med å hjelpe UNRWA fram til okkupasjonen av Palestina stansar, sivilsamfunnet er bygd opp att og palestinske flyktningar får sin fulle rett til å vende heim.

## Solidaritet med Kurdistan

### RAUDT VIL:

- a) Støtte det kurdiske folket i kampen deira for å leve frie liv der dei kan nytte eige språk og eigen kultur.
- b) At Noreg skal leggje press på å frigjere politiske fangar i Tyrkia og Iran.
- c) At Noreg skal leggje press på tyrkiske styresmakter til å frigjere rapportar om bruk av tortur i fengsel.
- d) Krevje at det blir sendt valobservatørar frå OSSE til dei kurdiske områda under val.
- e) Anerkjenne den demokratiske, autonome administrasjonen i Nordaust-Syria (Rojava).
- f) Jobbe for at Noreg pressar Tyrkia til å stanse annekteringa av dei kurdiske nordaustsyriske områda som Afrin og krev full militær tilbaketrekking av dei okkuperte områda i Nordaust-Syria.
- g) Krevje at Noreg hentar tilbake norske statsborgarar som er internerte i fangeleirar – dette gjeld kvinner, barn og tidlegare framandkrigarar for IS frå Nordaust-Syria – og bidreg til nasjonal eller internasjonal straffeforfølgning ved mistanke om krigsbrottsverk.
- h) Krevje at Noreg pressar Tyrkia frå å militært angripe kurdiske mål som Nordaust-Syria, Sørøst-Tyrkia og Nord-Irak.
- i) Krevje at Noreg ikkje sel våpen til Tyrkia.



## Solidaritet med Ukraina

### RAUDT VIL:

- a) Støtte kampen til ukrainarane for fridom og sjølvstende mot den russiske aggresjonen og okkupasjonen av landet og forsøket på å gjere landet til eit russisk lydrike.
- b) Kjempe mot USA sitt forsøk på økonomisk utpressing og utplyndring.
- c) Skjerpe internasjonale sanksjonar mot Russland, målretta mot den russiske staten, oligarkane og næringsaktørar i Noreg og andre land som samarbeider med dei. Sanksjonane må ikkje rettast mot den jamne innbyggjaren i Russland.
- d) Arbeide for ein rettferdig fred, bygd på prinsipp om statleg suverenitet og nasjonal sjølvråderett i folkeretten. Ved ei fredsslutning må Ukraina få kollektive tryggingsgarantiar. Støtte oppbygginga av landet etter krigen.
- e) Støtte fagforeiningane i Ukraina og kampen deira mot nyliberalisme og innskrenka faglege rettar, støtte det faglege solidaritetsarbeidet til norske fagforeiningar og fagleg solidaritet Noreg–Ukraina.
- f) Innføre oppfølgingsrutinar som sikrar at norsk hjelp støttar opp om faglege rettar og ikkje bidreg til korrupsjon.
- g) Vidareutvikle kontakten med progressive organisasjonar i Ukraina også etter at krigen er over.



# Flyktningar, asyl og innvandring

Rekordmange menneske har blitt drivne på flukt. Noreg har gjennom klimagassutslepp og krigsdeltaking eit medansvar for at så mange menneske flyktar. Det er berre ein liten del av flyktningane i verda som tek seg til Europa. Dei fleste som flyktar, er i heimlandet eller i eit naboland. Ofte er det fattige naboland som ber den største byrda ved krig og konflikt. Gjennom Schengen-avtalen, som Noreg er ein del av, er EU ei festning mot flyktningar og innvandrarar. Sjølv om det er fri rørsle for arbeidsinnvandrarar innanfor EU og EØS, er grensene rundt Europa i praksis stengde. På grunn av den geografiske plasseringa si sit Hellas og Italia med størstedelen av ansvaret for flyktningane som har reist over Middelhavet. Ofte dreg dei i overfylte og skrøpelege båtar med livet som innsats. Dessverre har Middelhavet blitt ein gravplass for flyktningar som drukna på flukta si. I Hellas og Italia samlast flyktningar i overfylte flyktningleirar, med mange sårbare grupper, barnefamiliar og einslege mindreårige, som skaper uverdige forhold for menneske på flukt. Kvinner på flukt er ekstra utsette for ulike former for vald og overgrep.

Massedøden i Middelhavet og aukande dødsfall på den austlege grensa til EU viser at dagens asylsystem er ueigna til å handtere store flyktningstraumar. Raudt vil forsvare retten til personleg asyl, men meiner samtidig det er eit mål å styrkje FNs kvoteflyktningsordning. I motsetnad til asylsystemet sikrar kvoteflyktningsordninga at dei som har størst behov og har venta lengst, også kjem først i køen. Ikkje minst sikrar ordninga at fleire kvinner får høve til å komme som flyktningar til Europa. Ein sentral del av norsk flyktningpolitikk må òg vere hjelp i nærområda, mellom anna gjennom auka overføringar til FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Denne hjelpa må ikkje komme i vegen for at Noreg tek imot flyktningar.

Storsamfunnet har ansvar for å sørje for at rettane til flyktningar, asylsøklarar og innvandrarar blir haldne, og at alle menneske blir behandla med verdigheit. I dag er asylpolitikken i Noreg blant dei strengaste i Europa. Tilrådingar frå FN blir sette til sides, menneske blir returnerte til krigs- og konfliktrammar land, papirlause går utan rettar i åreis, og barn blir sende ut av landet av såkalla innvandringspolitiske omsyn. Rettstryggleiken til asylsøklarar gjennom heile søknadsprosessen, frå registrering hos politiet, via saksbehandling i UDI til ein eventuell anke i UNE, er gjennomgåande for låg.

Noreg er eit av få land som praktiserer tilbakekalling av statsborgarskap utan foreldingsfrist. Det vil seie at familiar som har vore i landet i mange år, kanskje til og med generasjonar, og har bygd seg eit liv her, står i fare for å bli statslause eller for å bli sende tilbake til eit land der dei har minimalt med nettverk, og der det kan vere fare for livet deira. For flyktningar er det òg viktig å kompensere for at mange har vore tvinga til å bryte av utdanning og arbeid. Det trengst gode ordningar som gjer flyktningar og innvandrarar i stand til å kunne ta vare på rettane og pliktene sine og bli ein inkludert del av samfunnet, som rett til arbeid, norskopplæring og tolketenester.

Raudt vil heller føre ein politikk som fremjar inkludering og integrering enn assimilering. Menneske som kjem til Noreg av ulike grunnar, skal møte ein inkluderande bustad-, arbeids-, skule- og utdanningspolitikk som sikrar at det er plass til alle, og som hindrar segregering.

Dei fleste innvandrarar i Noreg kjem frå andre land i Europa, som regel som arbeidsinnvandrarar. Deretter følgjer dei som kjem frå land der det er krig og konflikt. Vi må snu den negative trenden med at stadig fleire menneske blir drivne på flukt. Det er òg viktig å arbeide mot krig, økonomisk ulikskap og andre forhold som driv menneske på flukt.

## Ein human flyktningpolitikk:

### RAUDT VIL:

- a) At Noreg må ta eit langt større ansvar for å bidra til at forholda i flyktningleirane og nære konfliktområde blir tryggare og betre.
- b) At retten menneske har til å søkje asyl i Noreg, ikkje skal hindrast. Noreg skal halde dei menneskerettslege forpliktingane sine, som slår fast retten til å søkje asyl, forsvare flyktningkonvensjonen og følgje tilrådingane frå FNs høgkommissær for flyktningar.
- c) Ikkje sende flyktningar til internflukt i land som blir prega av krig og konflikt, og det såkalla rimelegvilkåret bør dermed innførast igjen snarast.



- d) Sikre asylsøkjjarar fri rettshjelp, rettssikker asylsaksbehandling og ei reell klagemoglegheit. Asylsaker skal aldri hurtigbehandlast på norskegrensa.
- e) Erstatte Utlendingsnemnda (UNE) med ein fullverdig rettsinstans for å sikre rettstryggleik i klagebehandlinga. Som eit minimum blir det innført topartsprosess i behandlinga av klagesaker.
- f) Trekkje Noreg ut av Schengen-avtalen og Dublinkonvensjonen.
- g) Gi asylsøkjjarar med avslag moglegheit til å søkje om opphaldsløyve som arbeidssøklar på lik linje med arbeidssøklarar frå land utanfor EØS per i dag.
- h) Nytte unntaksklausulen i Dublinavtalen så lenge Noreg er tilslutta Dublinkonvensjonen.
- i) Stanse praksis for rutinemessig internering og bruk av tvangstiltak overfor utlendingar som skal sendast ut av landet, mellom dei avviste asylsøkjjarar, i tråd med kritikken frå FN's torturkomité. Som eit minimum må den totale tida ein utlending kan haldast internert, blir redusert vesentleg.
- j) Sørgje for at asylmottaka blir drivne av det offentlege eller av ideelle organisasjonar. Private velferdsprofitørar skal ikkje tene pengar på folk som har flykta.
- k) Avskaffe den privatiserte løysinga for helsehjelp på Trandum, også for å unngå ei uheldig dobbeltrolle der legen òg gir ei klar-til-fly-vurdering («fit-to-fly»). Vidare å sørgje for at det kjem på plass ei god løysing for helsehjelp, der både fysisk og psykisk helse blir teken på alvor. Personar som har behov utover ordinær helseoppfølging, skal ikkje plasserast på Trandum.
- l) Arbeide for reglar som seier at det i framtida skal vere mogleg å søkje opphald i Noreg for personar eller grupper som på grunn av miljøtruslar i nærområdet sitt må forlate det, såkalla miljøflyktningar. Arbeide for ein tilleggssprotokoll i flyktningkonvensjonen som seier at klimaflyktningar kan få opphald på humanitært grunnlag.
- m) At Noreg ikkje skal reservere seg mot å ta imot flyktningar med funksjonsnedsetjingar.
- n) Motarbeide alle forslag om asylmottak i tredje land.
- o) At omsorgsansvaret for einslege mindreårige asylsøkjjarar blir overført til barnevernet og blir regulert i barnevernlova.
- p) Reversere butidskravet for flyktningar og familien deira frå fem år til tre år.

## Inkludering og å sikre grunnleggjande rettar

### RAUDT VIL:

- a) At Noreg ikkje under nokon omstende skal tvangsreturnere menneske til land der vi ikkje kan garantere for tryggleiken deira. Norske styresmakter har ei eksplisitt plikt til å ikkje sende menneske tilbake til land der vi veit at dei risikerer å bli torturerte eller avretta.
- b) Gi papirlause rett til helsehjelp og reell tilgang til helsetenester, også utover det som er akutt, slik dagens regelverk fastset.
- c) Sikre asylsøkjjarar og flyktningar meir og betre norskopplæring enn i dag. Norskopplæringa bør starte så tidleg som mogleg, uavhengig av sjanse for opphald. Behov for opplæring utover dette bør òg vere offentleg finansiert for alle som treng det.
- d) At staten fordeler asylsøkjjarar som har fått opphaldsløyve, til kommunar på ein måte som sikrar god geografisk fordeling, og som gir full økonomisk kompensasjon til kommunane for busetjing og integrering, inkludert midlar for oppretting av tiltaksplassar for språkretta arbeidstrening.
- e) Avvikle praksisen med avgrensa opphaldsløyve og opphaldsløyve utan rett til busetjing i ein kommune fordi det verkar hemmande på integreringa og moglegheita den enkelte har for å etablere seg i Noreg.
- f) Gi arbeidsløyve for alle asylsøkjjarar frå første dag, også for papirlause og ureturnerbare.
- g) Styrkje kompetansen i alle ledd av utlendingsforvaltninga på spørsmål som er knytte til kjønn, seksuell legning og kjønnsuttrykk og sikre menneske som flyktar på bakgrunn av dette, høve til å søkje asyl i Noreg.
- h) Handheve utlendingslova slik at kjønnsbasert forfølgning gir rett til asyl.
- i) Gi økonomisk støtte til asylsøkjjarar i asylmottak som ikkje er i arbeid, på nivå med livsopphaldsytingane for andre innbyggjarar i Noreg.
- j) Sikre rett til kvalifisert tolk, i kontakten med det offentlege og med private aktørar som utfører oppgåver for det offentlege.
- k) Gi rett til norsk statsborgarskap etter fem års butid og utan krav om butid for alle som er fødd i Noreg.
- l) Fjerne vilkår for statsborgarskap i form av testing i norsk eller samfunnskunnskap eller krav om sjølvforsørging.
- m) At statsborgarlova blir endra slik at statsborgarskap ikkje kan kallast tilbake. Som eit første skritt blir det innført ein foreldingsfrist på 5 år for å kalle tilbake statsborgarskap etter at det er gitt.
- n) At introduksjonsprogrammet skal ha ei garantert lengd på minst 2 år for alle deltakarar, og at det blir forlenget etter behov fram til deltakaren har oppnådd målet sitt om arbeid eller utdanning.
- o) Innføre ei ordning med nasjonalt ID-kort for utlendingar med identitetstvil.



# Justispolitikk og førebygging

Justispolitikken til Raudt har som mål å hindre at folk blir offer for kriminalitet. Vidare skal han motarbeide klassejustis og arbeide for ein rettferdig og human justispolitikk som tek vare på menneske og natur. Det skal vere likskap for lova, og rettstryggleik, menneskerettar og demokratiske rettar må forsvare. Dagens rettsvesen straffar enkle og gjennomsiktlige lovbrøt, samtidig som kvitsnippforbrytarar som gjer profittmotivert kriminalitet, går fri. Dette er klassejustis.

Det er arbeidsfolk og fattige som i størst grad er offer for kriminalitet. Kamp mot kriminalitet er derfor ein viktig del av kampen mot Forskjells-Noreg. Både politi og førebygging må styrkjast for å sikre tryggleik for alle.

## RAUDT VIL:

- a) Fremje reell likskap for lova og rettstryggleik for alle.
- b) Styrkje grunnbemanninga i straffesaksjeda, Konfliktrådet, påtalemakta, domstolen og kriminalomsorga.
- c) At justissektoren skal vere offentleg driven.
- d) Auke inntektsgrensa for fri rettshjelp. Raudt ønskjer på lengre sikt at rettshjelp skal bli eit kollektivt velferdsgode, etter inspirasjon frå dissensen i rettshjelpsutvalet.
- e) Sikre retten til å drive politisk kamp mot undertrykking og utbyting.
- f) At bruk av narkotikahundar på skular ikkje skal gjeninnførast, og at lovstridig trening av narkotikahundar på offentlege stader, skular og arbeidsplassar skal stansast.
- g) Fjerne den moglegheita politiet har til å nytte doble bøtesatsar for brot på narkotikalova.
- h) Innføre ei kvitteringsordning i politiet, som eit tiltak mot etnisk profilering og for allmenn rettstryggleik.
- i) Innføre forpliktande tiltak mot ungdommar under 15 år som gjer seg skuldige i kriminelle handlingar, slik at dei får den nødvendige oppfølginga dei treng.
- j) At den norske og nordiske tradisjonen om låge fengselsratar skal haldast fast på
- k) At straffelova §265 òg skal gjelde for vektarar i teneste.
- l) At trafikkbøter skal vere baserte på inntekt og formue
- m) Sikre gode og effektive utanrettslege klagemoglegheiter for forbrukarane for å avlaste domstolen og at tilsyna kan påleggje selskap som bryt lova, å gi erstatning eller tilbakebetaling til forbrukaren.

## Offeromsorg og ansvar for kriminalitetsutsette

Systemet for straffegjennomføring tek lite omsyn til dei individuelle behova den utsette har for hjelp og oppfølging. Offeromsorg må opplevast som ei reell hjelp for den som har behov for det. Det offentlege skal ha ansvar for kriminalitetsutsette ved aktivt å tilby tilpassa hjelp og støtte, sørgje for kort ventetid hos aktuelle tilbod og sørgje for at tilboda er gratis utan eigendel, og at dei er tilgjengelege for alle.

## RAUDT VIL:

- a) Styrkje politidistrikta sine senter for kriminalitetsutsette som tek hand om det behovet offeret har for informasjon og støtte under etterforsking, før og under rettssaka og etter soning.
- b) Innføre rutinar for varsling og handtering av behova til kriminalitetsutsette når ein gjerningsmann blir prøvelauslaten og blir lauslaten ved ferdig sona straff.
- c) Sikre at konfliktråda har tilstrekkelege ressursar slik at opprettande prosessar i større grad kan tilbydast.
- d) Styrkje bistandsadvokatorordninga slik at rettane til offer for kriminalitet blir varetekne.
- e) Styrke arbeidet til politiet med førebyggjande risikovurderingar i partnarvaldssaker og æresrelatert vald (SARA og PATRIARK).
- f) Kjempe for ei valdserstatningslov som styrkjer rettane til valdsutsette. Valdsutøvarar skal ikkje ha partsrettar og skal ikkje kunne søkje innsyn i dokument ved ein søknad om erstatning.
- g) Fjerne foreldingsfristen for saker som omfattar æresvald, seksuelle overgrep også mot vaksne og andre grovt integritetskrenkjande saker.
- h) Innføre ei statleg ordning som sikrar at den som har krav på erstatning etter dom, får dette utbetalt tilnærma omgåande.



## Kriminalitetsforebygging og straff

Dei viktigaste verkemidla for forebygging ligg utanfor ansvarsområda til justissektoren – i årsaksforholda til kriminalitet. Samfunnsmessige, klassemessige, sosiale og sosioøkonomiske forhold produserer kriminalitet. Kriminalitet må motarbeidast ved eit solidarisk fellessamfunn basert på gode livsvilkår, sosial likskap og fellesansvar. Også når det gjeld straff, er dei sosiale ulikskapane enorme. Fengsla er stort sett fylte opp med folk med små ressursar, stor sosial tapsliste og helseproblem og folk som har eit vanskeleg liv.

Det som er ulovleg i den verkelege verda, er òg ulovleg i den digitale verda. Dei siste åra har vi sett at store, multinasjonale techplattformer som Snapchat, Telegram og liknande spelar ei stadig større rolle i ulovleg omsetning av narkotika og planlegging av kriminalitet. Desse selskapa må ansvarleggjerast når dei tillèt og profitterer på ulovleg innhald over tid.

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje det kriminalitetsforebyggjande arbeidet i kommunane, mellom anna innanfor SLT/SALTO, barnevern og skule.
- b) Utvide dei kommunale politiråda til også å gjelde økonomisk kriminalitet, miljø-, kultur- og arbeidslivskriminalitet, med mål om å forebygge slik kriminalitet.
- c) Støtte forebyggjande tiltak mot gjengkriminalitet og annan organisert kriminalitet.
- d) Ha skjerpa straff for vaksne som rekrutterer, utnyttar eller på andre måtar involverer barn i kriminelle handlingar.
- e) Utvikle og forsterke alternativ til fengsel som sanksjons- og straffformer og reetablere opne fengsel.
- f) At fengsel som straff bør gjelde for menneske som er til skade for andre eller ved betydeleg kriminalitet som rammar fellesskapet.
- g) At all soning i fengsel skal gå føre seg i Noreg.
- h) Sikre at strafferammene for seksuelt misbruk av barn, valdtekt, partnervald og vald i nære relasjonar blir skjerpa.
- i) Ansvarleggjere og straffe plattformer som Snapchat og Telegram når dei blir brukte til å planleggje kriminalitet. Aktørar som bryt norsk lov eller ikkje svarer på førespurnader frå politiet, skal aktivt stengjast ute frå Noreg.

## Krimmigrasjon

Kriminaliseringa av lovbrøt som er knytte til immigrasjon, blir omtalt som krimmigrasjon. Det har oppstått ein uformell mellomstatleg konkurranse om å ha den strengaste innvandringspolitikken. Gjennomføringa av måltal for utvisingar har medført hyppige kontrollar av folk på grunn av hudfarge, og små feil i forklaringar blir brukte til tvangsretur.

### RAUDT VIL:

- a) Legge ned særorganet Politiets utlendingseining og overføre oppgåvene og ressursane til politidistrikta, som må prioritere ressursane sine basert på heile straffelova og samfunnsoppdraget til politiet.
- b) Revidere utlendingslova, bruken av tvangsmiddel og auke rettstryggleiken til dei som blir omfatta av lova.
- c) La ureturnerbare asylsøkjjarar få rettar som lovleg arbeid, utdanning og helsehjelp og vidare jobbe for ein amnestiregel for ureturnerbare som har vore i Noreg over ein viss periode.
- d) Vurdere andre sanksjonsformer enn utvising for utlendingar med barn som er norske statsborgarar, og som har fått kalla tilbake statsborgarskapet sitt.
- e) Sikre barnets beste i saker om utvising av ein forelder.

## Økonomisk kriminalitet, arbeidslivskriminalitet og miljøkriminalitet skal prioriterast

Økonomisk kriminalitet blir sjeldan avdekt og meldt, og det kostar samfunnet mange milliardar kroner kvart einaste år. Det omfattar velferdskriminalitet, kulturminnekriminalitet, arbeidslivskriminalitet, miljøkriminalitet, aukande korrupsjon, fiskerikriminalitet, forureiningskriminalitet, konkurskriminalitet, kvitvasking, konkurransekriminalitet og skattekriminalitet. Dette svekkjer tilliten til rettssystemet. Ressursane som blir brukte til å kjempe mot denne typen kriminalitet, står ikkje i samsvar med skaden han påfører samfunnet.

Dette er eit strukturelt problem i justissektoren og bryt etisk og juridisk sett mot rettstryggleik og likskapen for lova. Raudt vil endre merksemda til justissektoren slik at ein går over frå å konsentrere seg om enkle lovbrøt til å gå etter dei ressurssterke og bedrifter som gjer seg skuldige i kriminalitet.

### RAUDT VIL:

- a) Ruste Økokrim til å prioritere kampen mot økonomisk kriminalitet og arbeidslivs- og miljøkriminalitet og skjerpe strafferamma for slik kriminalitet.
- b) Opprette egne grupper i alle politidistrikt for økonomisk kriminalitet og miljø- og arbeidslivskriminalitet.
- c) Auke straffutmålinga for økonomisk kriminalitet og arbeidslivs- og miljøkriminalitet.
- d) Etablere eit a-krimssenter for tverrfagleg kamp mot arbeidslivskriminalitet som kan dekkje alle kommunar, og å utvide tilbodet med miljø og økonomisk kriminalitet.



- e) Arbeide for ei lovendring som vernar menneske mot menneskehandel og tvang i arbeidslivet.
- f) Gi tillitsvalde og fagforeining innsyn i saker innanfor arbeidslivskriminalitet og arbeidsmiljøkriminalitet.

## Eit politi som er til stades der folk bur

Raudt vil ha eit desentralisert politi med sivil preg og går imot generell væpning og militarisering av politiet. Raudt ønskjer eit politi som ingen skal vere redde for å kontakte, og som er til stades der folk bur over heile Noreg. Den såkalla nærpolitireforma har medført ei sentralisering som både gir dårlegare polititenester i distrikta og svekkjer viktig lokalkunnskap i politiet. Politiet må utgjere ein naturleg del av lokalsamfunnet og koplast til tryggleiks- og hjelpebehovet til innbyggjarane.

### RAUDT VIL:

- a) Avskaffe målstyring i politiet. New Public Management som strategi og metode må ta slutt, og dei tilsette må bli sikra medråderett.
- b) Styrkje nærværet til politiet i lokalsamfunna. Politifolk med god lokalkunnskap er ein sentral del av kriminalitetsførebygginga.
- c) At justissektoren ikkje blir privatisert.
- d) Innføre eit varslingsombod for å melde frå om arbeidsforhold, justismord og andre uregelmessige forhold.
- e) Sikre ei brei rekruttering til Politihøgskolen, slik at politietaten speglar befolkninga.
- f) Kutte konsulentbruken i politiet.

## Kriminalomsorg

Ny kriminalitet må førebyggjast under og etter straffegjennomføring. Det må gjennomførast ei human oppfølging slik at rettane til kvar enkelt fengsla blir sikra og internasjonale minstepandardar for fangebehandling følgde. Budsjettkutt og nyliberalistiske bedriftsøkonomiske ideal har ført til vanskelegare og meir belastande fengslingsvilkår for fangane og dårlegare arbeidsforhold for dei tilsette. Soningsforholda for kvinner er på fleire område dårlegare enn for menn. Dette må sjåast på i eit likestillingsperspektiv. Vi treng betre former for oppfølging av barn og ungdom som gjer seg skuldige i kriminelle handlingar innanfor og utanfor rettssystemet. Barnekonvensjonen og rettstryggleiken til barn og unge skal vere styrande.

### RAUDT VIL:

- a) Sikre eit fengselssystem som ikkje er ein trussel mot helsa, den sosiale situasjonen og den personlege integriteten til den fengsla.
- b) Sikre den retten dei fengsla har til helse, arbeid, utdanning, kultur og fritid.
- c) Alvorleg psykisk sjuke skal få tilbod om behandling og ikkje berre oppbevaring i fengsel.
- d) Dagens kriminelle lågaldar skal først vidare. Barn og ungdommar må sikrast andre og betre tilpassa institusjons- og fengslingsformer.
- e) At det blir arbeidd førebyggjande i kriminalomsorga mot terror og ekstremistisk radikaliserings.
- f) Styrkje ressursane i friomsorga for oppfølgjande tiltak for tilbakeføring etter enda soning.
- g) Redusere bruken av isolasjon i fengsla.
- h) Få på plass ei løysing for fri rettshjelp til innsette. Løysinga bør særleg ta sikte på dei mest alvorlege inngrepa som dei innsette blir utsette for, som isolasjon, men også sikre advokathjelp der det er nødvendig for å ta vare på rettar til helsehjelp, utdanning og arbeid.
- i) At alle politiarrestar skal vere bygde og utstyrte slik at rettane til den pågripne blir haldne. Dei skal òg vere tilstrekkeleg bemanna til å ta vare på rettane til den pågripne. Barn skal ikkje plasserast i politiarrest ved arrestasjon.



# Kultur

Alle bør få høve til å oppleve og utøve kultur uavhengig av økonomi og sosial bakgrunn, alder eller geografi. Raudt ønskjer å styrkje kultursatsinga i kommunane og fylkeskommunane og forhindre at kultur blir ein salderingspost. Raudt anerkjenner at kunst og kultur har ein eigenverdi, og ønskjer å styrkje prinsippet om armlengds avstand. Kunstlivet må få utvikle seg på eigne premissar utan politisk overstyring, slik at ytringsfridom og kunstnarleg fridom kan utøvast kompromisslaust.

Samtidig har det offentlege eit særleg ansvar overfor befolkninga for å bidra til eit rikt og variert kulturliv, der ulike kunstarter, stilretningar og kulturar med både profesjonelle utøvarar og eit breitt folkeleg kulturliv blir stimulert.

Raudt ønskjer å prioritere det frie feltet og skape tryggare og meir føreseielege rammer for frilansarar. Bruken av faste tilsetjingar i kulturlivet skal aukast der det er mogleg.

## Styrke kulturen

### RAUDT VIL:

- a) Fjerne krav til lønnsemd og forretningsdrift av kulturinstitusjonar.
- b) Sikre kulturinstitusjonane lønns- og priskompensasjon.
- c) Styrkje den offentlege finansieringa av det frie feltet på ein måte som førebyggjer institusjonalisering, og som sikrar mangfald utanfor institusjonane.
- d) Auke satsinga på nye og uavhengige kulturuttrykk og til produksjonar som speglar mangfaldet i det norske samfunnet, inkludert minoritetskultur, samisk kultur og norsk tradisjonskultur.

## Kunst og kultur skal vere for alle

### RAUDT VIL:

- a) Bygge ut kulturskulane med fleire fag og setje dei i stand til å tilby offentleg finansiert undervisning for alle aldersgrupper. Alle barn som ønskjer det, må få gå på kulturskule.
- b) Arbeide for å få ei eiga forskrift til opplæringslova som mellom anna regulerer krav til fagleg breidd og nivå, kapasitet, og nivået for eigenbetalinga i kulturskulane.
- c) Auke tilgangen til gratis utlån av utstyr og instrument som kan gjere det mogleg for barn og ungdommar å tilnærme seg kunst i ulike greiner.
- d) Stille krav om gratis følgjepersonsordning ved alle kulturarrangement som får offentleg støtte.
- e) Jobbe for at heile befolkninga får tilgang til kulturtilbodet gjennom sterke rabattordningar.
- f) Stille krav om ulike former for tolking på kulturarrangement, inkludert skrive-, syns- og teiknspråktolking.
- g) Stille krav om tilgjenge for alle når Kulturdepartementet gir støtte til kulturarrangørar.
- h) At kommunal kinodrift og norsk filmproduksjon må styrkjast. Eit kinotilbod for folk flest, der også dei filmane som ikkje har eit kommersielt potensial, blir viste, er ein viktig kulturberar.
- i) Slå ring om den kunstnarlege ytringsfridommen.

## Gi kunstnarane ei lønn å leve av

### RAUDT VIL:

- a) Forbetre sosiale ordningar for sjølvstendig næringsdrivande, frilansarar og dei med kombinasjonsinntekter.
- b) Etablere minstefrådrag på næringsinntekt for kunstnarar.
- c) At kunstnarar skal få betaling og rettar som arbeidstakarar når situasjonen tilseier det.
- d) Auke talet på fleirårige arbeidsstipend for kunstnarar og sikre at kunstnarstipend følgjer normal lønnsutvikling.
- e) Stille krav om ein auka prosentdel musikk av norske opphavarar og produsentar i radio, strøymetenester og statsstøtta institusjonar.
- f) Bidra til breitt, norsk innhald i film, litteratur, scenekunst og musikk, mellom anna ved avgift på strøymeselskap som er øyremerkte norsk film, serie og musikk.
- g) Stille krav til at selskap som nyttar opphavsrettsleg verna verk i trening av KI-modellane sine, må dokumentere kva verk som blir brukte i opptrening av KI, og dessutan kva kjelder verka er henta frå.
- h) Sikre at opphavsretten til kunstnarane blir respektert og anerkjend, og at det blir ytt rimeleg vederlag når verket deira blir nytta.



## Det frivillige kulturlivet

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje frivillig sektor gjennom gode tilskotsordningar og forenkle registreringsordningar, søknadsprosessar, rapportering og krav til frivillige organisasjonar og lag.
- b) Gi betre rammevilkår for frivillige organisasjonar og lag og sikre lokale som kan lånast ut til frivillige arrangement.
- c) At offentleg støtte til ikkje-profesjonelle må styrkjast og allmenngjerast.

## Kulturvern og kulturformidling

### RAUDT VIL:

- a) Fjerne kravet om auka eigeninntening for musea.
- b) Styrkje arkiv og museum som vernar lokalhistorie, kvinne- og arbeidarkultur og industri- og urfolkshistorie, så vel som historia til nasjonale og nye minoritetar.
- c) Sikre løyvingar til utvikling av digitale tenester og midlar til digitalisering av arkiv, katalogar og materiale i heile biblioteksektoren.
- d) Auke den statlege delen av arkeologiske utgravingar for grunneigarar og tiltakshavarar.
- e) Styrkje, støtte og vidareutvikle arbeidarkulturen i ulike former for kunstnarlege uttrykk.
- f) Ta vare på og utvikle tradisjonelle handverksfag, til dømes smedfaget.
- g) At bygnings- og fartøyvern og anna tradisjonshandverk skal inngå som ein del av handverksfaga i vidaregåande skule.
- h) Arbeide for at folkemusikk og folkedans blir teke vare på og styrkt.

## Styrkje litteraturen og biblioteka

### RAUDT VIL:

- a) Styrkje dei kommunale folkebiblioteka og sikre heiltidsstillingar for biblioteksjefar, og dessutan rekruttering av fagutdanna bibliotekarar.
- b) Sørje for meiroopne bibliotek i alle kommunar.
- c) Auke bemanninga og utvide opningstider til lokalbiblioteka slik at dei kan brukast som sosial møtestad og debattarena også på kveld og helg.
- d) Jobbe for å få ei statleg tilskotsordning for kveldsopne bibliotek med ungdommar som kulturformidlarar.
- e) Forsvare bokavtalen som sikrar lik pris for bøker over heile landet.
- f) Verne om bokbåttilboda og andre ordningar for mobile bibliotek som finst.
- g) Styrkje innkjøpsordningane for litteratur, medrekna sakprosa og teikneseriar.

## Sikre mangfald i mediebiletet

### RAUDT VIL:

- a) At NRK skal vere ei riksdekkjande kultur- og mediebedrift som ikkje er marknadsstyrt.
- b) Ha ei strengare avgrensing av eigarkonsentrasjon i mediebransjen for å sikre mangfaldige massemedium og ytringsfridom.
- c) At pressestøtta skal aukast for å sikre mangfald.
- d) Sikre fungerande distribusjon av papiraviser over heile landet, seks dagar i veka.
- e) Auke støtte til NRK Nynorsk mediesenter, NTB Nynorsk pressekontor og Nynorsk avissenter.

## Nynorsk i kultur, media og samfunnet

### RAUDT VIL:

- a) At nynorsk og bokmål skal vere likestilte språk på alle samfunnsområde i Noreg. Ei reell likestilling mellom skriftspråka skal grunnlovsfestast.
- b) At alle statlege verksemdar skal vere omfatta av språkløva, og at ho blir handheva strengare.
- c) At NRK skal halde på kravet om minst 25 prosent nynorsk på alle plattformer.
- d) Auke bruken av nynorsk i statsforvaltninga.
- e) Ha eit mål om at alle riksdekkjande medium skal opne for og nytte seg av nynorsk journalistikk.
- f) Auke støtta til samiske nyheitsformidlarar, kulturformidlarar og språkformidlarar, og utvide sendetida til samiske nyheitssendingar på NRK
- g) Jobbe for meir samisk teksting på NRK og samisk omsetjing av fleire nyheiter på nrk.no.



## Verdsarv i Noreg

Unesco-konvensjonen for vern av kultur- og naturarven i verda blei vedteken i 1972. I dag har Noreg åtte stader som er skrivne inn på verdsarvlista. Dei norske verdsarvstadene viser ein stor variasjon, frå område med storslått naturarv, til kulturlandskap, historiske bysenter og industri.

Noreg har høge ambisjonar for verdsarvstadene. Dei skal stå fram som fyrtårn for beste praksis innanfor forvaltning.

Likevel slår dei norske verdsarvstadene alarm om manglande vedlikehald, verdiskaping, overvaking og forskning. Verdsarven i Noreg blir no utfordra på fleire måtar.

### **RAUDT VIL:**

- a) Få sett i gang eit vedlikehaldsløft for verdsarven. Lage ein tiårig plan for å løyse det store vedlikehaldsetterslepet på verdsarvstadene.
- b) Få sett i gang eit verdiskapingsprogram for verdsarv.
- c) Ha meir forskning på verdsarv.
- d) Det trengst ny og meir kunnskap om verdsarven vår, medrekna truslar, moglegheiter, klimapåverknad, forvaltning og forankring med meir.



# Idrett

Raudt ønskjer eit rikt og variert tilbod av idrett, mosjon, og friluftsliv som kan styrkje nære og lokale fellesskap mellom folk på tvers av politiske, sosiale og økonomiske skiljelinjer og dessutan førebyggje einsemd og utanforskap. Barn og unge må få delta i idrett uavhengig av kvar dei bur. Det er viktig at vi har gode anlegg over heile landet for eit mangfald av idrettar, og særleg støttar område med utfordrande økonomi.

Store delar av idretten skjer på gutar sine premisser, og fleire idrettslag manglar likeverdige tilbod for gutar og jenter. Sjølv lag med tilbod for begge kjønn diskriminerer ofte jenter med tanke på treningstider og ressursar. Raudt vil derfor arbeide for å styrkje posisjonen til kvinneidretten. Berre ein promille av alle barn endar som toppidrettsutøvarar. Vi må behalde og forsterke ein idrettsstruktur som er bygd på breiddeidretten for majoriteten av barn og ungdom, og unngå at idretten primært blir organisert for å dyrke fram framtidige toppidrettsutøvarar. For tidleg selektering bryt dessutan opp viktige fellesskap og verkar ekskluderande.

Idretten blir stadig dyrare, og det blir stilt fleire materielle krav til ungane for å kunne delta. Det at kommersielle aktørar har gjort inntog i idretten, har forsterka forskjellane, gjort han meir klassesdelt, og ført til at han blir tidlegare profesjonalisert. For at alle skal kunne delta på lik linje, må vi etablere gode ordningar som sikrar alle tilgang til nødvendig utstyr og fasilitetar.

## **RAUDT VIL:**

- a) At idretten først og fremst skal styrast av idrettsrørsla sjølv. Investeringsar og drift må derfor finansierast ut frå dei behova idretten har, og prioriterast i samarbeid med idrettsråda.
- b) Halde oppe og utvide dei økonomiske støtteordningane til breiddeidretten. For at han ikkje berre skal vere avhengig av inntektskjelder som grasrotandelen frå Norsk Tipping, må det løyvast midlar over statsbudsjettet til breiddeidretten slik at laga kan bruke kreftene på å skape god aktivitet framfor å finansiere aktiviteten.
- c) Auke midlane til offentleg bygging, drift og vedlikehald av idrettsanlegg, særleg i område med levekårsutfordringar, og sikre statleg mellomfinansiering for idrettslag som ønskjer å byggje eigne anlegg.
- d) Sikre gode og tilgjengelege areal til nærmiljøanlegg, som aktivitetspark, isbane, eller skateanlegg, for å sikre eigenorganisert aktivitet og idrett.
- e) Bidra til ei idrettsrørsla fri for rasisme, diskriminering og trakassering.
- f) Jobbe for like vilkår og rettar for kvinner og menn, som at kvinner òg mellom anna skal få lov til å takle i ishockey og hoppe i skiflygingsbakkar i skihoppkonkurransar. Setje krav til at idrettslaga har likeverdige tilbod for jenter og gutar, kvinner og menn som føresetnad for bruk av offentlege anlegg og tilskotsmidlar.
- g) Styrkje og utvide ordningar som gjer at barn og unge kan delta i organisert idrett uavhengig av økonomisk bakgrunn.
- h) Sikre lokale utlansordningar av tur- og sportsutstyr.
- i) Sikre statleg støtte til å byggje ut LIM-modellen (lekser, idrett og mat) i alle kommunar og bydelar.
- j) Opprette ein regelstyrt og føreseieleg momskompensasjon for idrettslag og andre frivillige organisasjonar.
- k) Skape større føreseielegheit for frivillige organisasjonar gjennom i større grad å nytte fleirårige avtalar.
- l) Opprette ordningar der tomme, statlege og kommunale bygg kan lånast ut til frivillige organisasjonar.
- m) Sikre tilstrekkeleg med aktivitetshjelpemiddel slik at folk med funksjonsnedsetjingar i større grad kan delta i idretten.
- n) Opprette stipend over statsbudsjettet for å gi høve til å drive med idrett også i mindre idrettsgreiner.
- o) Sikre at eigarskapet til norske fotballklubbar ligg på medlemmene sine hender.
- p) Tillate proff MMA, thaiboksing og liknande.



# Spelpolitikk

Det er viktig at også barn og unge med interesser som dataspel, rollespel, cosplay, e-sport og liknande òg har gode arenaer å drive hobby og idrett på. Utstyr til slik idrett og slike kulturuttrykk bør gjerast tilgjengeleg for alle for å jamne ut sosiale og økonomiske forskjellar.

Å jobbe aktivt for ein inkluderande og open spelpolitikk er førebyggjande for psykisk helse og kan vere med på å jamne ut sosiale forskjellar. Raudt ønskjer å sidestille e-sport og sosial speling med idrett.

## **RAUDT VIL:**

- a) Sidestille spelrelaterte aktivitetar med idretten på statleg og kommunalt nivå.
- b) Gi statleg støtte til å etablere regionale gaming- og e-sportsenter.
- c) Styrkje støtteordningane for produksjon og formidling av dataspel.
- d) Stille krav til universell utforming til dei aktørane som får statleg støtte til å tilby spelrelaterte aktivitetar og aktivitetshus og utvide tilskota tilsvarende, slik at dette blir prioritert.
- e) Jobbe aktive mot mobbing i spel og på nettet.
- f) Jobbe for å inkludere kvinner og kjønnsminoritetar i spelaktivitetar.
- g) Jobbe for at e-sport blir organisert etter modell frå breiddeidretten
- h) Forby kjøp og sal av virtuell valuta i spel og merkje mikrotransaksjonar som reklamar.
- i) Stanse pengespel inne i dataspel, mellom anna gjennom såkalla lootboxar (forundringspakkar).
- j) Blokkere utanlandske pengespelselskap på internett.
- k) Bevare og styrkje einerettsmodellen for pengespel.



